



**Verneområdestyret
Setesdal Vesthei,
Ryfylkeheiane og
Frafjordheiane**

Besøksstrategi for SVR 2019-2025



Besøksstrategi for SVR 2019 - 2025

Ansvarleg utgjevar:

Verneområdestyret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Fråfjordheiane (SVR)

Prosjektleiing:

Forvaltningssekretariatet for verneområdestyret for SVR

Utarbeiding:

Tekst: Jorunn Haugen / Alf Odden / Kart og Layout: Jorunn Haugen / Rune Roalkvam

Oppdragsgjevar:

Miljødirektoratet

Tilgjengeleg:

www.svr.no / post@svr.no

Grafisk design:

Naturinform SA, 4230 Sand

Trykk:

Lasertrykk as

Trykt 2019

Foto framside: SVR-ungdomstur til Urdalsknuten. Foto: Guro Sødergren

Foto bakside: Fjellvåk. Foto: Rune Roalkvam

Innhald

1. Innleiing	3
1.1. Føremål	4
1.2. Rammeverk	4
1.3. Prosess og medverknad	7
2. Kunnskapsgrunnlaget	8
2.1. Innleiing	8
2.2. Samanstilling og situasjonsanalyse av kunnskap	8
2.2.1. Utfordringar knytt til ferdsel og turisme	10
2.2.2. Kva løyser ein med besøksforvaltning	12
3. Mål, strategiske grep og vegval	14
3.1. Mål	14
3.2 Strategiske grep	15
4. Tiltak	18
4.1 Tiltak på innfallsportane	18
4.1.1 Innleiing	18
4.1.2 Innfallsportar med behov for mindre tiltak	21
4.1.3 Innfallsportar med behov for større tiltak	26
4.1.4 Frittstående startpunkt	33
4.2 Andre informasjonstiltak	36
4.3 Tiltaksplan	37
4.4 Føringar for styring og kanalisering av ferdsel i verneområda i SVR	39
4.4.1 Bakgrunn	39
4.4.2 Konkrete føringar for nye stiar og løyper	41
4.4.3 Tiltak for og dempe konflikthar ved eksisterande turiststiar og løyper, anleggsveggar og fylkesveggar	45
5. Vedlegg: Kunnskapsgrunnlaget	50
5.1 Naturverdiar, opplevingsverdiar og bruk av dei ulike verneområda	50
5.2 Kulturminne i verneområda	72
5.3 Reiselivet kring verneområda	73
5.3.1 Innleiing	73
5.3.2 Reiselivsverksemder	73
5.3.3 Fritidshytter	74
5.3.4 Dei besøkande	75
5.4 Nærare omtale av innfallsportane	79

1 Innleiing

Verneområdestyret for SVR vedtok prosjektplanen for arbeidet med besøksstrategi i møtet 16.6.2017. Gjennom hausten 2017 har forvaltningssekretariatet gjennomført synfaringar, møte og henta inn relevant kunnskap i tråd med prosjektplanen. Dokumentet som nå ligg føre er 1. generasjons besøksstrategi for SVR. Det er lagt vekt på at det skal vera eit konkret og målretta forvaltningsverktøy som aktivt kan nyttast i årleg prioritering av tiltak og annan innsats.

Verneområda i Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane (SVR) består av 17 verneområde med til dels stor ulikskap i verneform, storleik, eigedomsstruktur, flora og fauna mv. Det har vore ei utfordring å famne dette i ein besøksstrategi som tar omsyn til denne ulikskapen. I besøksstrategien er det lagt særleg vekt på å vidareutvikle dei etablerte innfallsportane til verneområde gjennom konkrete informasjons- og tilretteleggingstiltak. Verneområdestyret ønskjer å skape attraktive innfallsportar til verneområda som kan bidra til gode opplevingar for dei besøkande og skape eit grunnlag for lokal verdiskaping. Besøksstrategien har og eit sterkt fokus på å ta vare på villreinstamma og andre sårbare naturverdiar i området. Dette vil skje gjennom klare føringar for styring og kanalisering av ferdsel i særleg sårbare områder. Verneområdestyret ønskjer såleis å bruke besøksstrategien som eit verkemiddel for å løyse både eksisterande og forventa konflikhtar knytt til bruken av verneområda. Mange av tiltaka i besøksstrategien vil bli sett i verk gjennom verdiskapingsprosjektet «Kunnskapsformidling om villrein og villrein fjell» der SVR er prosjekteigar.

1.1 Føremål

Besøksstrategien skal syne kva tiltak som er naudsynt for å ta omsyn til både verneverdiar, dei besøkande og lokal verdiskaping

I den vedtekne prosjektplan har verneområdestyret meisla ut desse målsettingane med besøksstrategien:

- Legge til rette for å gje dei besøkande ei betre oppleving
- Bidra til å ta vare på naturverdiane
- Gi barn og unge gode opplevingar i heiområda og auka forståing for vernet
- Bidra til auka verdiskaping i lokalsamfunna kring verneområda

Målsettingane tek utgangspunkt i relevante forvaltningsmål frå Forvaltningsplan for SVR, Forvaltningsplan for verneområda ved Hovden, Miljødirektoratet sine rettleiarar om temaet, samt allereie godkjente besøksstrategiar frå fire nasjonalparkar. Ein har og tatt utgangspunkt i erfaringane frå prosjektet «Ungdom og lokal heiekultur» som er eit samarbeid mellom SVR, SNO, Statskog og fjellstyra i området.

1.2 Rammeverk


Kongeleg resolusjon (vernevedtaket)

Her finn ein rammer for aktivitetar og tiltak som er tillat innanfor verneområdet. Gjennom vernevedtaket er det gjort ei avveging mellom verneinteresser og andre interesser. Ved trong for utdjujing av verneforskrifta og tolking av denne er vernevedtaket ei sentral kjelde.

Verneforskriftene

Det er egne verneforskrifter for alle verneområda i SVR. Ein finn desse i sin heilskap på www.lovdato.no. Det er og lenka til desse på SVR si heimeside (www.svr.no).

Verneføremålet legg føringar for handhevinga av dei einssilde paragrafane i verneføreskriftene. Tabell 1 viser verneføremålet for dei ulike verneområda. I tillegg er verneføremålet referert i gjennomgangen av kunnskapsgrunnlaget for verneområda i kapittel 2. Som det går fram av tabellen er villrein, landskap og botanikk eit felles verneføremål for mange av verneområda. Dette er såleis dei tre verneverdiane ein må være særleg merksam på ved planlegging og gjennomføring av tiltak gjennom besøksstrategien. Frafjordheiane landskapsvernområde er det einaste verneområdet som har friluftsliv som ein del av verneføremålet.



Figur 1. Kart over verneområda.

Grøn skravering: landskapsvernområde, Gul skravering: biotopvernområde, Raud skravering: naturreservat.

Tabell 1. Verneføremål i dei ulike verneområda i SVR.

Verneområde	Vernet	Landskap	Villrein	Botanikk	Friluftsliv	Kulturminne
Hovden landskapsvernområde	1986	X				
Lusaheia landskapsvernområde	1991	X				
Vormedalsheia landskapsvernområde	1991	X		X		
Dyraheio landskapsvernområde	1997	X	X	X		X
Kvanndalen landskapsvernområde	1997	X	X	X		X
Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde	2000	X	X	X		
Frafjordheiane landskapsvernområde	2003	X		X	X	X
Holmavassåno biotopvernområde	1997		X			
Steinsbuskardet-Hisdal biotopvernområde	2000		X			
Lislevatn naturreservat	1982			X		
Vidmyr naturreservat	1986			X		
Øyastøl naturreservat	1986			X		
Ørestø naturreservat	2004			X		
Migaren naturreservat	2004			X		
Hisdal naturreservat	2008		X	X		
Ljosådalen naturreservat	2015		X	X		

Naturmangfoldlova (NML)

NML §§ 8 – 12 skal leggjast til grunn ved handsaming av saker etter dei spesifiserte dispensasjonsbestemmingane i verneforskrifta, og etter den generelle dispensasjonsbestemminga i Naturmangfoldlova § 48.

Kunnskapsgrunnlag, føre-var-prinsippet, økosystemtilnærming og samla belastning (ref. NML §§ 8 – 10), er viktige rettesnorar for vurdering av aktuelle tiltak og aktivitet i verneområda. I besøksstrategien er slike vurderingar og knytt opp til konkrete sårbarheitsvurderingar ved dei innfallsportane der det er vurdert som relevant.

Forvaltningsplanar

Forvaltningsplanen for SVR vart vedteken i 2015. Denne har følgjande målsettingar:

- Ta vare på verneverdiane gjennom å verne dei mot uønskte inngrep, og legge til rette for aktivitetar som fremmer verneverdiane.
- Gi rammer for ein heilskapleg forvaltning
- Praktisk hjelpemiddel i den daglege forvaltninga

Forvaltningsplanen gir føringar for besøksstrategien slik det er summert opp nedanfor (sjå forvaltningsplanen kap. 2.5.2 m.v.):

- Det kan leggjast til rette for meir bruk og verksemd knytt til naturbasert reiseliv ved sentrale innfallsportar og mindre sårbare delar av verneområda.
- Verneområda skal kunne brukast som ei kjelde til rekreasjon, naturoppleving, identitetskaping og kontakt med forhistoria.
- Dersom det er motstrid mellom å ta vare på verneverdiane på den eine sida og tilrettelegging for dei besøkande og lokal verdiskaping på den andre sida, skal det å ta vare på verneverdiane vege tyngst.

Dette er og prinsipp som gjeld for dei andre forvaltningsplanane i SVR området.

Verdiskapingsprosjektet «Villrein fjellet som verdiskapar»

Verneområdestyret vil i tidsrommet 2017-2020 ha ansvaret for verdiskapingsprosjektet «Kunnskapsformidling om villrein og villrein fjell». Prosjektet er ein del av Miljødirektoratet sitt verdiskapingsprogram «Villrein fjellet som verdiskapar», og har eit åreleg budsjett på om lag 2 millionar kroner. Verdiskapingsprosjektet er sentralt for gjennomføringa av ei rekke tiltak i besøksstrategien og nå målsettingar i denne. Dette gjeld særleg tiltak retta mot barn og unge, informasjon om villrein og villreinrelaterte kulturminne, samt styring og kanalisering av ferdsel gjennom kommunale sti- og løypeplanar.

Fleire av dei konkrete tiltaka som skal gjennomførast i regi av verdiskapingsprosjektet er viktige for å oppfylle målsettingane i besøksstrategien, og verneområdestyret ser på verdiskapingsprosjektet som eit viktig verkemiddel for gjennomføringa av besøksstrategien. SVR vil prioritere arbeidet mot barn og unge også etter at verdiskapingsprosjektet er avslutta.

Veileder for besøksforvaltning og merkevaren «Norges nasjonalparker»

Verneområdestyret har i tillegg lagt Miljødirektoratet sin veileder for besøksforvaltning og merkevaren Norges nasjonalparker til grunn i arbeidet med besøksstrategi.

1.3 Prosess og medverknad

Det ligg ein omfattande prosess til grunn for denne besøksstrategien og hovudpunkta blir presentert i det følgjande.

Synfaring på utvalde punkt

Gjennom hausten har forvaltningssekretariatet gjennomført synfaring på sju sentrale innfallsportar. Føremålet var å få betre lokalkunnskap, opne dialog med lokale aktørar og få innspel til aktuelle tiltak.

Regionale møte

Det er halde to regionale møte om besøksstrategien, eit i Forsand og eit i Valle. Til dei regionale møta vart friviljuge organisasjonar, reiselivsorganisasjonar, private verksemder, grunneigarlag/grunneigarsamanslutningar, friluftsråd, rådgjevande utval for SVR, kontaktutvalet for Dyraheio mv, tilsynsutvalet for Lusaheia invitert. Føremålet med møta var å få konkrete innspel til informasjons- og tilretteleggingstiltak. I tillegg har det vore fleire lokale møter.

Administrativt kontaktutval (AK)

I AK sit representantar frå administrasjonane i kommunane. Desse er sentrale med tanke på lokale innspel. Besøksstrategi har difor vore tema på møta i AK 1.6.2017 og 10.1.2018.

Høyring

Hausen 2018 vart det gjennomført ei open høyring kor det kom inn 34 høyringsuttaler. Både sjøve høyringsuttalene og eit samandrag av desse kan lesast på

<http://www.nasjonalparkstyre.no/svr/Nytt/Besoksstrategi-for-SVR/>

2 Kunnskapsgrunnlaget

2.1 Innleiing

Besøksstrategien for SVR skal bygge på eit godt fagleg grunnlag. Mykje av dette ligg allereie inne i gjeldande forvaltningsplan frå 2015, der det vart gjort eit omfattande arbeid med både samanstilling av eksisterande kunnskap og innhenting av ny. Omtalen i det følgjande byggjer i stor grad på dette arbeidet. I løpet av prosessen er det i tillegg henta inn utfyllande kunnskap om innfallsporene Brokke – Suleskardvegen med informasjonspunkt ved Håhellervatn, Kjerag, Månafossen og Ritlandskrateret (NINA rapport 1221-2016), samt spesifikt om brukarane av Kjerag (NINA rapport 1411-2017), samt ferdselsregistreringar i sentrale villreinområde gjennom det pågåande GPS merkeprosjektet. Dei to GPS prosjekta har gitt eit svært godt kunnskapsgrunnlag om villreinstamma sin arealbruk. Det er og gjort eit arbeid for å få betre oversyn over viktige lokalitetar for rovfugl og korleis det skal takast omsyn til desse i samband med tilrettelegging (Tysse 2015 og Gunnarsen & Gunleifsen 2017). I samband med pågåande prosess med forskriftsendring, med siktemål om å opne for sykling mv. i verneområda, er det utarbeida sårbarheitsvurderingar av enkelte stistrekingar. Desse er og nytta inn i arbeidet.


Saman med god lokalkunnskap i forvaltningssekretariat og verneområdestyret, samt innspel som har kome inn i samband med synfaringane og dei regionale møta, legg dette grunnlaget for strategiar og tiltak i besøksstrategien.

Verneområdestyret for SVR forvaltar ei rekke verneområde med ulikskap i verneform, flora og fauna, bruksintensitet mv. For at beskrivinga av kunnskapsgrunnlaget ikkje skal blir for generell, har ein difor vald å presentere denne delen av kunnskapsgrunnlaget gjennom ei beskriving av det einskilde verneområde. Omtalen av eksisterande kunnskap i høve til kulturminne, reiselivet og dei besøkande i området er felles for alle verneområda.

På grunn av det store og samansette området det er innhenta kunnskap om, har omtalen av kunnskapsgrunnlaget blitt svært omfattande. Den detaljerte beskrivinga av kunnskapsgrunnlaget er derfor plassert som Vedlegg 1 i kapittel 5. I det følgjande blir det derfor gitt ei samanstilling av hovudpunkta for kunnskapen som er samla inn.

2.2 Samanstilling og situasjonsanalyse av kunnskap

I kunnskapsgrunnlaget er det registrert ein del område som må karrakteriserast som sårbare. Nokre av områda vil være sårbare heile året, mens andre er særleg utsett på bestemte tider av året. Som sårbare område reknast viktige funksjonsområde for villreinstamma (trekkområde, kalvingsområde, vinterbeiteområde), hekkelokalitetar for rovfugl og stistrekingar med sterk terrengslitasje. Dei viktigaste av desse områda er vist i kartet nedanfor.



Figur 2. Kart over sårbare område i verneområda.

Grøn skravering: trekkområde villrein, grå skravering: kalvingsområde villrein, blå prikkar: vinterbeiteområde villrein, stor blå sirkel: hekkelokalitet rovfugl, blått punkt: stistrekingar med sterk slitasje.

Det må presiserast at besøksstrategien berre omfattar allereie verna areal, sjølv om nokre vinterbeiteområde, kalvingsområde og trekkområde på kartet strekk seg utover det verna arealet.

2.2.1 Utfordringar knytt til ferdsel og turisme

Forstyrning av villrein

Forstyrning av villrein frå ferdsel til fots og med bil er stadvis eit alvorleg problem i verneområda, og må karrakteriserast som eit trugsmål mot verneverdiane. Kombinasjonen av inngrep i samband med kraftutbygging og ferdsel, har medført at villreinstamma er delt i to og at store beiteareal ikkje er i bruk.

Særleg konfliktfylte områder er identifisert av NINA gjennom rapportar og kartleggingar i samband med dei to GPS-merkeprosjekta i området. Det ligg føre store mengder kunnskap om villreinen sin arealbruk og menneskeleg ferdsel i dei aktuelle områda. I tillegg er det dei neste to åra venta nye rapportar og anbefalingar frå GPS-merkeprosjektet og forskingsprosjektet Ren-Rein. Denne kunnskapen vil bli svært viktig for besøksforvaltninga og prioritering av avbøtande tiltak.

Konkrete tiltak som redusere den negative innverknaden ferdsel har på villrein er nærare omtala under tiltak ved innfallsportane der det er aktuelt (Hovden og Brokke-Suleskardvegen), mens tiltak i andre områder er omtale i kapittel 4.4.3 (Steinbuskardområdet og veg til Store Urevatn).

Aktivitet i sårbare områder

Dei besøkande sin bruk av sårbare områder er i hovudsak samanfallande med NINA si identifisering av konfliktfylte områder i høve til forstyrning av villrein. Unnataka er einskilde stistrekningar som ligg nær hekkeplassar til sårbare rovfuglartar. Kartlegging av hekkeplassar for artar som mellom anna hubro, jaktfalk, fjellvåk og kongeørn vart gjennomført i 2016 og 2017.

Bruk av sårbare område i høve til villrein er særleg knytt til desse stadane:

I Steinbuskardområdet er turisthytta Storsteinen og tilhøyrande stistrekningar heilt sentral i Stavanger turistforening sitt nord-sør gåande løypenett, og om lag 1000 personar går til og frå Storsteinen kvar barmarkssesong.

Langs Brokke-Suleskardvegen, som er ei viktig kommunikasjonslinje og turistveg mellom Sirdal og Setesdal, er det ein omfattande biltrafikk (om lag 80.000 passeringar) fram til vegen stengast 1. november. Rett sør for vegen ligg og DNT-Sør si turisthytte Øyuvsbu som er eit viktig turmål i seg sjølv og viktig i turistforeninga sitt nord-sør gåande løypenett. I løpet av barmarkssesongen ferdest det om lag 6500 personar mellom Øyuvsbu og parkeringa.

Vegen til Store Urevatn er ei viktig ferdselsåre inn i fjellet for både tilreisande turistar og lokalbefolkninga i Bykle. Denne anleggsvegen er open for allmenn ferdsel, og har om lag 6700 bilpasseringar kvar barmarkssesong som strekk seg frå midten av juli til midten av oktober.

Hovden er ein viktig vinterdestinasjon for skituristar frå både inn og utland, og Hovden har om lag 15.000-20.000 besøkande dei beste dagane om vinteren. Det er om lag 2000 fritidseiningar på Hovden. Etterspurnaden etter maskinpreparerte skiløyper i fjellet er høg, og det er ønske om utviding av det eksisterande løypenettet.

Utover NINA sine rapporterte konfliktområde i høve til villrein, er det komme fram ønske om utviding av eksisterande maskinpreparerte skiløyper i Øvre Sirdal, Åseral og ved Knaben. Det er og registrert etablerte turistløyper som går nær hekkelokalitetar for sårbar rovfugl

Terrengslitasje

Terrengslitasje frå ferdsel er eit avgrensa problem i verneområda, og har ikkje eit omfang som gjer at det kan karrakteriserast som eit trugsmål mot verneverdiane. Likevel er det identifisert 6 stistrekningar kor slitasjen på marka er så omfattande at det må settast i verk tiltak.

Verkeleg alvorlege terrengskadar frå ferdsel har oppstått ved Kjerag og Månafossen i Frafjordheiane landskapsvernområde. Her medførte kombinasjonen av våte parti og sterkt auka ferdsel frå om lag 2010 til svært skjemma sår i landskapet. Her har omfattande tilretteleggingstiltak i form av steinsetting og drenering stoppa vidare erosjon og slitasje, og gitt grunnlag for ei omfattande revegetering av dei skada områda.

Kunnskapen om andre lokalitetar med terrengslitasje kjem i hovudsak frå eigne synfaringar og kjennskap til områda, tilbakemeldingar frå brukarar og rapportar frå turistforeiningane.

På bakgrunn av oversikta over lokalitetar med omfattande terrengslitasje, vil det i besøksstrategien bli lagt opp til tiltak på 6 stistrekningar. Dette er strekningar med moderat ferdsel, men våte område gjer at det likevel oppstår slitasje. På lokalitetar nær planlagde innfallsportar, vil desse tilretteleggingstiltaka bli gjennomført i samband med utviklinga av innfallsporten. På lokalitetar andre stadar vil tilretteleggingstiltaka bli gjennomført fortløpande i samarbeid med turistforeiningane. Enkel klopplegging og drenering er dei mest aktuelle tiltaka på desse lokalitetane.

Lokalisering av næringsinteresser og besøkande

Ein kan finne besøkande over det meste av verneområda, men hovudtyngda av besøket er knytt til sentrale kommunikasjonslinjer med tilhøyrande naturattraksjonar. Dette dreier seg særleg om områda nær Hovden (Rv 9 gjennom Setesdalen) og Brokke, Håhellervatn og Øvre Sirdal som ligg etter Brokke-Suleskardvegen. Kjerag og Månafossen som ligg nær Stavanger har og svært mange besøkande.

Ein av funna frå SVR sitt verdiskapingsprosjekt «Frå gråberg til gull» (2008-2010) var at det var berre om lag 10 reiselivsbedrifter som nytta verneområda i si verksemd, og for dei flest av desse var bruken indirekte. Talet på bedrifter som bruker verneområda i særleg grad, ser heller ikkje ut til å ha auka dei siste åra. Likevel finnast det nokre få døme på små bedrifter som brukar verneområda aktivt. Desse verksemdene er naturleg nok lokalisert i Lysefjordområdet, Øvre Sirdal og ved Hovden.

Eit generelt inntrykk er derfor at det er mange besøkande i verneområda, men at konsentrasjonen av besøkande og er stor på nokre få lokalitetar. Likevel ser det ikkje ut til at denne turiststrøymen blir utnytta av kommersielle aktørar i særleg grad. I sluttrapporten til «Frå gråberg til gull» vart store reiseavstandar og manglane overnattingsmoglegheiter i og ved verneområda framheva som dei viktigaste årsakene til den avgrensa interessa for verneområda frå reiselivet si side.

Den største reiselivsaktøren i verneområda er derfor turistforeiningane. Stavanger turistforeining (STF) og Den Norske Turistforeining (DNT Sør), har til saman 29 turisthytter innanfor, og 11 hytter rett utanfor verneområda. Desse hyttene hadde i 2016 nær 40.000 overnattingar. Stavanger turistforeining og DNT Sør tilbyr i tillegg kvart år til saman 85 fellesturar, kurs, dugnadar og andre aktivitetar i verneområda i SVR.

Kunnskapsbehov

Brukarane av Kjerag etterspurde i særleg grad meir informasjon om spesielle attraksjonar og natur- og kulturverdiane i verneområdet. I tillegg til turforslag, kart og informasjon om terreng og framkommeligheit i landskapet. Det er og god grunn til og anta at dette er eit ønskje og behov som blir delt av dei fleste av dei besøkande i verneområda.

Sviktande rekruttering til jakt og fiske

Norsk ungdom deltek i stadig mindre grad i tradisjonelle haustingsaktivitetar som bærplukking, jakt og fiske. Nasjonale tal frå SSB visar at deltakinga i til dømes fisketurar har falt dramatisk frå 71% i 1970 til 44% i 2017. Denne trenden merkast godt lokalt, og i ulike lag og organisasjonar er ein

bekymra for rekrutteringa til den tradisjonelle haustingskulturen i fjellområda. Dette gjer at stadig færre får eit naturleg forhold til hausting, og det blir færre lokalt som kan formidle kunnskap om temaet.

2.2.2 Kva løyser ein med besøksforvaltning

Kunnskapsgrunnlaget løftar fram ei rekke problemområde kor det er mogleg og finne løysingar gjennom ei aktiv besøksforvaltning. Det er samstundes viktig og være klar over at verneområda i stor grad blir påverka av kommunale planar og dispensasjonar i tilgrensande areal.

Styrking av verneføremålet

Forstyrning av villrein

Forstyrningar av villrein frå ferdsel er eit reelt trugsmål mot verneføremål og verneverdiar i fleire av verneområda. Gjennom ei aktiv besøksforvaltning er det likevel gode moglegheiter til å styrke verneføremålet ved og sette i verk både fysiske tiltak og informasjonstiltak som gir mindre forstyrring av villreinen på særleg kritiske lokalitetar.

Nye konflikhtar kan motverkast gjennom tydelege føringar for styring og kanalisering av ferdsel i verneområda. Det er viktig at både kommunar og turistforeiningane får klare signal om kva for område ein ikkje ønskjer det skal leggjast til rette for ferdsel i form av nye merka stiar, kvista løyper og maskinpreparerte løyper. Desse signala er og svært viktig, da kommunale prioriteringar i høve til plassering av hyttefelt og merka stiar og løyper, kan ha svært stor innverknad på trafikken inn i verneområda.

Nokre mindre eksisterande konflikhtar mellom ferdsel og villrein der verneområdestyret er einaste forvaltningsmynde, kan dempast ved relativt enkle tiltak. Her vil ein god dialog med andre involverte partar som rennarrangørar og turistforeiningane, kombinert med snevrare dispensasjonar, kunne ha god effekt.



Villrein. Foto: Rune Roalkvam.

Andre eksisterande konflikhtar er meir samansette. Til dømes involverer konfliktområda Steinbuskardet, Brokke-Suleskardvegen og vegen til Store Urevatn mange aktørar og fleire forvaltningsmyndigheiter. Her må besøksforvaltninga innebere gode og omfattande prosessar, og val av løysingar vil til ein viss grad avhenge av anbefalingane i sluttrapporten frå GPS-merkeprosjektet.

Terrengslitasje

Gjennom prosessen med utarbeidinga av besøksstrategien har verneområdeforvaltninga blitt merksam på 6 stistrekningar der ferdseilen medfører skadar på terrenget. Alle desse stistrekningane har nå komme inn i tiltaksplanen, og tilretteleggingstiltak vil bli sett i verk i samarbeid med grunneigarar og turistforeiningane. På lokalitetar nær planlagde innfallsportar, vil desse tilretteleggingstiltaka bli gjennomført i samband med utviklinga av innfallsporten. På lokalitetar andre stadar vil tilretteleggingstiltaka bli gjennomført fortløpande i samarbeid med turistforeiningane. Enkel klopplegging og drenering er dei mest aktuelle tiltaka på desse lokalitetane.

Tiltak som kan betre tilhøva for reiselivet og dei besøkande

Kunnskapsgrunnlaget preikar på ei rekke tiltak som kan betre tilhøva for dei besøkande. Dette omfattar både tiltak som sikrar betre tilkomst, betre fysisk tilrettelegging av stiar og betre informasjon om opplevingsverdiar. Til saman vil desse tiltaka gjere den einskilde innfallsport og verneområda generelt meir attraktive for dei besøkande. Godt tilrettelagte innfallsportar og lett tilgjengeleg og godt tilpassa informasjon om natur- og kulturverdiar, vil kunne legge til rette for auka bruk av verneområda. For reiselivet vil dette kunne være positivt ved at potensielle kundar blir konsentrert ved innfallsportane og at dei brukar meir tid på staden. Dette kan både gje grunnlag for nyetableringar og betre inntening for etablerte verksemdar. Reiselivsverksemdene vil og kunne ha nytte av infrastruktur og informasjon som blir etablert ved innfallsportane i sin bruk av verneområda.

Infrastruktur

Det er identifisert behov for betre parkeringsmoglegheiter ved fleire av innfallsportane. Ved til dømes Røssdalen og Eikeskog er moglegheitene til og sette frå seg bilen ein avgrensande faktor, og ein auke av parkeringsarealet vil betre tilkomsten for dei besøkande.

Ved fleire av innfallsportane er det stistrekningar som er såpass våte og slitte, at dei i periodar gjer områda vanskelege og lite attraktiv og bruke. Her vil klopplegging gjere tilkomsten lettare og gje ei betre naturoppleving.

Ved innfallsportane Håhellervatn og Hovden kan det bli aktuelt og etablere korte godt tilrettelagte stiar med informasjonsopplegg (carwalks) etter mønster av Dovrefjell og Sognefjellet. Dette er tiltak som har vist seg og være svært populære, og ved Håhellervatn og Hovden er talet på potensielle brukare svært høgt. Slike godt tilrettelagte stiar vil og kunne kombinerast med tilpassa informasjon om verneområda.

Skjøtselstiltak

Ved innfallsportane Hovden, Eikeskog, Hjelmeland og Nesflaten har det ei årrekke vore gjennomført skjøtselstiltak. På Vidmyr ved Hovden blir det kvart år slått 15da slåttemyr, ved Friluftsgården Mån er det årleg slått av 25 da slåttemark og det blir gjennomfør lyngbrenning ved behov. På Stovo og Øyastøl blir 5 da slåttemyr og slåttemark slått kvart tredje år. Alle desse tiltaka vil kunne være av interesse for dei besøkande.

I utviklinga av desse innfallsportane vil det bli lagt opp til og plassere ut informasjonsskilt som fortel om den tradisjonelle bruksforma og skjøtseilen som blir gjennomført.

Oppleving av natur- og kulturverdiar

Oppleving av natur- og kulturverdiar er noko dei besøkande i verneområda er interessert i, og i kunnskapsgrunnlaget kjem det fram at dei etterspør informasjon om både slike attraksjonar og korleis ein kan komme dit. Verneområda byr og på mange fleire spektakulære opplevingar enn Kjerag og Månafossen, og fleire av desse er relativt lett tilgjengelege og toler meir besøk utan at verneverdiane vil bli redusert.

Der slike attraksjonar ligg nær planlagde innfallsportar vil desse bli brukt til og informere om særleg interessante natur- og kulturverdiar. Konkrete døme vil være meteorittkrateret Ritlandskrateret i Hjelmeland innanfor Kleivaland, edellauskogen og Fossajuvet i Røssdalen og den restaurerte fjellgarden Mån ved Eikeskog.

I tillegg til informasjon ved innfallsportane må informasjon om særleg interessante natur- og kulturverdiar bli gitt på ei eiga nettside om verneområda. Det vil og være aktuelt og utarbeide informasjon om slike attraksjonar nær mykje brukte løyper og overnattingsstader i fjellet.

Tilbod til barn og ungdom

Gjennom arrangementa Heiedagane og Ungdom og lokal heiakultur har verneområdeforvaltninga registrert at det er stor interesse for undervisningsopplegg retta mot barn og ungdom. Desse arrangementa rettar seg mot barn og unge som er busett i kommunane rundt verneområda og fokuserer på natur- og kulturverdiar i verneområda, enkelt friluftsliv, jakt og fiske. Rekrutteringa til tradisjonelle tur og haustingsaktivitetar i fjellet er i tilbakegang, og eit slik tilbod kan være med og motverke denne utviklinga. Det er og svært viktig å bidra til at den oppveksande generasjonen får eit forhold til verneområdet og såleis eit ønskje om å ta vare på dette.

I samband med verdiskapingsprosjektet «Kunnskapsformidling om villrein og villrein fjellet» vil SVR satse tungt på og etablere slike tilbod for barn og ungdom. Konkrete døme er opplæringsjakt på villrein og fellesturar til villreinrelaterte kulturminne. Heiedagane og Ungdom og lokal heiekultur vil bli vidareført gjennom verdiskapingsprosjektet.

3 Mål, strategiske grep og vegval

3.1 Mål

På bakgrunn av målsettingane for besøksforvaltninga i kapittel 1.1, kunnskapsgrunnlaget og forvaltningsmåla som er fastsett i forvaltningsplanen, har verneområdestyret sett ned konkrete målsettingar for kvart av dei tre elementa i besøksforvaltninga:

Mål for verneverdiane

- Verneverdiane knytt til Europas sørlegaste villreinstamme skal styrkast gjennom tiltak som medfører auka trekkaktivitet og auka områdebruk, og reduserer forstyrring frå menneskeleg ferdsel i viktige funksjonsområder
- Verneverdiane knytt til landskap og vegetasjon skal i varetakast gjennom målretta informasjons- og tilretteleggingstiltak som medfører redusert terrengslitasje.

Fleire av tiltaka i besøksstrategien kan medføre auka ferdsel i verneområda, noko som kan stå i motstrid til verneføremåla knytt til ivaretaking av villreinstamma i området. Det er derfor svært viktig at denne auka i ferdsel ikkje kjem i sentrale eller viktige villreinområde, og at tiltaka i besøksstrategien skal bidra til redusert forstyrring av villreinen på stader kor det er konflikhtar i dag.

Mål for dei besøkande

- Både tilreisande og fastbuande skal få gode opplevingar i møte med verneområda. Dei gode opplevingane skal være knytt til både ein lett tilgjengeleg og godt tilrettelagt infrastruktur ved innfallsportane, og godt tilrettelagt informasjon om natur og kulturtilhøve. Slik kunnskap skal gi ein ekstra dimensjon ved opplevinga, auka forståing for vernet og gje stoltheit over dei unike verdiane i verneområda.

Mål for barn og unge

- Fleire barn og unge skal få moglegheit til gode opplevingar i verneområda, og få meir kunnskap om friluftsliv, natur- og kulturtilhøve og lokal haustingskultur som skal gje naturglede og auka forståing for vernet

Mål for næringsaktørar

- Gjennom tiltaka i besøksstrategien skal innfallsportane til verneområda gjerast attraktive for fleire besøkande. God tilrettelegging og fleire besøkande kan gje grunnlag for nyetableringar og skape vekst og positiv utvikling for lokale reiselivsverksemdar



Barn og unge skal få gode opplevingar. Foto: Rune Roalkvam

3.2 Strategiske grep

Besøksstrategien skal famne mange verneområde i mange kommunar. I tillegg finn ein stor spennvidde i naturverdiar, landskapsverdiar, geologi og tolegrense for menneskeleg ferdsel og aktivitet mv. For å famne dette i ein besøksstrategi, og for at dokumentet ikkje skal bli for omfattande, har det vore naudsynt å gjere strategiske val og avgrensing, for kva ein tar inn i besøksstrategien. Desse er omtala i det følgjande.

Besøksstrategien er retta mot bruk knytt til rekreasjon og oppleving

Dette er ei avgrensing mot aktørar som nyttar SVR til næringsverksemd som til dømes kraftselskap og landbruksnæring. Retningslinjer for verksemda til desse aktørane er allereie gitt gjennom Forvaltningsplan for SVR.

Prioritering av fellestiltak for ålmenta, ikkje bedrifter

I dette ligg det at besøksstrategien skal ta føre seg tiltak som er retta mot ålmenta, og såleis er opent tilgjengelege for alle besøkande. At slike tiltak i neste omgang kan nyttast også av dei kommersielle verksemdene er sjølv sagt berre positivt. Både lettare tilgang til verneområda gjennom tilretteleggingstiltak, og informasjon om mellom anna natur og kulturverdiar er tiltak som kan utnyttast i lokal verdiskaping.

Fokus på informasjon og tilrettelegging på etablerte innfallsportar

Bruksmønsteret for verneområda i SVR er relativt godt kjent, og eit markert trekk er at mykje av bruken er konsentrert om relativt få sentrale innfallsportar, lokalisert utanfor eller i utkanten av verneområda.

Desse innfallsportane vil oftast ha ein god toleevne i høve til menneskeleg ferdsel og aktivitet. Ved konsentrere ferdsel og tilretteleggingstiltak til innfallsportar, som ligg nær etablert infrastruktur og kor terrenget er lite utsett for slitasje, kan talet på besøkande aukast utan at det har vesentleg negativ innverknad på verneverdiane.

Allereie etablerte innfallsportar vil og i hovudsak ha ei naturleg lokalisering, både i høve til den beste tilkomsten til verneområda og nærleik til særleg populære naturattraksjonar. Såleis er dette stader kor det er lett og nå mange besøkande med informasjon. Ved dei etablerte innfallsportane vil ein og i stor grad kunne bygge vidare på etablert infrastruktur, og på erfaringar med eksisterande informasjon og tilrettelegging.

Ved å samle dei besøkande på eit fåtal innfallsportar, vil det og være lettare for kommersielle verksemdar og få tilgang til potensielle kundar for ulike serverings- og aktivitetstilbod

Kommunale sti og løypeplanar som sentralt verktøy for styring og kanalisering av ferdsel

Forstyringar og slitasje i samband med ferdsel utgjør allereie eit trugsmål mot verneverdiane. Det er derfor nødvendig og dempe eksisterande konflikthar og hindre at nye blir skapt.

Eit vesentleg verkemiddel for styring og kanalisering av ferdsel, er utarbeiding av kommunale sti- og løypeplanar slik det er lagt opp til i Heiplanen.

Ansvar for utarbeiding av kommunale sti- og løypeplanar ligg hjå den enkelte kommune, men det er viktig at kommunane i sine planprosessar har ein tett dialog med verneområdeforvaltninga. Besøksstrategien skal bli brukt som eit grunnlagsdokument for planane. I besøksstrategien er det både peika ut særskilde sårbare område kor det ikkje skal leggest til rette for ny ferdsel og område kor det bør sette i verk tiltak for å redusere eksisterande ferdsel (sjå kap. 4.2). Dette legg føringar for verna areal i dei kommunale sti- og løypeplanane.

Gjennom eit av delprosjekta i verdiskapingsprosjektet «Kunnskapsformidling om villrein og villrein fjellet» vil SVR og fylkeskommunane være ein pådrivar i arbeidet med og utarbeide slike planar.

Aktiv bruk av verdiskapingsprosjektet «Kunnskapsformidling om villrein og villrein fjellet».

Gjennom programmet Villrein fjellet som verdiskapar i regi av Miljødirektoratet, har verneområdestyret for verneområda i Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane (SVR) fått innvilga midlar til ei fireårig prosjekt. Prosjektet har fått arbeidstittel *Kunnskapsformidling om villrein og villrein fjell* og har følgjande hovudmålsetting:

- Auke kunnskap og medvit om villrein og villrein fjell slik at arten og leveområda vert ivareteken på kort og lang sikt.
- Bidra til positivitet og eigarskap til villrein og villrein fjell

Prosjektet har følgjande fire arbeidsområde og der det i prosjektbeskrivinga er lista opp ei rekke tiltak under kvart arbeidsområde (delprosjekt):

1. *Kunnskap om villrein og villrein fjell til barn og unge*
2. *Møteplass villrein fjellet*
3. *Villreinen og kulturarven*
4. *Sti og løypeplan – adaptiv (tilpassa) løypeforvaltning*

Ei rekke tiltak i besøksstrategien vil bli gjennomført som ein del av verdiskapingsprosjektet. Verdiskapingsprosjektet er såleis eit viktig bidrag til å nå målsettinga med besøksstrategien. Det gjer og at ein i prosjektperioden vil ha meir ressursar tilgjengeleg for gjennomføring av tiltak.

Fokus på verkemiddel som forvaltninga rår over sjølv

Utviklinga av innfallsportane og andre informasjonstiltak som bli omtale i besøksstrategien vil i hovudsak bli finansiert gjennom dei årlege tiltaksmidla frå Miljødirektoratet, samt midlar gjennom verdiskapingsprosjektet. Samstundes vil verneområdestyret søke og få til ei samfinansiering med aktuelle samarbeidspartnarar der det er naturleg. Ved ei slik samfinansiering med kommunar og organisasjonar vil tiltaksmidlane kunne rekke mykje lenger.

Drift og vedlikehald av tilretteleggings- og informasjonstiltak

Verneområdestyret ser det som naturleg at samarbeidspartnarar som turistforeningar, friluftsråd og kommunar står som eigar og er ansvarleg for drift og vedlikehald av fysiske tilretteleggingstiltak som kjem på plass innanfor rammene til besøksstrategien. Verneområdestyret vil så langt det er mogleg gje økonomisk støtte til etablering av desse tiltaka. Ein føreset at avtale om drift og vedlikehald ligg føre før igangsetting.

Verneområdestyret vil stå som eigar og være ansvarleg for drift og vedlikehald av informasjonsskilt og anna informasjonsmateriell.



Skilting i Røssdalen. Foto SVR.

4 Tiltak

4.1 Tiltak på innfallsportane


4.1.1 Innleiing

I denne besøksstrategien har 14 innfallsportar fått ei nærare omtale. Det er langt fleire utgangspunkt for turar inn i verneområda, men desse 14 er dei som best møter kriteria for utveljing som vi har sett opp. Omgrepet innfallsport blir i denne samanhengen brukt om stader der dei besøkande oppsøker informasjon og/eller sett frå seg bilen før turen vidare inn i verneområda. Ein innfallsport vil bestå av eit informasjonspunkt, samt eit eller fleire tilhøyrande startpunkt

Eit informasjonspunkt definerast i denne samanhengen staden kor eit eller fleire større informasjonsskilt (og nokon stader ein portal) blir lokalisert. Eit informasjonspunkt vil bestå av fleire informasjonsskilt med både generell informasjon om SVR og områdespesifikk informasjon.

Eit startpunkt definerast som staden viktige stiar inn i verneområda tek til. Denne staden vil bli markert med eit eller fleire informasjonsskilt.

Eit hovudkriterium for utveljing er høg bruk. Ein ønskjer naturleg nok og prioritere tilrettelegging og informasjon der ein kan nå flest besøkande. Ved alle desse 14 innfallsportane er det og eksisterande tilretteleggings- og informasjonstiltak som ein kan bygge vidare på og hauste erfaringar frå. Eit anna hovudkriterium er at innfallsporten er lokalisert slik at ytterlegare besøk og tilretteleggingstiltak kan skje utan nemneverdige negative verknadar på verneverdiane. Med unnatak av informasjonspunktet Håhellervatn på innfallsporten Brokke–Suleskardvegen, ligg alle innfallsportane utanfor verneområda og langt unna viktige funksjonsområde for villrein og andre sårbare artar. Informasjonspunktet ved Håhellervatn vil bli lokalisert ved eksisterande parkeringsplass, toalett og informasjonstavler. Auka besøk her kan avlaste meir sårbare lokalitetar i nærleiken og motverke «villparkering» andre stader langs Brokke–Suleskardvegen. På grunn av dette kriteriet har ein og valt og ikkje vidareutvikle to eksisterande innfallsportar med mange besøkande. Anleggsvegen til Store Urar i Bykle blir brukt av over 3000 bilar kvar barmarkssesong, men har allereie negativ innverknad på villreinen sin trekkaktivitet i området. Blåsjøvegen inn frå Gullingen i Suldal kommune har ennå fleire besøkande. På bakgrunn av trafikktejingar utført av Suldal kommune brukast vegen av om lag 3500-4000 bilar kvar barmarkssesong. Denne anleggsvegen kan lede besøkande heilt inn i Steinbuskardområdet kor ferdselen allereie er kritisk i høve til villreinen sine trekk i området.



Innfallsportar

1. Nesflaten
2. Hovden
3. Kleivaland
4. Berg
5. Røssdalen
6. Øydegardsstøl (Kjerag)
7. Eikeskog (Månafossen)
8. Høgaleite
9. Brokke – Suleskardvegen
(Broke-Håhellervatn-Ådneram)
10. Solheimsdalen
11. Ljosland
12. Bortelid
13. Knaben
14. Langeid

Figur 3. Lokalisering av innfallsportar i verneområda i SVR.

I våre verneområde er det snakk om to hovudtypar innfallsportar. På Hovden, Nesflaten, Hjelmeland, Ådneram og Knaben er «sentrum» den naturlege stoppestaden for å samle informasjon. På desse stadane vil informasjonspunktet bli etablert i sentrum, mens startpunkta blir etablert ved starten av stiane for turane inn i verneområda. For dei andre innfallsportane vil informasjonssinnhenta naturleg gå føre seg på parkeringsplassen der stien inn i verneområdet startar. Her vil informasjonspunktet og startpunktet bli samlokalisert.

Tilretteleggingstiltaka som skal gjennomførast er ikkje tatt med i tabellen, men vil bli omtalt under beskrivinga av den enkelte innfallsport.

Tabell 2. Oversikt over innfallsportar i SVR

Innfallspørt	Verneområde	Kommune	Informasjonstiltak
1. Nesflaten	Dyraheio/Kvanndalen	Suldal	Informasjonspunkt m/ 6 startpunkt
2. Hovden	SVR	Bykle	Informasjonspunkt m/ 5 startpunkt og tilrettelagt tursti
3. Hjelmeland	Vormedalsheia/Lusaheia	Hjelmeland	Informasjonspunkt m/ 2 startpunkt
4. Berg	SVR	Valle	Informasjonspunkt
5. Røssdalen	Frafjordheiane	Forsand	Informasjonspunkt
6. Øygardsstøl	Frafjordheiane	Forsand	Informasjonspunkt m/ portal
7. Eikeskog	Frafjordheiane	Gjesdal	Informasjonspunkt
8. Høgaleite	Frafjordheiane	Gjesdal	Informasjonspunkt
9. Brokke – Suleskardvegen (Brokke, Håhellervatn og Ådneram)	SVR	Sirdal/Valle	Informasjonspunkt ved Brokke og Ådneram, informasjonspunkt m/ portal og tilrettelagt tursti ved Håhellervatn, 3 startpunkt
10. Solheimsdalen	SVR	Sirdal	Informasjonspunkt
11. Ljosland	SVR	Åseral	Informasjonspunkt
12. Bortelid	SVR	Åseral	Informasjonspunkt
13. Knaben	SVR	Kvinesdal	Informasjonspunkt m/ 3 startpunkt
14. Langeid	SVR	Bygland	Informasjonspunkt

I tillegg er det peika ut 7 frittstående startpunkt på stader med ferdselsårer inn i verneområda. Her vil det bli sett opp informasjonsskilt og gjennomført mindre tilretteleggingstiltak der det er nødvendig.

Tabell 3. Oversikt over frittstående startpunkt i SVR

Startpunkt	Verneområde	Kommune	Tiltak
1. Øvre Moen	Dyraheio	Suldal	Informasjonsskilt
2. Førrrevassdammen	Lusaheia	Hjelmeland	Informasjonsskilt
3. Hisdal	Hisdal	Bykle	Informasjonsskilt
4. Ljosådalen	Ljosådalen	Bykle	Informasjonsskilt
5. Flørli	Frafjordheiane	Forsand	Informasjonsskilt
6. Vinddalen	Frafjordheiane	Forsand	Informasjonsskilt
7. Skjerkevatn	SVR	Åseral	Informasjonsskilt

Kva for informasjons- og tilretteleggingstiltak som er aktuelle ved kvar einiskild innfallspørt vil variere med ei rekke forhold.

Nokre innfallspørtar vil berre ha behov for ei relativt enkel tilrettelegging og eit avgrensa informasjonstilbod for å kunne betene dei besøkande på ein god måte. Her vil det derfor bli lagt ned avgrensa med ressursar frå SVR si side. På andre innfallspørtar kan det derimot være nødvendig med omfattande tilrettelegging og informasjon. Sjølv om behovet for tiltak kan være stort, betyr ikkje det automatisk at SVR må bruke store ressursar. Ved innfallspørtar som Røssdalen, Øygardsstøl og Eikeskog er allereie dei tunge investeringane i infrastruktur alt på plass, slik at ein nå kan konsentrere seg om informasjonsdelen.

Dette opnar for er meir omfattande satsing på nokre av innfallsportane. Dei innfallsportane som truleg vil ha størst behov for ressursar både til planlegging og gjennomføring er Hovden og Brokke-Suleskardvegen, men og utbygginga av innfallsportane på Knaben, Hjelmeland og Nesflaten vil krevje ein del ressursar. Det vil og bli aktuelt å gå inn med ressursar til tiltak, som til dømes parkeringsplassar og klopplegging av stiar, ved nokre av dei frittstående startpunkta.

4.1.2 Innfallsportar med behov for mindre tiltak

Dette omfattar innfallsportar kor det ikkje er nødvendig med ei omfattande tilrettelegging, og innfallsportar kor mykje av aktuelle tilretteleggingstiltak allereie er gjennomført.

Berg (4)

Berg ligg 5 km vest for avkøyringa frå Rv 9 mellom Valle og Rysstad i Valle kommune. Det er om lag 2.5 times køyring frå befolkningscenterane i Arendal og Kristiansand.

Berg er ein viktig innfallsport til SVR og DNT-Sør sine hytter Stavskar og Bossbu, samt stølsområda ved Bossvatn. Innfallsporten har om lag 2000 besøkande kvart år, og vil i hovudsak betene langturlistar og lokalbefolkning.

Tiltak:

- Etablering av informasjonspunkt.
- Utviding av parkeringsplass.

Røssdalen (5)

Røssdalen ligg innover frå Øvre Espedal i Forsand kommune, om lag 19 km eller 20 min køyring frå Forsand sentrum, og om lag ein time frå Sandnes og Stavanger. Røssdalen er i hovudsak eit område for dagsturar og korte overnattingsturar, men fungerer og som ein innfallsport til Frafjordheiane landskapsvernområde. Innfallsporten betener såleis både fastbuande og langturlistar som i hovudsak er busett på Nord Jæren. Talet på utanlandske besøkande er og aukande.



Frå innfallsporten til Røssdalen. Foto: SVR.

Tiltak

- Etablering av informasjonspunkt ved parkeringsplassen på Røssdalen med tilhøyrande informasjonsskilt om verneverdiar, opplevingsverdiar og turmoglegheiter i Røssdalen.
- Informasjonsskilt om edellauvskogen ved leirplassen.

- Utviding av parkeringsplassen frå 25 bilar til 40 bilar.
- Erosjonssikring av turstien inn til Røssdalsvatnet.
- Nye grunder ved parkeringsplassen og ved Røssdalsvatnet.

Forsand kommune har i mange år drifta toalettbygget ved leirplassen. Kapasiteten på toalettet vart auka i 2017 med støtte frå SVR. Kommunen vil halde fram med denne drifta, samt drifta av søppelinnsamlinga på parkeringsplassen. Ryfylke friluftsråd vil halde fram med drifta av toalettbygget på parkeringsplassen.

Utvidinga av parkeringsplassen vil skje i regi av Forsand kommune og Øvre Espedal grunneigarlag. Arbeidet vil starte opp i 2018 med økonomisk støtte frå SVR. Om eksisterande finansiering ikkje er tilstrekkeleg vil det bli søkt om tiltaksmidlar for 2019.

Vedlikehald og erosjonssikring av turstien inn til Røssdalsvatnet er gjennomført av Forsand kommune og Øvre Espedal grunneigarlag i 2018 med bidrag frå SVR. Dette arbeidet vil halde fram i 2019.

Eikeskog (7)

Eikeskog ligg lengst oppe i Frafjorddalen i Gjesdal kommune, om lag 12 km eller 20 min køyring frå Gilja ved Rv 45. Eikeskog er i hovudsak ein innfallsport for punktturene sine korte dagsturar inn til Månafossen eller Mån, men fungerer og som ein innfallsport til områda i Fidjadalen lengre inn i Frafjordheiane landskapsvernområde. Innfallsporten betener såleis og langturturistar og fastbuande.



Frå området ved Månafossen. Foto: SVR.

Tiltak

- Etablering av informasjonspunkt ved parkeringsplassen på Eikeskog med tilhøyrande informasjonsskilt om verneverdiar og opplevingsverdiar i Fidjadalen.
- Ny parkeringsplass med kapasitet på 40 bilar om lag 300m før eksisterande parkering.
- Nytt toalettbygg.
- Slutføring av steinlegging av stien til Mån.
- Slått av slåttemarka ved Mån.
- Rydding og brenning av beitemarka mellom Mån og Fidjvatnet.
- Fjerning av eksisterande SVR informasjon.

Jæren Friluftsråd har konkrete planar om ny parkeringsplass og nytt toalettbygg i 2019-2020. Det er ønskeleg at SVR er med på finansieringa. Tilrettelegginga på stien til Månafossen og Mån vil bli slutført i 2019.

Etablering av ein portal inne ved Månafossen kunne bli spektakulært og eit populært fotopunkt. Dette ligg inne i verneområdet så dei negative konsekvensane må vurderast nærare. Samstundes er den aktuelle lokaliteten allereie tungt tilrettelagt.

Høgaleite (8)

Høgaleite ligg etter Rv 45 (Hunnedalsvegen) mellom Gjesdal og Øvre Sirdal. Det er om lag 1-1.5 times køyring frå befolkning senterane i Sandnes og Stavanger. Det er om lag 300 fritidshytter i området og Stavanger turistforening planlegg å bygge ei ny turisthytte på staden. Jæren friluftsråd drifter ein stor parkeringsplass og eit mindre toalettbygg.

Høgaleite er eit viktig startpunkt for turar til turisthyttene Blåfjellenden og Sandvatn, samt dei sørlege delane av Frafjordheiane landskapsvernområde. Det er og mykje aktivitet ut frå hyttefeltet. Startpunktet vil i hovudsak betene langturister og hyttefolk.

Tiltak:

- Etablering av informasjonspunkt.
- Utbetring av toalettbygg.
- Klopplegging og utbetring av turstiar i området.

Brokke-Suleskardvegen - Ådneram (9)

Ådneram ligg heilt nord i Sirdal, om lag 1.30 time frå Stavanger. Området er myke besøkt både sommar og vinter. Det ligg fleire hyttefelt omkring Ådneram som gjer at mange hyttefolk ferdast ut i naturen og inn i SVR områda. Ådneram ligg ved Brokke-Suleskardvegen slik at mange bilturistar og vil hente informasjon på denne staden. Områda ved Ådneram blir og bruka av lokalbefolkninga.

Tiltak

- Etablering av informasjonspunkt ved Fjellbutikken
- Oppsetting av startpunkt ved bommen i Flatstøldalen
- Utviding av parkeringsplassen ved bommen i Flatstøldalen etter nærare avtale med grunneigarane
- Klopplegging av sti til Taumevatn

Brokke-Suleskardvegen - Brokke (9)

Brokke ligg ved Brokke – Suleskardvegen (fv 337) i Valle kommune midt i Setesdal. Avstanden frå byar som Kristiansand og Arendal er 148 km og 165 km. Frå Stavanger er det 296 km. Frå Brokke og inn til vernegrensa er det om lag 7 km. Frå Brokke og over til Ådneram i Sirdal er det om lag 35 km. Vegen er vinterstengd i perioden 1. november – 20. mai. Innfallsporten ved Brokke brukast i hovudsak av hyttefolk og lokalbefolkning, men og bilturistar vil hente informasjon her.

Tiltak

- Ny avkøyring frå fv 337, inkludert utvida parkering ved Furestøyl. Må gjere det enkelt å stoppe.
- Oppføring av nye informasjonstavler ved parkeringsplass ved Furestøyl. Gode løypekart for nærområda må med på tavlene. Viktig at tavlene er på fleire språk for å nå dei mange nasjonalitetane som nyttar vegen over til Sirdal.

Solheimsdalen (10)

Solheimsdalen ligger ca. midt i Sirdal kommune eit par kilometer øst for Tjørhom. Og er 1 ½ times køyring frå Stavanger. Det ligg om lag 500 fritidshytter i området. Solheimsdalen er eit sentralt startpunkt for turar inn mot Kvinen og Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde. Bruken av startpunktet vil truleg auke i samband med DNT-sør si nye turisthytte på Kvinen.

Tiltak

- Etablere informasjonspunkt
- Utviding av parkeringsplass ved Flesebekk

Ljosland (11)

Ljosland ligg ved Monnvassdraget nord i Åseral kommune. Frå kommunesenteret Kyrkjebygd er det om lag 22 km. eller 20 min. køyring til Ljosland. Avstanden frå større befolkningsentra som Kristiansand og Mandal er 106 og 100 km. For mange innbyggjarar langs kyststripa strekningen Lyngdal – Arendal er Ljosland saman med Bortelid ein av dei nærmaste innfallsportane til Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde. Frå bebyggelsen på Ljosland og inn til vernegrensa er det om lag 3 km. Innfallsporten ved Ljosland brukast i hovudsak av hyttefolk og lokalbefolkning.



Frå Ljosland. Foto: SVR.

Tiltak

- Klopplegging evt. omlegging av stiar på strekninga Skoræstean og inn mot Skoræ, delar av turistløypa inn mot Lakkenstova, samt strekninga Fosstjønn – Pytten nord for Langevatn.
- Bygging av gapahuk i botnen av Farstøldalen i planlagt skileikområde.
- Informasjon om verneverdiar særleg retta mot hyttefolk.
- Fjerning av eksisterande SVR-søyler og sette opp nye informasjonsskilt etter gjeldande standard. Aktuell plassering er ved fjellstova, parkeringa ved alpinsenteret, Farevatn og langs den nye driftevegen langs Langevatn. Vesentleg at ein når både dei som skal nordover og vestover i heia.
- Betre skilting frå Ljoslandsgrenda og fram til startpunkt for merka sommarløype ved Grønlitjønn.
- I samråd med kommune og grunneigar sjå på moglegheita for parkeringsplass ved Grønlitjønn

Bortelid (12)

Bortelid ligg ved Lognavassdraget nord i Åseral kommune. Frå kommunesenteret Kyrkjebygd er det om lag 27 km. eller 25 min. kjøring til Bortelid. Avstanden frå større befolkningssentra som Kristiansand og Mandal er 100 og 105 km. For mange innbyggjarar langs kyststripa strekkingen Lyngdal – Arendal er Bortelid saman med Ljosland ein av dei nærmaste innfallsportane til Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde. Frå bebyggelsen på Bortelid og inn til vernegrensa er det om lag 4 km.

Frå fylkesvegen på Bortelid går vegen vidare inn til fjellgarden Ånebjør. Vegen er stengd med bom frå Beinsvatn. Innfallsporten ved Bortelid brukast i hovudsak av hyttefolk og lokalbefolkning.



Skrivaren, Bortelid. Foto: SVR.

Tiltak

- Merka og tilrettelagt sommarløype frå turistløypa og vidare til Skrivarknuten. Utkikkspunkt med sikteskive på toppen av denne.
- Bygging av gapahuk eller steinhytte langs etablerte løyper i området. Aktuell plassering er opp mot Skrivaren, Vardeheikrysset, Lille Reinstjønn, Gluggen og ved Dyplan nord for Vardehei.
- Klopplegging, evt. omlegging av turistløypa på strekninga Bortelid – Langsvatna.
- Rydding og utbetring av eksisterande sti ved Hestehommen/Hedderen
- Informasjonspunkt ved butikk og ved alpinsenter. Fjerning av gammel SVR-søyle
- Ny brukryssing langs turistløypa ved Store Troget (Vestre Langsvatn) i Bygland kommune blir gjennomført i 2019.
- Informasjon om verneverdiar særleg retta mot hyttefolk.
- Betre skilting fram til startpunkt for merka sommarløype til Gaukhei

Langeid (14)

Langeid ligg rett ved Rv 9 i Bygland kommune. Det er om lag 2 timers køyring frå befolkningsenterane i Arendal og Kristiansand.

Langeid er ein viktig innfallsport til SVR og DNT Sør sine hytter Tjønndalen og Gaukhei. Innfallsporten har om lag 2000 besøkande kvart år, og vil i hovudsak betene langturturistar og lokalbefolkning.

Tiltak:

- Etablering av informasjonspunkt.
- Utviding av parkeringsplass.

4.1.3 Innfallsportar med behov for større tiltak

Dette er innfallsportar med behov for omfattande tilretteleggings- og informasjonstiltak. Dei fleste stadane har allereie mykje infrastruktur på plass, men det er likevel mykje som står att.

Nesflaten (1)

Nesflaten er ein liten tettstad som ligg ved Rv 13 gjennom Suldal kommune. På Nesflaten er det hotell, butikk og ein sommaropen kafé. I bygget med butikk og kafé har SVR sidan 2016 hatt ei utstilling om verneområda. Nesflaten er den sentrale innfallsporten for Kvanndalen landskapsvernområde og dei nordlege delane av Dyraheio landskapsvernområde. Frå Nesflaten er det om lag 20-30 min køyring fram til startpunkta nær grensa for landskapsvernområda. Innfallsporten vil i hovudsak betene fastbuande, hyttefolket og langtutturistar. Informasjonspunktet med tilhøyrande utstilling vil og bli brukt av bilturistar.

Tiltak

- Etablere eit informasjonspunkt med portal på Nesflaten med skilting frå Rv 13 (200m)
- Utvikle SVR utstillinga i sentrumsbygget på Nesflaten, særleg med tanke på informasjon på uteområda og informasjon på fleire språk.
- Sette opp informasjonsskilt ved startpunkta der turiststiane tek til ved: Kvanndalsdammen, Sandvatnet 1, Sandvatnet 2, Bleskestad, Mostøl og Moen.
- Klopplegging av våte stistrekningar både sør og nord for Bleskestadmoen
- Gjennomføring av rydding og myrslått ved Stovo i tråd med skjøtselsplanen.

Myrslått og rydding av vegetasjon ved Stovo har vore gjennomført i to år, og vil i første omgang halde fram til 2021. Klopplegginga av stiane ved Bleskestadmoen vil starte opp i 2019, men arbeida er

såpass omfattande at dei ikkje vil bli slutført før i 2020. Stavanger turistforening vil bidra både med både pengar og praktisk arbeid for dette tiltaket.

Arbeidet med ny bru over Kvanndalsåno vart gjennomført i 2018. STF og Hydro har dekket det meste av kostnadane.



Frå opninga av infopunktet på Nesflaten i 2017. Foto: Rune Roalkvam

Hovden (2)

Hovden i Bykle er av dei største reiselivsdestinasjonane i landsdelen. Hovden ligg øvst i Setesdal 210 km. frå Kristiansand og 228 km frå Arendal. Frå Stavanger er reisestrekninga sommarstid 258 km. Frå kommunesenteret i Bykle er det om lag 30 km. Hovden som innfallsport ligg tett på fleire av verneområda i SVR som Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde, Hovden landskapsvernområde samt naturreservata Vidmyr og Lislevatn.

Tiltak

- Verneområdeforvaltninga ønskjer å bidra til å utvikle turmål med god utsikt innover i verneområda. Hovdenuten peikar seg i den samanheng ut. Hovdenuten ligg sentralt til og det er allereie merka ein enkel sti opp på toppen. Aktuelle tiltak er utbetring av stien, informasjonstavler og lydinstallasjonar undervegs, samt ei enkel dagsturhytte mv. under sjølve toppunktet. Ved utforming må det leggest særskilt vekt på landskapstilpassing og estetikk.
- Informasjonsskilt om kulturminne, villrein og ansvarleg ferdsel ved parkeringsplassen for Galten ved Rv9.

- Oppgradering og merking av sti til skjøtselslokaliteten på Vidmyr. Oppsetting av informasjonsskilt om naturtilhøve og skjøtsel i myrreservatet.
- Eksisterande informasjonstavler og informasjonssøyle vert bytta ut og supplert. Lokalisering må skje i samarbeid med Bykle kommunen og råka grunneigarar. Andre informasjonskanalar og plattformar må vurderast for å nå dei mange besøkande.
- Informasjon og formidling av verneområda og verneverdiane skal skje i dialog og samarbeid med kommunen, reiselivsnæringa og grunneigarsida. Det skal leggjast vekt på formidling av tradisjonell bruk av heiområda gjennom historieforteljing, permanente og mobile utstillingar og ulike kulturarrangement. Gjennomføring av verdiskapingsprosjektet vert ein viktig del av dette.
- For å fremme stoltheit og eigarskap til verneområda vil det bli lagt vekt på å involvere barn og unge gjennom skuleverket. Eget undervisningsopplegg må utformast i samarbeid med skulene og eventuelle private samarbeidspartnarar. Gjennomføring av verdiskapingsprosjektet vert ein viktig del av dette.
- Kommunal sti- og løypeplan er eit viktigverktøy for å sikre at styring og kanalisering av ferdsel skjer på ein slik måte at det ikkje går ut over verneverdiane. Ut frå dette ønskjer verneområdestyret ein nær dialog med kommunen i arbeidet med slike planar.
- Gjennomføring av verdiskapingsprosjektet delprosjekt 4 (Sti- og løypeplan – adaptiv løypeforvaltning) for å få kunnskap om handlingsrommet for utviding av løypenettet på Hovden, inkludert beredskap som må til for å kunne opne/stenge trasear etter behov.



Informasjonstavle ved Hovden. Foto: SVR.

Hjelmeland (3)

Hjelmeland ligg etter Rv 13, 1-1.5 times køyring frå befolkningscenterane i Stavanger og Sandnes. Informasjonspunktet vil bli samlokalisert med turistinformasjonen til Hjelmeland kommune i Hjelmelandsvågen. Informasjonspunktet vil dermed ha betening i turistsesongen. Ved informasjonspunktet vil det stå fleire informasjonsskilt og det vil bli tilgang på ulike informasjonsbrosjyrar.

Innfallsporten vil ha desse startpunkta:

Kleivaland ligg i Vormedalen, om lag 19 km eller 20 min køyring frå Hjelmeland sentrum. Kleivaland er det sentrale startpunktet for turar til Ritlandskrateret, Øyastøl naturreservat og vidare inn i Vormedalsheia landskapsvernområde. Startpunktet betener i hovudsak fastbuande og langturturistar.

Tiltaka under kan være aktuelle dersom ein kjem fram til ei ny avtale med grunneigarane om parkering og eventuell omlegging av turløypene i området.

Tiltak

- Oppsetting av informasjonsskilt ved startpunktet på parkeringsplassen.
- Fjerning av eksisterande SVR informasjon.
- Utviding av parkeringsplassen.
- Klopplegging av sti i våte parti i og ved gapahuken
- Omlegging, opparbeiding og klopplegging av turstiar i området
- Betre merking av stien mellom gapahuken og Øyastølsmyra.
- Informasjonsskilt ved Øyastølsmyra (om tradisjonell bruk og skjøtsel av myra).
- Istandsetting av eksisterande bru eller bygging av ny bru over Ottestølsåna
- Slutføring av skjøtselstiltak knytt til vegetasjonsrydding på og ved Øyastølsmyra.
- Gjennomføring av myrslått på Øyastølsmyra i tråd med skjøtelsesplanen.

I 2018 vil SVR saman med grunneigarane, Hjelmeland kommune og Stavanger turistforening avklare kva som er dei beste løysinga i høve til parkering og turløyper i området.

Rydding av vegetasjon ved Øyastølsmyra har vore gjennomført i fleire år, og vil bli slutført i 2018.

Fundingsland ligg i om lag 25 km eller 30 min køyring frå Hjelmeland sentrum. Fundingsland er det sentrale startpunktet for turar til Trollgarden og vidare inn i Vormedalsheia landskapsvernområde. Dersom Stavanger turistforening byggjar ei ny sjølvbetent turisthytte ved Brendeknutane vil talet på besøkande auke kraftig. Startpunktet betener i hovudsak fastbuande og langturturistar.

Tiltaka under kan være aktuelle dersom ein kjem fram til ei avtale med grunneigarane om parkering og eventuell omlegging av turløypene i området.

Tiltak

- Oppsetting av informasjonsskilt ved startpunktet på parkeringsplassen.
- Fjerning av eksisterande SVR informasjon.
- Utviding av parkeringsplassen.
- Omlegging, opparbeiding og klopplegging av turstiar i området

Det vil og være aktuelt med oppsetting av informasjonsskilt ved startpunkta i Førre og Nes i Årdal.

Egna lokalisering må avklarast før informasjonspunktet i sentrum etablerast. Etablering av startpunktta og aktuelle tiltak ved desse kan likevel i starte tidlegare.



Frå Ritlandskrateret med Øyastølsmyra i bakgrunnen. Foto: Rune Roalkvam.

Øygardsstøl – Kjerag (7)

Øygardsstøl ligg 640 moh på vegen mellom Sirdal og Lysebotn i Forsand kommune. Ein kan komme til Øygardsstøl etter fylkesveg 500 frå Fidjeland i Sirdal, eller opp frå Lysebotn etter og ha kome hit med ferje. Det er og satt opp busstransport frå Stavanger i høgsesongen. Kjerag ligg ute på stupkanten 1000 m over Lysefjorden og 4 km vest for Øygardsstøl. Øygardsstøl er den sentrale innfallsporten for Kjerag og dei nordaustre delane av Frafjordheiane landskapsvernområde, og betener i hovudsak punktturistar.

Tiltak

- Ferdigstilling og mindre utvidingar av tilretteleggingstiltak på turstien til Kjerag
- Fjerne gamle boreboltar på Kjerag
- Etablering av informasjonspunkt med portal ved Øygardsstøl
- Samordning med informasjon frå andre aktørar og fjerning av eksisterande SVR informasjon
- Utvikle nettbasert informasjon om vernestatus, verneverdiar og åtferdsreglar i samarbeid med Lysefjorden Utvikling, Reisemål Ryfylke og Stavanger turistforening.
- Utarbeide retningslinjer for forvaltningspraksis i samband med ekstremportaktivitetar på Kjerag
- Gjennomføre årlege ferdselsteljingar på turstien til Kjerag

Tilretteleggingstiltaka på turstien til Kjerag har vore gjennomført frå 2014 og vil bli slutført i 2019. Stavanger turistforening vil bidra både med både pengar og praktisk arbeid for dette tiltaket.

Nødvendig nettbasert informasjon Kjeragområdet på ulike språk, vil komme på plass så fort som råd. Utviklinga av slik informasjon må skje i samarbeid med Lysefjorden utvikling, Stavanger turistforening og Forsand kommune.

Verneområdestyret vil vedta retningslinjer for forvaltningspraksis i samband med ekstremportaktivitetar på Kjerag i løpet av 2018. Her vil ein signalisere at verneområdestyret er positive til ekstremportaktivitetar på Kjerag. Det er samstundes ein føresetnad at slike aktivitetar kan gjennomførast med eit minimum av motorisert transport og utan bruk av borebolar.



Frå stien til Kjerag. Foto: SVR.

Brokke–Suleskardvegen - Håhellervatn (7)

Vegen mellom Brokke i Valle og Suleskard i Sirdal vart opna i 1990. Vegstrekninga er om lag 9 km, der høgste punktet på strekninga er på 1052 m.o.h. Vegen kryssar under demninga rett sør for Rosskreppfjorden som er ein del av Sira-Kvina reguleringa. Langs vegen, og rett sør for Rosskreppfjorden ligg Håhellervatn rasteplass og informasjonspunkt. Om lag 80.000 køyretøy ferdast på vegen kvart år når den er open (20.05-01.11). Rasteplassen og informasjonspunktet på Håhellervatn vil i hovudsak rette seg mot bilturistar.

Tiltak

- Omlegging av løypenettet som i dag ligg aust for Rosskreppfjorden slik at ein sikrar villreinens heilårige bruk av dette arealet. Tiltaket er aktualisert som følgje av ei eventuell flytting av Øyvsbu turisthytte som omtala ovanfor. Aktuell lokalisering er vest for Rosskreppfjorden eventuelt lenger aust enn dagens trase. Eit tredje alternativ kan vera å flytte løypa nærmare austsida av fjorden. Det er tvilsamt om det siste alternativet vil ha ønskja effekt i høve til villrein så lenge herskande vindretning frå vest fører til vindsetting av areala lenger aust.
- Flytte Øyvsbu turisthytte lengre aust eller vest. Ved ei eventuell flytting mot vest til området Håhellervatn må ein sikre at aktiviteten vert lagt til rette på ein slik måte at det skjermar trekkområda lengre aust.

- Vidareføre dagens ferdselsregime på Rosskreppfjorden. Båtslepp sør i magasinet skal vera stengd med bom, der nøkkel er forbeholden rettshavarar og dei med leigetilhøve på Statskog sine hytter kring magasinet.
- Halde fram avgrensinga av parkeringsmoglegheita langs det høgste partiet på vegen. Ved flytting av Øyuvsbu turisthytte må parkeringa knytt til denne leggast ned. Etablering av ny parkering i området ved eksisterande rasteplass ved Håhellervatn, eventuelt lenger vest utanfor verneområdet og trekkorridoren.
- Informasjonspunktet ved Håhellervatn må vidareutviklast med siktemål å nå fleire av dei reisande.
- Tilrettelegging av kort vandrerrute med utgangspunkt i rasteplassen ved Håhellervatn. Ruta bør vera 1 – 2 km. lang og leggast om eit høveleg utkikkspunkt i området.

For avklaring av tiltak nemnd i prikkpunkt 1 og 2 er det etablert ei arbeidsgruppe med deltakarar frå grunneigarsida, DNT Sør, verneområdeforvaltninga, Valle og Sirdal kommune samt villreinnemnda. Mandat er utarbeida av verneområdestyret for SVR. Arbeidet vil ha ei heilskapleg geografisk tilnærming der ulike alternative plasseringar av turisthytter og løyper vert greia ut slik det er omtala ovanfor. Ei slik brei tilnærming er ytterlegare aktualisert som følgje av at DNT-sør sin leigekontrakt på turisthytta Svartenut skal avviklast.



Informasjonspunktet ved Håheller. Foto: SVR.

Knaben (12)

Knaben er ein liten tettstad øvst i Kvinesdal kommune, om lag 25 km eller 30 min køyring frå Rv 44 ved Kvinlog. Knaben er den sentrale innfallsporten til dei sørlege delane av verneområda, og betener særleg fastbuande og hyttefolk.

Tiltak

- Etablering av informasjonspunkt ved parkeringsplassen eller ved ein eventuelt ny butikk i sentrum
- Etablering av startpunkt der tre av turløypene inn mot verneområdet tek til

- Informasjonsskilt om naturverdiar og kulturminne i verneområde i dei mykje brukte gapahukane
- Utvikle undervisningsopplegg om villrein for leirskolen.
- Bygge ny skibru i løypa inn mot Knaberøysa.
- Utvikling av den maskinpreparerte skiløypa til Knaberøysa til ei rundløype
- Bygge ein mindre parkeringsplass ved starten av turløypene på toppen av hyttefeltet aust for Knaben

Det er mykje som skjer på Knaben i samband med utvikling av hyttefelta og utvikling av «sentrum». Etablering av informasjonspunktet bør truleg vente til utviklinga av sentrum er avklart. Informasjonsskilt og ulike tiltak på løypenettet kan likevel realiserast tidlegare.



Frå Knaben. Foto: SVR.

4.1.4 Frittstående startpunkt

Øvre Moen (1)

Øvre Moen ligg etter Blåsjøvegen om lag 20 km frå Gullingen i Suldal kommune. Øvre Moen er det sentrale startpunktet for turar til Stranddalen turisthytte og dei sørlege delane av Dyraheio landskapsvernområde. Startpunktet blir nytta av om lag 4000 personar kvart år og betener i hovudsak langturturistar, dagsturistar og lokalbefolkning.

Tiltak:

- Oppsetting av informasjonsskilt
- Mindre utviding og betre arrondering av parkeringsplass

Førrevassdammen (2)

Førrevassdammen ligg etter ein sideveg av Blåsjøvegen om lag 30 km frå Gullingen, og er lokalisert i Hjelmeland kommune. Førrevassdammen er ein mykje bruka stoppestad for bilturistar i området ,og

eit startpunkt for turar til dei nordlege delane av Lusaheia landskapsvernområde. Startpunktet har besøk av om lag 8.000 personar kvart år, og dei aller fleste av desse er bilturistar.

Tiltak:

- Oppsetting av informasjonsskilt



Øvre Moen er startpunkt for turar i Dyraheio. Foto: Rune Roalkvam.

Hisdal (3)

Hisdal er startpunktet for turar i Hisdal naturreservat og er lokalisert i Bykle kommune. Tilkomsten er langs ein sideveg frå Rv 9 som er stengt med bom etter 2km. Hisdal naturreservat blir i hovudsak brukt av lokalbefolkning og langturturistar.

Tiltak:

- Oppsetting av informasjonsskilt

Ljosådalen (4)

Ljosådalen er startpunktet for turar i Ljosådalen naturreservat og er lokalisert i Bykle kommune. Tilkomsten er langs ein 5km lang sideveg frå Rv 9 som er stengt med bom. Ljosådalen naturreservat blir i hovudsak brukt av lokalbefolkning og langturturistar.

Tiltak:

- Oppsetting av informasjonsskilt

Flørli (5)

Flørli ligg på sørsida av Lysefjorden i Forsand kommune. Ein kan kome til Flørli med rutebåt eller på merka turistløype frå Skåpet/Vinddalen eller Øygardsstøl. Skåpet er i hovudsak eit startpunkt for

dagsturar og turar til Stavanger turistforening sitt rutenett i dei nordre delane av Frafjordheiane landskapsvernområde. Startpunktet har om lag 1000 besøkande kvart år, og betener både dagsturistar og langturturistar. Flørli har og ein del utanlandske besøkande. Om Stavanger turistforening byggjar ei ny hytte på ruta mellom Flørli og Øygardstøl, vil tale på brukarar av dette startpunktet auke kraftig.

Tiltak:

- Oppsetting av informasjonsskilt

Vinddalen (6)

Vinddalen ligg innover frå Øvre Espedal i Forsand kommune, om lag 22 km eller 25 min køyring frå Forsand sentrum, og om lag ein time frå Sandnes og Stavanger. Vinddalen er i hovudsak eit startpunkt for turar til Stavanger turistforening si hytte Skåpet, men fungerer og som startpunkt for turar vidare inn i Frafjordheiane landskapsvernområde. Startpunktet har om lag 4000 besøkande kvart år, og betener både fastbuande og langturturistar. Om Stavanger turistforening byggjar ei ny hytte på ruta mellom Flørli og Øygardstøl, vil tale på brukarar av dette startpunktet auke.

Tiltak:

- Oppsetting av informasjonsskilt

Skjerkevatn (7)

Skjerkevatn ligg heilt sør i Åseral og vatnet er ein del av Nåvassmagsinet. Agder Energi har hatt ei stor utbygging der dei siste åra med bygging av to nye dammar i Skjerkevatn. Skjerkevatn ligg i utfartsområde for Eikerapen hytteområde og Eikerapen Gjestegard (hotell). Frå Eikerapen og inn til dam Heddersvika er det om lag 10 km langs veg. Frå Kristiansand er det om lag 1,5 time køyring til Skjerkevatn. Frå Arendal er det om lag 2 timar.

I samband med utbygginga vart vegen frå Skjerka/Eikerapen til Skjerkevatn forlenga inn til dam Heddersvika. Vidare er det bygd ein drifteveg frå dam Heddersvika og inn til Småtjønndalen mot vest. Vegen til Skjerkevatn har vore stengt for ålmenn trafikk fram til no, men denne vil bli tilgjengeleg for ålmenta når anleggsarbeidet på dammane vert avslutta. Frå dam Heddersvika er det om lag 3 km. inn til vernegrensa for landskapsvernområde SVR

Fram til no har ferdsel inn i verneområdet frå Skjerkevatn i hovudsak vore knytt til fastbuande for drift av eigedomane vest for Nåvassmagsinet. Når vegen no vert open for allmenta kan ein forvente monaleg auka trafikk opp til Skjerkevatn og inn til dam Heddersvika. Mange vil og venteleg nytte driftevegen vidare inn til Småtjønndalen som turveg. Ut frå topografi og at det ikkje er etablert stiar vidare innover ser ein for seg liten auke i ferdsle inn i verneområdet frå denne kanten.

Med venteleg meir trafikk opp til dam Heddersvika er dette ein høveleg plass for informasjonsskilt om verneområdet. Ein bør få til ei samlokalisering med informasjonstavler som skal settast opp av regulant.

Tiltak:

- Oppsetting av informasjonsskilt

4.2 Andre informasjonstiltak

Informasjon på fjellhyttene

På alle DNT hytter, Statskoghytter, Fjellstyrehytter og aktuelle utleiehytter vil det bli gitt relevant informasjon om området. Aktuelle tema vil være villrein og åtferdsreglar i høve til villrein og informasjon om andre sentrale verneverdiar knytt til natur og kulturminne. Informasjonen bør gis både på norsk, engelsk og tysk.

Slik informasjon bør og gjerast tilgjengeleg på turistinformasjonar, hoteller, spisesteder, utleiehytter, campingplasser m.v i kring verneområda.



Stranddalen turisthytte. Foto: Rune Roalkvam.

Arrangement for skuleklasser

Fellesturar og undervisningsopplegg om villreinen og fjellområda i Setesdals- og Ryfylkeheiane for grunnskule elevar i bygdene rundt. Undervisningsopplegget inneheld både teoretiske og praktiske element og tema som verneområde og verneverdiar, villrein og botanikk, fiske og mat frå naturen, kart og orientering. Undervisningsopplegga vil bli utvikla vidare innanfor rammene til verdiskapingsprosjektet «Kunnskapsformidling om villrein og villrein fjell» som SVR har ansvaret for. Gjennom verdiskapingsprosjektet ønskjer ein og utvide dette tilbodet til og omfatte ungdomsgrupper 2-3 kommunar kvart år.

Temamøte og fellesturar

Temamøte om villrein og verneverdiar i fjellområda og fellesturar til villreinrelaterte kulturminne, vil bli arrangert i fleire kommunar i perioden 2018-2021. Målgruppa for arrangementa er ålmenta.

Vidareutvikling av utstillingar om verneområda

Dei eksisterande utstillingane om verneområda på Minne kultursenter i Åseral, Kvæven bygdetun i Sirdal og Nesflaten sentrumsbygg i Suldal, skal oppdaterast og vidareutviklast. Dette gjeld særleg utstillinga på Kvæven har eit avgrensa omfang og ikkje er heilt oppdatert. Utstillinga på Nesflaten er under utbygging og vil bli noko utvida dei neste åra.

På Haukeliseter vil det bli etablert ei ny utstilling kor villrein og omsynsfull ferdsel i villrein fjellet er hovudtema. Utstillinga er eit samarbeid mellom SVR, Stavanger turistforening, Norsk Villreinsenter Sør og Villreinnemnda for Setesdalsområdet.

Elektroniske informasjonstavler

Dei eksisterande elektroniske informasjonstavlene ved Minne, Kvinlog og Håhellervatn vil bli vedlikehaldne og vidareutvikla. Tavla på Minne er ein del av eksisterande utstilling på staden og vil bli vidareutvikla saman med denne. Tavla ved Håhellervatn vil bli ein integrert del av informasjonspunktet som planleggast på staden. Tavla ved Kvinlog vil bli drevet vidare i lag med Kvinesdal kommune og Statnett. Tavla kan få ein funksjon i høve til informasjonspunktet på Knaben.

Lysefjorden Utvikling planlegg ei elektronisk informasjonstavle for besøkande til Kjerag på innfallsporten ved Øydegardsstøl. Målet er mellom anna å gje oppdatert informasjon om vær og føre til turistane. Der vil være naturleg for SVR å bidra til opprettinga av denne tavla for å spreie informasjon om vernereglane.

Nettsider

I dag har SVR si nettside på domenet «nasjonalparkstyre.no». Denne inneheld i hovudsak forvaltningsrelevant informasjon. Nettsida vil bli vidareutvikla i samband med Miljødirektoratet sitt pågåande arbeid med oppgradering av desse sidene.

SVR vil i utgangspunktet satse på å spreie meir brukarorientert informasjon gjennom eksisterande og veletablerte nettsider som www.ut.no og www.visitnorway.no

4.3 Tiltaksplan

I tiltaksplanen har vi samanfatta tiltaka i dei føregåande kapitla. Tiltaksplanen som er skissert under må betraktast som rettleiande. Kva for tiltak som er mogleg og gjennomføre kvart år vil i stor grad avhenge av mellom anna tilgangen på tiltaksmidlar, status for kommunale infrastrukturutbygging ved innfallsportane og gjennomføringskapasiteten til verneområdeforvaltninga og aktuelle samarbeidspartnar. Både signal frå kommunane gjennom dei årlege møta i administrativt kontaktutval, og signal frå andre samarbeidspartar vil såleis være viktige i prioritering og planlegging av tiltak. Verneområdestyret vil derfor kvar haust utarbeide ein meir detaljert tiltaksplan. Når Miljødirektoratet si tildeling av tiltaksmidlar er klar vil planen bli justert. Her vil og skjøtselstiltak og mindre informasjons- og tilretteleggingstiltak som ikkje inngår i besøksstrategien kunne prioriterast.

Generelt vil tilretteleggingstiltak kor aktuelle samarbeidspartar, som kommunar, friluftsråd, grunneigarlag m.v. er aktive i planlegging og finansiering, bli prioritert tidlegare enn tiltak der SVR må dra lasset aleine. For at dei årlege tiltaksmidlane skal rekke til å gjennomføre tilretteleggingstiltaka som er skissert i besøksstrategien, må ein gå ut frå at SVR ikkje kan bidra med meir enn 50% av totalkostnaden for tiltaka. Tiltaksmidlane må i all hovudsak gå til etablering av tiltaka. Drift av tilretteleggingstiltak må derfor overlatast til samarbeidspartnar. SVR vil ta kostnadane til oppsetting og vedlikehald av informasjonsskilt.

Dei ulike tiltaka i besøksstrategien vil bli delt inn i tre grupper etter når i besøksstrategiperioden (2019-2025) dei er tenkt gjennomført. Tidleg i perioden (2019) ser ein føre seg og konsentrere seg om to innfallsportar (Eikeskog og Røssdalen), samt turstien på Hovden. Ein litt forsiktig start kan være lurt for å skaffe seg nødvendig erfaring med kostnader, planlegging og gjennomføring av

arbeidet. Dette er og innfallsportar kor samarbeidspartnarane er svært aktive og allerreie er i gang med prosjektering og gjennomføring. Midt i besøksstrategiperioden ser ein for seg å få på plass ytterlegare seks innfallsportar, mens hovudtyngda av arbeidet med etableringa av dei største innfallsportane vil skje mot slutten av perioden. Innfallsportane som er lette og etablere, og ein har aktive samarbeidspartnarar, vil bli tatt først. Innfallsportane som krev mykje planlegging og involverer mange aktørar vil bli tatt mot slutten av perioden. På nokre av innfallsportane må og planlagd kommunal infrastruktur på plass før det er hensiktsmessig for SVR og etablere sine informasjonspunkt. Rekkefølge for utbygginga av innfallsportane vil kunne endrast dersom føresetnadane endrar seg i løpet av tiltaksplanperioden.

Når det gjeld informasjons- og tilretteleggingstiltak som ikkje er direkte knytt til innfallsportane, ønskjer ein og komme i gang med dette arbeidet så tidleg som råd i besøksstrategiperioden. Informasjonsskilt på dei frittstående startpunkta vil og bli sett opp fortløpande når finansieringa er på plass.

Når ein kjem litt ut i tiltaksperioden vil ikkje tabellane under innehalde detaljerte tiltak for dei ulike innfallsportane. For ei fullstendig omtale av aktuelle tilretteleggings- og informasjonstiltak, visast det derfor til listene over tiltak i kapittel 4.1.2 og 4.1.3. Tiltaka i tabell 4-6 er oppført i ei ikkje prioritert rekkjefølgja i tabellane

Tabell 4. Tiltak som skal gjennomførast tidleg i besøksstrategiperioden (2019)

Tiltak	Verneområde/Innfallsport	Aktørar
Tilrettelegging av sti til Hovdenuten	SVR/Hovden	SVR, Bykle kommune
Utbygging av innfallsport	Frafjordheiane/Eikeskog	SVR, Jæren friluftsråd, grunneigar
2 informasjonsskilt	Frafjordheiane/Eikeskog	SVR
Nytt toalettbygg	Frafjordheiane/Eikeskog	Jæren friluftsråd
Utviding av parkeringsplass	Frafjordheiane/Eikeskog	Jæren friluftsråd / grunneigar
Utplassering av to grinder	Frafjordheiane/Røssdalen	Øvre Espedal grunneigarlag
2 informasjonsskilt	Frafjordheiane/Røssdalen	SVR
Ferdigstilling av parkeringsplass	Frafjordheiane/Røssdalen	Øvre Espedal grunneigarlag, Forsand kommune
Klopplegging av sti over Øyastølsmyra	Øyastøl/Kleivaland	Leonard Mikalsen
Rydding og merking av turstiar	Bortelid/SVR	SVR/grunneigarlag/DNT
Klopplegging av turstiar	Ljosland/SVR	SVR/grunneigarlag/DNT
Utstilling Minne	SVR	SVR
Utstilling Kvæven	SVR	SVR
Utstilling Nesflaten	Dyraheio/Nesflaten	SVR
Arrangement og fellesturar for barn, ungdom og ålmenta	Alle	SVR

Tabell 5. Tiltak som skal gjennomførast midt i besøksstrategiperioden (2020-2022)

Tiltak	Verneområde/Innfallspport	Aktørar
Utbygging av innfallspport m/startp	Dyraheio/Nesflaten	SVR
Utbygging av innfallspport m/ portal startpunkt	SVR/Hovden	SVR, Bykle kommune, reiselivsnæringa, grunneigarlag
Utbygging av innfallspport	SVR/Ljosland	SVR, Åseral kommune, grunneigarlag
Utbygging av innfallspport	SVR/Solheimsdalen	SVR, Sirdal kommune, grunneigarlag
Utbygging av informasjonspunkt	SVR/Brokke	SVR, Valle kommune, grunneigarlag
Utviding av parkeringsplass	SVR/Brokke	SVR, Valle kommune, grunneigarlag
Utbygging av innfallspport	SVR/Bortelid	SVR, Åseral kommune, grunneigarlag
Utbygging av innfallspport	SVR/Berg	SVR, Valle kommune, grunneigarlag
Utbygging av innfallspport	SVR/Langeid	SVR, Bygland kommune, grunneigarlag

Tabell 6. Tiltak som skal gjennomførast seint i besøksstrategiperioden (2023-2025)

Tiltak	Verneområde/Innfallspport	Aktørar
Utbygging av innfallspport m/ portal	Frafjordheiane/Øygardsstøl	SVR, Lysefjorden utvikling, Forsand kommune
Utbygging av innfallspport m/startp.	SVR/Knaben	SVR, Kvinesdal kommune, grunneigarlag
Utbygging av innfallspport	Vormedalsheia/Hjelmeland	SVR, Hjelmeland kommune, grunneigarar, Stavanger turistforening
Utbygging av informasjonspunkt m/ startpunkt	SVR/Ådneram	SVR, Sirdal kommune, reiselivsnæringa, grunneigarlag
Utbygging av informasjonspunkt m/ portal og carwalk	SVR/Håhellervatn	SVR, Valle og Sirdal kommunar, Sira-Kvina
Arrangement og fellesturar for barn, ungdom og ålmenta	Alle	SVR

4.4 Føringer for styring og kanalisering av ferdsel i verneområda i SVR

4.4.1 Bakgrunn

Verneområda i SVR utgjer det sentrale leveområde for Europas sørlegaste villreinstamme. Å ta vare på villreinen og arten sine leveområde er derfor eit viktig verneføremål for store deler av det verna arealet.

Samstundes er verneområda ein viktig arena for jakt, fiske og friluftsliv. Det har derfor blitt etablert ein til dels omfattande infrastruktur med hytter, stiar og skiløyper. Villreinen sitt leveområde er og sterkt påverka av inngrep i samband med vassdragsreguleringar og vegar, slik at tilleggsbelastningar frå menneskeleg ferdsel får større konsekvensar enn den ville fått i relativt urørte områder.

Allereie i dag er det stadvis konflikhtar mellom villreinens arealbruk og menneskeleg verksemd. Nokre heilt sentrale villreintrekk er under sterkt press, kor systematiske forstyrringar medfører tapte beiteareal og fragmentering av leveområda for villreinstammen. Det er derfor behov for tiltak som kan betre villreinen sine trekkmoglegheiter på desse stadane. Det er derfor sett i gang prosessar for og vurdere flytting og nedlegging av turisthytter og turistløyper, nye bomregimer på nokre anleggsvegar og stenging/brøyting av vinterstengte fylkesvegar. Besøksstrategien for SVR må derfor innehalde vurderingar av korleis eksisterande konflikhtar mellom villrein og menneskeleg aktivitet kan reduserast. Ei forankring i ein besøksstrategi vil være viktig for verneområdestyret sitt pågåande arbeid med å dempe desse konflikthane.

Eit vesentleg verkemiddel for styring og kanalisering av ferdsel, er utarbeiding av kommunale sti- og løypeplanar slik det er lagt opp til i Heiplanen. Her er det ein føresetnad at kommunane i området for den regionale planen, utarbeider slike sti- og løypeplanar. Mange stader vil stiar og løyper utanfor verneområda ha ein direkte innverknad på ferdselen i verneområda. Eit stort føremon med dei kommunale sti- og planane er derfor at ein kan få ei heilskapleg tilnærming utanfor og innanfor verneområda.

Det er eit visst press for og etablere nye turstiar og fleire maskinpreparerte skiløyper i verneområda, ikkje minst som følgje av vidare hytteutbygging og utvikling i randområda inn mot verneområda. Etablering eller omlegging av merka barmarksløyper i verneområdet, kvisting av vinterløyper, samt maskinpreparering av vinterløyper vil vera søknadspliktig etter verneforskriftene, men føreskriftene kan liten grad regulere verksemd utanfor verneområda. Dokumentasjon av behov, detaljerte løypetrasear og avveging av positive og negative konsekvensar skal skje gjennom kommunale sti og løypeplanar, før verneområdestyret kan vurdere å gi ein dispensasjon. Desse planane bør og innehalde ei vurdering av skadeverknader av eksisterande løyper, og ei vurdering av om nokon bør flyttast eller leggjast ned. For å få til ei heilskapleg vurdering av løypenettet er det og viktig at turistforeiningane trekkast inn i dei kommunale planprosessane, og at deira løypenett inngår i dei kommunale sti- og løypeplanane.

Turistforeiningane står for ein stor del av ny bygningsmasse som har komme til i sentrale villreinområde dei siste åra. Turistforeiningane står og bak mykje av motorferdsla i desse områda i samband med varetransport, vedlikehald og kvisting av skiløyper. Det er derfor eit behov for ei samla oversikt over turistforeiningane sin planlagde verksemd dei kommande åra, og korleis dei kan sikre at problematiske hytter og ruter blir flytta og lagt om.


I Besøksstrategien for SVR er det derfor behov for både føringar for etablering av nye løyper, og ei vurdering av eksisterande løyper og vegar. På denne måten kan besøksstrategien fungere som eit grunnlag for det kommunale planarbeidet der dette omfattar areal i verneområda.

4.4.2 Konkrete føringar for nye stiar og løyper

Dei følgjande føringane tek utgangspunkt i eksisterande verneføreskrifter og vernekart, samt Forvaltningsplan for verneområda i SVR. Det må understrekast at føringane berre gjeld verna areal der verneområdestyret er forvaltningsstyresmakt.


Det må understrekast at oppkøyrt og merka løyper som ein hovudregel skal leggst utanfor verneområda.

1. Nye merka stiar, kvista løyper og maskinpreparerte løyper må plasserast utanfor viktige villreintrekk, og viktige utvekslingsområder mellom ulike villreinområde. Unntak kan gjerast der ein med avgrensing av tidpunkt for kvisting og preparering, kan sikre at tiltaket ikkje blir til ulempe for villreinen.



Figur 4. Kart over sentrale villreintrekk (blått) i verneområda der ein ikkje ønskjer nye stiar og løyper.

2. Nye kvista løyper eller maskinpreparerte løyper må plasserast utanfor sentrale vinterbeiteområder. Unntak kan gjerast der ein med avgrensing av tidpunkt for kvisting og preparering kan sikre at tiltaket ikkje blir til ulempe for villreinen.




Figur 5. Kart over sentrale vinterbeiteområder (blått) i verneområda der ein ikkje ønskjer nye løyper.



Villrein i vinterfjellet. Foto: Rune Roalkvam.

3. Nye merka stiar, kvista løyper og maskinpreparerte løyper som kan medføre forstyrring i tidsrommet 25. april – 31. mai må plasserast utanfor villreinen sine kalvingsområder.



Figur 6. Kart over kalvingsområder (blått) i verneområda der ein ikkje ønskjer nye stiar og løyper.

4. Nye merka stiar, kvista løyper og maskinpreparerte løyper som kan medføre forstyrring, må ikkje plasserast nær hi og hekkeplassar for truga dyreartar. Nye merka stiar må heller ikkje etablerast på stader der ferdsla vil medføre slitasje og erosjon.

- 5. I verna areal utan sårbar vegetasjon, særskilde hi og hekkeplassar for truga artar og funksjonsområde for villrein, kan det søkast om dispensasjon om nye løyper etter ein føregåande handsaming gjennom ein kommunal sti og løypeplan. I denne planprosessen må det og avklarast om eventuelt nye løypetrasear kjem i konflikt med funksjonsområder for villrein eller hekkelokaliteter for rovfugl og andre truga dyreartar.**

Ved ein eventuell dispensasjon etter verneføreskrifta eller §48 i naturmangfaldlova, vil det bli stilt vilkår om at det må være etablert rutinar og praksis i høve til opning og stenging av maskinpreparerte løyper når det er villrein nær løypetraseen.

Førstegongs dispensasjonar vil bli gjeve for eit år. Eventuelle seinare dispensasjonar kan gjevast for inntil fire år.

Dispensasjonane vil normalt bli avgrensa til delar av vinteren, til dømes vinterferie og påskeferie.

I verneføreskrifta for Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde, punkt 5.5 kan det søkast om opparbeiding og preparering av til saman ti løypestrekningar.

Andre søknader om løyper i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde og søknader om løyper i andre verneområde, må handsamast etter §48 i naturmangfaldlova. Ved handsaming etter §48 plikter søker og greie ut og dokumentere konsekvensane av tiltaket det er søkt om. Som oftast vil dette vera gjort i samband med dei kommunale sti- og løypeplanane.

I dei fleste verneområda vil verneføreskrifta innehalde bestemmingar om at etablering og merking av merka turistløyper kan tillatast etter søknad.

Eventuelle dispensasjonar til nye kvista løyper må innehalde vilkår som gjer det mogleg og stenge og legge ned løypa dersom villreinen på nytt tek det aktuelle området i bruk.

Bruk av sykkel på stiar er forbode i SVR og Frafjordheiane utanom strekningar som er fastsett i forvaltningsplanen.

6. Utvikling av turistforeiningane sitt hytte- og løypenett føreset ei samla vurdering av tiltaka

Turistforeiningane gjer eit viktig arbeid i høve til tilrettelegging for friluftsliv, og verneområdestyret ønskjer å støtte opp om dette. Samstundes skal ein vera medviten på korleis verksemda og aktiviteten er førande for kor folk ferdast i heia. Verneområdestyret sin vurdering er at hytte- og løypetilbodet i verneområdet i store trekk er godt nok, men der det stadvis er trong for mindre utbetring av nokre av turisthyttene samt omlegging av turistløyper. Ved søknad om tiltak knytt til løypenettet og hyttene vil verneområdestyret krevje at turistforeiningane har utarbeida ein samla oversikt for tiltak i komande 10-års periode, inkludert korleis turistforeininga kan redusere den negative miljøverknaden av si verksemd.

4.4.3 Tiltak for og dempe konflikter ved eksisterende turiststier og løyper, anleggsvegar og fylkesvegar

1. Turisthytter, merka sommarløyper, kvista vinterløyper og anleggsveg i Steinbuskardområdet

Bakgrunn

Villreinen sine trekkmoglegheiter i området er avgrensa frå naturen side, og vart ytterlegare avgrensa etter Sira-Kvina og Ulla-Førre reguleringane med tilhøyrande magasin, anleggsvegar og kraftlinjer. Turisthytta Storsteinen med tilhøyrande rutenett er lokalisert i dei smale resttrekka, og i 2017 vart det registrert om lag 1000 passeringar på dei ulike stistrekningane i området. Det er og ein omfattande ferdsel til fots og med sykkel inn anleggsvegen frå Beinlei til Storevassdammen. Trekkaktiviteten i området har nærast stoppa heilt opp og villreinstamma er delt i to.

Det ligg føre eit regjeringsvedtak frå 1974 om lokalisering av løypenettet aust for Blåsjø. Ei eventuell flytting må derfor være frivillig. SVR er forvaltningsstyresmakt ved eventuell om lokalisering av hytter og rutenett. Miljødirektoratet kan med heimel i punkt i 4.4 i verneføreskrifta for SVR forby ferdsel i delar av verneområdet dersom det er nødvendig for å verne naturmiljø og dyreliv.

Tiltak

Dersom det blir lagt fram eit villreinfagleg grunnlag, vil SVR arbeide for nedlegging av Storsteinen og tilhøyrande rutenett, og flytting av hytte og løypenettet til vestsida av Blåsjø.

SVR har ei forventning om at STF vert ein pådrivar i dette arbeidet og saman med SVR, kommunar og grunneigarar kjem fram til ei friviljug ordning. SVR kan ta på seg å skaffe grunnlagsdata hovudsakeleg frå GPS-merkeprosjektet og elles vera ein aktiv samarbeidspart i arbeidet.

Prøvereglementet for Blåsjøvegen (anleggsvegen Oddatjønndammen-Beinlei-Storevassdammen) går ut i 2018, og NVE vil med det første starte prosessen med fastsetting av endeleg reglement. I denne prosessen vil SVR arbeide for at ferdsel inn til Storevassdammen blir så liten som råd. Stenging av bommen ved Oddatjønndammen for allmenn ferdsel, også etter 15. august kan være eit aktuelt tiltak.

2. Maskinpreparert løype til Sloaros

Bakgrunn

SVR har for 2018 gitt dispensasjon til at løypa kan preparerast i to vinterferieveker, påskeferien og helgene i mellom. Løypa til DNT Sør hytta kan kvistast i mellom 10. februar og 13. april.

Etter verneføreskrifta for SVR, kan det etter søknad, opnast for maskinpreparering av løypa i to vinterferieveker, påskeferien og helgene i mellom. Verneområdestyret for SVR er forvaltningsstyresmakt.

Tiltak:

Gjennom pågåande revidering av sti- og løypeplan for Bykle, ønsker SVR en nærare dialog med Bykle kommune og DNT-sør om tidspunkt for kvisting og parering av skiløypa til Sloaros. Ferdslsregime her må og sjåast i samanheng med konklusjonar og anbefalingar som kjem ut av arbeidet med

prosjektet adaptiv løypeforvaltning i Bykle. Ettersom villreinen ofte har trekt ut av dette området i april, kan ein dispensasjon som avgrensar seg til påskeferien være ei god løysing.

SVR vil vidare arbeide med og framskaffe betre data for bruken av løypene, samt være ein pådrivar i arbeide med og skaffe betre dokumentasjon ut frå innsamla GPS data.

3. Biltrafikk på anleggsvegen til Store Urevatn

Bakgrunn

Den 10km lange anleggsvegen frå Bykle til Store Urar er open for ålmenta om lag 1. juli – 15. oktober. I perioden 8.7-28.10.2016 vart det registrert 6730 passeringar. Størst trafikk i september med eit snitt på 82 passeringar i døgnet. Denne biltrafikken er såpass omfattande at den reduserer villreinen sin trekkaktivitet over vegen. Dei delane av året vegen er stengt vart det i tidsrommet 2006-2010 registrert 2.4 kryssingar pr. måned mot 0.6 kryssingar pr. måned når vegen var open for biltrafikk. Denne reduserte trekkaktiviteten medfører at store beiteområde mellom Store Urevatnvegen og Blåsjø blir lite brukt, og at trekkaktiviteten gjennom Steinbuskaret frå nord til sør fell bort ettersom få dyr oppheld seg nær trekkorridoren.

Verneføreskrifta for SVR regulerer ikkje motorferdsel på anleggsvegar, jfr punkt 5.1. bokstav b. Bruk av vegen er heimla i konsesjonen etter vassdragsreguleringslova kor NVE er forvaltningsstyresmakt. Bykle kommune har utarbeidd eit kravdokument og bedt NVE om at det blir opna vilkårsrevisjon for Øvre Otra reguleringane. Anleggsvegen er omtala i kravdokumentet, og Bykle kommune ønskjer at vegen framleis skal være open for ålmenta. Det er OED som fastsett endelege vilkår.

Tiltak

Stenge vegen for ålmenn ferdsel. Kraftselskap og rettshavarar vil ha nøkkel til bommen.

SVR vil være ein pådrivar for og skaffe betre dokumentasjon av vegen sin effekt på trekkmoglegheitene til villreinen, samt og skaffe dokumentasjon på korleis ferdsla på vegen fordelar seg mellom kraftselskapet, rettshavarane og ålmenta.

SVR vil ta initiativ til forhandlingar med involverte partar om eit endra bomregime.

4. Biltrafikk på anleggsvegen til Holmavatnet

Bakgrunn

Den 8km lange anleggsvegen mellom Sandvatnet og Holmavatnet i Holmavassåno biotopvernområde, kryssar villreinen sin trekkorridor mellom Kvanndalen og Dyraheio. Vegen er stengt for ålmenta, men den samla biltrafikken frå kraftselskap, grunneigar og rettshavarar på nord og austsida av Holmavatnet er likevel høg og er aukande. I tillegg vil det på grunn av vedlikehaldsarbeid på dammar og kraftlinjer bli ei sterk auke i ferdsla i 2018 og 2019. Den om lag 1.5km breie trekkorridoren har i hovudsak blitt brukt av bukkar etter kraftutbygginga. Dei siste to åra har og mindre forstringsflokkar brukt trekket. Det er derfor svært viktig og få redusert forstyrningane i området.

Verneføreskrifta for Holmavassåno biotopvernområde omtalar ikkje motorferdsel på anleggsvegen. Bruk av vegen er heimla i konsesjonen etter vassdragsreguleringslova kor NVE er forvaltningsstyresmakt.

Tiltak

SVR vil arbeide for at det blir innført eit nytt bomregime som reduserer biltrafikken gjennom trekkorridoren til eit nødvendig minimum.

SVR vil være ein pådrivar for og skaffe betre dokumentasjon av vegen sin effekt på trekkmoglegheitene til villreinen, samt og skaffe betre dokumentasjon av omfanget av biltrafikken på vegen.

SVR vil ta initiativ til forhandlingar med involverte partar om eit mogleg bomregime.

5. Tidspunkt for stenging og brøyting av Fv 500 (Lysebotnvegen)

Bakgrunn

Lysebotnvegen kryssar trekkorridoren mellom SVR og Frafjordheiane ved Andersvatnet-Børsteinvatnet. Dette trekket har nærast gått ut av bruk sidan midten av 1990-talet. Da trekket var i bruk skjedde kryssinga i november-desember. Om villreinen tek området i bruk på nytt er det viktig at vegen er stengt når trekket tek til.

Verneføreskrifta for SVR regulerer ikkje motorferdsel på denne fylkesvegen, jfr punkt 5.1. bokstav b. I den første forvaltningsplanen for SVR står det at tidspunkta for stenging og brøyting bør regulerast av ein avtale mellom SVR og Statens vegvesen. Ei slik avtale har aldri blitt inngått. Stenging og brøyting følgjer i dag tidspunkta til Brokke-Suleskardvegen (1. november – 20. mai).

Tiltak

Få på plass ein avtale med Statens Vegvesen om tidspunkt for stenging og brøyting.

SVR vil ta initiativ ovanfor Statens Vegvesen om fastsetting av tidspunkt for stenging og brøyting av Lysevegen. Lysefjorden utvikling, Stavanger turistforening og Forsand kommune bør rådspørjast i denne prosessen.

6. Kvista løype Lortabu - Sandvatn

Bakgrunn

Kvista løypa frå Lortabu ved Hunnedalsvegen og Stavanger turistforening si hytte Sandvatnet går nær ein hekkelokalitet for jaktfalk. Jaktfalk er oppført som nær truga (NT) på raudlista, og er sårbar for forstyrringar nær reirplassen tidleg i hekkeperioden. Dei siste åra har denne løypa vore kvista frå tidleg i februar til etter påske. Etter STF i 2017 bygde ei ny hytte ved Sandvatn med 20 nye overnattingsplassar kan dette medføre at trafikken i området aukar. Sjølv om jaktfalken har tolerert ferdsele fram til nå, er det likevel fare for at auka trafikken kan medføre redusert hekkesuksess.

Motorferdsel i samband med kvisting av løyper blir regulert av punkt 5.3.b. Stavanger turistforening fekk i 2016 dispensasjon til kvisting av turistløypene i området frå ei veke før vinterferien til 30. april fram til og med 2019.

Tiltak

Overvake om den auka overnattingskapasiteten på Sandvatn medfører auka bruk av kvista løypa.

Omlegging av løypetraseen for å få større avstand til jaktfalklokaliteten. Dette må skje i samråd med grunneigar og Stavanger turistforening.

Om trafikken aukar og det ikkje er mogleg å legge om løypa kan det være aktuelt å avgrense nåverande dispensasjon for 2019 til og gjelde berre for påska. Eventuelle nye dispensasjonar vil ha same avgrensing. Det eksisterer ei alternativ kvista løype inn til Sandvatn frå Høgaleite som kan brukast tidleg i sesongen.



Jaktfalken er sårbar for uroing. Foto: Tokumi Ohsaka (CC).

7. Kjerag - forstyrning av fotturistar frå helikopter, droner og ekstremспортarrangement

Bakgrunn

Kjerag er ein unik stad med svært store opplevingskvalitar, og har om lag 60.000-70.000 besøkande frå heile verda kvart år. Kjerag trekker og til seg utøvarar av ulike ekstremспортaktivitetar som mellom anna BASE hopp og balansering på line. Gjeldande dispensasjonspraksis frå SVR si side, har dei siste åra opna opp for helikoptertrafikk, bruk av droner og ulike arrangement med mellombels installasjonar som verkar forstyrrende på besøkande fotturistar. I tillegg har det vore ein del ulovleg verksemd som og har medført forstyrringar. Alt tydar og på at både talet på besøkande fotturistar og ekstremспортgrupper vil auke i åra framover.


Det store talet brukarar og brukargrupper gjer den einskildtes naturoppleving sårbar for forstyrring frå andre brukarar og aktivitetar. Eit av verneføremåla for Frafjordheiane landskapsvernområde er og sikre at *"Allmenta skal ha høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv med lita grad av teknisk tilrettelegging"*.

Eksisterande føringar i Forvaltningsplan for SVR vart utarbeidd så seint som i 2014, men talet på besøkande har nær blitt dobla etter dette. Droner var heller ikkje ei problemstilling da forvaltningsplanen vart utarbeidd. Dette gjer at nærare føringar for den stadig aukande aktiviteten på Kjerag blir viktig, mellom anna for og sikre ei god oppleving for dei som besøker Kjerag. Verneområdestyret er positive til ekstremsportaktivitetar på Kjerag. Det er samstundes ein føresetnad at slike aktivitetar kan gjennomførast med eit minimum av motorisert transport og utan bruk av boreboltar.

Tiltak

I samband med besøksstrategien har verneområdestyret utarbeidd føringar for mellombels installasjonar, samt bruk av helikopter og droner ved Kjerag. Desse føringane vil være retningsgjevande for verneområdestyret sin dispensasjonspraksis ved Kjerag.

- Det vil ikkje bli gitt dispensasjonar til helikoptertransport til filming og medieføremål eller bruk av droner utanom forvaltningsplanen sine tidsvindauger i juni (fire dagar) og september (fem dagar).
- Det samla talet på helikoptertransportar og droneløyver i dei to tidsvindauga må avgrensast slik at forstyrringa av besøkande forturister blir så liten som mogleg.
- Dispensasjon til bruk av drone til filming blir berre gitt til føretak som driv kommersielt med filming, og som kan dokumentere røynsle og har naudsynt sertifikat på plass.
- Dispensasjonar til mellombels installasjonar i samband med ulike ekstremsportaktivitetar, filminnspelinger m.v. avgrensast til tidsrommet 15-30 juni.
- All bruk av boreboltar er forbode slik at naturleg sikringar må brukast. Det kan bli gitt dispensasjon til plassering av eit avgrensa tal permanente boreboltar som kan brukast i samband med fleire aktivitetar.
- Mellombels installasjonar skal lokalisert i ei sone på vestsida av kløfta borte frå Nesatind og Kjeragbolten.



Figur 7. Soneringskart for Kjerag. Raud markering: Sone kor mellombels installasjonar kan tillatast, Blå markering: Sone for turgåing

5 Vedlegg

Vedlegg: Kunnskapsgrunnlaget

5.1 Naturverdiar, opplevingsverdiar og bruk av dei ulike verneområda

Verneområdestyret for SVR forvaltar ei rekke verneområde med ulikskap i verneform, flora og fauna, bruksintensitet mv. For at beskrivinga av kunnskapsgrunnlaget ikkje skal blir for generell, har ein difor vald å presentere dei mest relevante delane av kunnskapsgrunnlaget gjennom ei beskriving av det einskilde verneområde.

Lusaheia landskapsvernområde

Lusaheia landskapsvernområde ligg i Hjelmeland kommune og har ei utstrekning på 122 km². Området vart verna i 1991.

Verneføremål: Føremålet med vernet er å ta vare på eit særmerkt og vakkert høgfjellslandskap som inneheld sjeldsynte og sårbare naturelement.

Sårbare naturverdiar og trugsmål

I verneføremålet står ivaretaking av høgfjellslandskapet sentralt. Lusaheia er for ein stor del eit høgfjellsplatå liggjande mellom 1000 og 1100 meter over havet. Unnataket er den markerte Storådalen som delar området i to. Mykje av landskapet slik vi finn det i dag vart forma under og like etter siste istid. Det meste av høgfjellsplatået er snauslipt og nær utan vegetasjon. Mange stader er snaufjellet overstrødd med store og små flytteblokkar.

Lusaheia landskapsvernområde framstår i all hovudsak som urørt. Dei største inngrepa er knytt til Ulla-Føre utbygginga med overføringa av Årdals-Krymlevatn til Blåsjø. Det ligg og nokre få driftehytter i området, samt ei turisthytte ved Eidavatn. I kgl. res. for oppretting av verneområdet er det opna for bygging av ytterlegare seks drifshytter. Det føreligg også planar for mindre inngrep i samband med vidare kraftutbygging ved Årdals – Krymlevatn.

Floraen i Lusaheia landskapsvernområde er relativt artsfattig. Så langt ein veit er det ikkje raudlista botaniske førkomstar i området. År om anna hekkar rovfugl som fjellvåk og kongeørn i området.

Dei siste åra, med lita villreinstamme, har området i hovudsak vore nytta som beiteområde for mindre bukkeflokkar, både sommar og vinter. I periodar med større villreinstamme, har området også til ein viss grad blitt nytta av fostringsflokkar. Det er som nemnt få fysiske installasjonar som verkar forstyrrande for villreinen, turistferdsle er svært avgrensa, og det er generelt lite motorferdsel i samband med landbruksdrift, kraftproduksjon og drift av turisthytter. Det er lite som tyder på at noko av dette skal endre seg i tida framover. Kva som skjer lenger aust, i korridoren mellom Blåsjø og Svartevassmagasinet, vil truleg være avgjerande for i kor stor grad villreinen kjem til å nytte Lusaheia i tida framover.

Friluftsliv og oppleving

Eidavatn tilhøyrar Stavanger turistforening, og er den einaste turisthytta i Lusaheia. I tillegg går store delar av dei merkte turistløypene Eidavatn-Grasdalen, Eidavatn- Nilsebu, og Eidavatn-Litle Aurådal gjennom verneområdet. Eidavatn har dei siste åra hatt om lag 210 overnattingar, fordelt på 10 i vintersesongen og 200 i sommarsesongen. Nilsebu turisthytte ligg rett på utsida av verneområdet, men besøkande på hytta bruker Lusaheia til dagsturar. Nilsebu har dei siste åra hatt om lag 850 overnattingar, fordelt med 350 i vintersesongen og 500 i sommarsesongen. Bruken av turisthyttene i Lusaheia ser ut til å ha vore relativt stabil dei siste 30 åra. Lusaheia har vore eit viktig område for storvilt- og småvilt- jakt, men dei siste åra har det ikkje vore villreinjakt i Hjelmeland statsallmenning. Frå 2013 og tre år framover, er det heller ikkje småviltjakt i statsallmenningen. Denne fredinga omfattar også delar av dei private områda i Lusaheia.



Fjæreplytten hekkar m.a. i Lusaheia og Vormedalsheia. Foto: Rune Roalkvam.

Vormedalsheia landskapsvernområde

Vormedalsheia landskapsvernområda i Hjelmeland kommune vart verna i 1991. Storleiken på verneområdet er 120 km².

Verneføremål: Ta vare på eit særmerkt og vakkert landskap som gjev eit godt tverrsnitt av Ryfylkenaturen frå fjord til høgfjell, og som inneheld sjeldsynte og sårbare naturelement.

Sårbare naturverdiar og trugsmål

Den sentrale delen av Vormedalsheia består av eit høgfjellsplatå som ligg om lag 900 moh. Opp frå dette platået stikk det opp fleire markerte toppar, der Midtre Brendeknuten (1133 moh) og Fjellsenden (1102 moh) er dei to høgaste. I vest omfattar Vormedalsheia ein del lågareliggande

skogsområde, ved Ritlandstjørnane og nord for Fundinglandsvatnet. I vest finn ein også markerte dalføre inn mot Hegnavatnet og Kvanndalsvatnet. I sør omfattar Vormedalsheia dei to markerte dalføra Djupadalen og Norddalen, med Stutaryggen mellom desse.

Dei lågareliggande delane av Vormedalsheia er tydeleg prega av verksemd knytte til støling og anna beitebruk. I tillegg finst det om lag 20 fritidshytter i Vormedalsheia. Når det gjeld andre bygningar, står det ei turishytte på Melands-Grønahei, og eit lukehus ved Kviavatnet. Det er nokre få vegar i Vormedalsheia. Anleggsvegen frå Førre og opp gjennom Stølsdalen, svingar så vidt innom verneområdet, mens det går ein traktorveg inn til Ottestøl, og eit stykke vidare mot Bjørnabu. Vormedalsheia er råka av inngrep knytt til Ulla-Førre utbygginga gjennom reguleringa av Kvivatnet.

Vormedalsheia inneheld ei rekke svært verneverdige lokalitetar, og fleire av desse har nasjonal verdi. Verneverdiane i Vormedalsheia er knytte til geologiske og botaniske verdiar, som i høgste grad kan karakteriserast som sjeldsynte og sårbare (Fylkesmannen i Rogaland 1986, Tysse 2002, Søyland m.fl. 2014). Samstundes er også verneverdiane knytt til det særmerkte landskapet svært store. Dei viktigaste naturverdiane er lista opp i det følgjande:

- Dei aller største verneverdiane er truleg knytte til Ritlandskrateret heilt vest i verneområdet. Dei siste åra har det blitt prova at dette er eit krater etter eit meteorittnedslag. Dermed er dette det andre registrerte meteorittkrateret på det norske fastlandet. I Ritlandskrateret kan ein, som einaste staden i Rogaland, finne fossil. Sjå eigen omtale kap. 2.2.2
- Trollgarden har nasjonal verneverdi. Dette er ein fleire kilo- meter lang, og svært markert morenerygg, som vart danna under ein breframstøyt for på lag 6000 år sidan.
- Øyastølsmyra er eit eige naturreservat, men ligg delvis innanfor Vormedalsheia landskapsvernområde. Øyastølsmyra er registrert som slåttemyr, og er dermed ein utvald naturtype.
- Melands-Grønahei er eit variert myrområde, med innslag av terrengdekkande myr i relativt store område. Ter- rengdekkande myr av denne storleiken er sjeldan i Rogaland, og myrane på Melands-Grønahei er regionalt viktige.
- I Vormedalsheia finn ein fleire fjellområde med svært rikt planteliv og artar som er sjeldne, også i nasjonal målestokk. Dei viktigaste områda er Skardheia, Austmannahovudet, Stropastøl og Grånibba-Brendeknutane. Her finn ein artar som malurt (status *sårbar*, VU) skredmjelt (status *sterkt trua*, EN) og bergjunker (status *nær truga*, NT), samt mange artar som ha si sørgrænse i desse lokalitetane. Andre artar som er oppførde som nær truga (NT) i nasjonal raudliste for artar 2010, er fjellnøkleblom, engbakkesøte, nebbstarr og jøkulstarr.

Det er store verneverdiar knytte til det særmerkte landskapet i Vormedalsheia. Spennvidda i landskapselement er svært stor over korte avstandar. Det er berre 5 kilometer frå dei varme og sørvendte rasmarene og edellauvskogen ned mot Jøsenfjorden, og opp til høgfjellet ved Brendeknutane. I Vormedalsheia finn ein fleire velhaldne og vakre stølsområde. Gode døme er områda ved Vasstøl og Stakkestøl, dalføret frå Ottestøl til Kvanndal, og Bjørnabu og Stråpastøl.

Vormedalsheia har også naturverdiar knytte til funksjonen som leveområde for villreinstamma i Setesdal Vesthei- Ryfylkeheiane villreinområde. Dei siste åra har det ikkje vore villrein i Vormedalsheia, men så seint som på midten av 1990-talet, hadde 200-300 dyr fast tilhald i området. Slike randområde er generelt viktige for villreinstamma, i dei åra dyra trekker ned i fjellbjørkeskogen for å finne mat.

Ein finn inga opplagte trugsmål mot naturverdiane. Når det gjeld villreinen sin bruk av området er det truleg av større viktighet kva som skjer lenger aust i korridoren mellom Blåsjø og Svartevassmagasinet, samt den totale stammestorleiken.

Friluftsliv og oppleving

Melands-Grønahei, som tilhøyrar Stavanger turistforening, er den einaste turisthytta i Vormedalsheia. I tillegg går store delar av dei merkte turistløypene Kleivaland-Melands-Grønahei, Melands-Grønahei-Grasdalen, og Funningsland-Grasdalen, gjennom verneområdet. Melands-Grønahei har dei siste åra hatt om lag 580 overnattingar, fordelt på 60 i vintersesongen og 520 i sommarsesongen. Grasdalen turisthytte tilhøyrar Stavanger turistforening, og ligg i dalføret mellom landskapsvernområda Lusaheia og Vormedalsheia. Grasdalen har dei siste åra hatt om lag 100 overnattingar. Trodla-Tysdal turisthytte er i privat eige, og ligg rett på utsida av verneområdet, men besøkande på hytta brukar Vormedalsheia til dagsturar. Trodla-Tysdal har dei siste åra hatt om lag 1000-1500 overnattingar i sommarsesongen, i tillegg til om lag 4000 dagsbesøk.

Vormedalsheia har vore eit viktig område for storvilt- og småviltjakt. Dei siste åra har det ikkje vore villreinjakt i Vormedalsheia, men det blir jakta elg og hjort kvart år. Det er også ein del småviltjakt i Vormedalsheia.

Ritlandskrateret

Kunnskapsgrunnlaget for desse lokalitetane er i stor grad henta frå rapporten Besøksstrategi for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane. Kjerag, Mån og Månafossen, Håhelleren og Ritlandskrateret (NINA Rapport 1221, Gunderse. V. Vistad. O.I 2016)

Ritlandskrateret som attraksjon er knytt til historikk, geologi og landform som følgje av meteoritnedslaget for 500 – 600 mill. år sidan. Naturtypar, vassdrag og det fysiske landskapet forøvrig bær og preg av å vera urørt.

Som attraksjon er Ritlandskrateret av ny dato. Dette heng saman med at lokaliteten for meteoritnedslag vart stadfesta så seint som i 2008. Tallet på besøkande er og monaleg lågare enn andre meir kjende attraksjonar i landsdelen som Månafossen og Kjerag. Frå lokalt hald, i første rekke Hjelmeland kommune, vert det arbeida aktivt for å gjere området meir kjend og auke talet på besøkande.

Naturleg utgangspunkt for turen inn i området er fra den offentlege parkeringa ved Kleivaland. Frå parkeringa kan ein følgje sti og skogsvei inn til ein gapahuk plassert på utkikkspunkt nord-vest for krateret. Ein kan og følgje merka turiststi (Stavanger turistforening) til turisthytta Melands Grønehei. Ved å kombinere desse rutene kan ein og få til ein kortare rundløype med utgangspunkt i parkeringa. På parkeringa ved Kleivaland er det sett opp ei informasjonssøyle og informasjonstavle med kart.

Ein skal elles merke seg at turiststien inn i området går i kanten av naturreservatet Øyastølsmyra. Dette er eit særst interessant og variert myrområde med innslag av både fattigmyr og rikmyrvegetasjon. På delar av myrområdet klassifisert som slåttemark er det sett i verk skjøtselstiltak og rydding av skog.

Kvanndalen landskapsvernområde

Kvanndalen landskapsvernområde ligg i Suldal kommune. Det vart verna i 1997, og storleiken på verneområdet er 84 km².

Verneføremål: Føremålet med landskapsvernet er å ta vare på eit særmerkt fjellområde med urørt natur, rikt planteliv med m.a. bergjunker, verdifulle stølsområde, beitelandskap og eldre og nyare kulturminne etter støling, heibeiting, jakt, fiske og fangst. Føremålet er også å ta vare på viktige leveområde for viltet, spesielt å sikre eit samanhengande fjellområde og delar av livsgrunnlaget for den sørlegaste villreinstamma i Europa.

Sårbare naturverdiar og trugsmål

Sjølv om Kvanndalen er eit naturleg midtpunkt, inneheld Kvanndalen landskapsvernområde meir enn dalen, som har gjeve namn til området. Her finn vi dei tre høgaste fjelltoppane i Rogaland, ein rik flora, viktige funksjonsområde for villreinen, og mange kulturminne i samband med ferdsel, stølsdrift og reinsdyrfangst. Kvanndalen landskapsvernområde er råka av inngrep i samband med Røldal-Suldal utbygginga. Isvatnet er senka 10 m, og det naturlege utløpet mot nord er stengt med ein terskel. Dette medfører redusert vassføring i Isåna.

Dei landskapsmessige verneverdiane er også i stor grad knytt støls- og beitelandskapet, og kulturminna frå denne verksemda. Desse finn ein særleg i samband med dei mange støllvollane som ligg som perler på ei snor innover dalen, frå Fleso til Bakkalegeret. Særmerkt for Kvanndalen er spora etter stordrifta med leigegeiter inne på Jensafeta, frå om lag 1916-1930 (Foldøy 1988). Det finst også ei rekke kulturminne i samband med jakt og fangst av villrein. Det er mellom anna registrert fleire bogestille og dyregrover, der særleg ei på Litledalsfledne er i god stand.

Dei rike botaniske lokalitetane er ein sentral verneverdi i Kvanndalen. Her finn ein også ein liten bestand av bergjunker, som har status som nær truga (NT) i nasjonal raudliste for artar 2010. Bergjunker veks berre nokre få stadar i landet, utanom lokalitetane i Suldal og Hjelmeland. I tillegg til bergjunkeren, er det registrert ei lang rekke sjeldne fjellplantar, som mellom anna kvitkurle og grannsilde, som begge har status som nær truga (NT) i nasjonal raudliste for artar 2010. Dei rikaste lokalitetane finn ein langs Svultanutskora og i Litlevassbotn (Meyer og Botn 1983).

Kvanndalen har store verneverdiar knytte til funksjonen som leveområde for villreinstamma i Setesdal Vesthei- Ryfylkeheiane. Det går eit viktig villreintrekk over Litledalsfledne mot Kistenutenden, og over dalen til Djupetjørn. Dei høgareliggande områda i Kvanndalen landskapsvernområde blir årvisst nytta som vinter- og sommarbeite av fleire mindre bukkeflokkar. Storlom og svartand, som begge har status som nær truga (NT) i nasjonal raudliste for artar 2010, er også observert i Kvanndalen.

I dag er det ikkje mogleg å identifisere store trugsmål mot dei botaniske verneverdiane i Kvanndalen. Lokalitetane ligg ofte i bratte område, slik at slitasje frå ferdsel, eller beite av sau, ikkje utgjer noko stort problem. Attgroing er heller ikkje noko stort trugsmål så langt over tregrensa.

Det er ikkje mogleg å peike på tilhøve med bruk og ferdsel, som i dag utgjer alvorlege trugsmål mot Kvanndalen som leveområde for villreinstamma. Alle typar ferdsel er svært avgrensa, og vinterstid er det knapt folk i desse områda, med unntak av i dei kvista skiløypene i utkanten av området. Om våren er det ein del trafikk frå Haukeliseter opp til toppen på Vassdalsegga, og denne ferdselen vil verke forstyrrande på bukkane, som held til i området på denne tida av året.

Friluftsliv og oppleving

I dag har Stavanger turistforening ei turisthytte ved Svultanuten. Frå denne går det turistruter ut til Kvanndalsdammen, oppetter Kvanndalen til Haukeliseter, og gjennom Skorpeskar til Sandvatn, og vidare til Holmevasshytta eller Bleskestadmoen. Kvanndalshytta har om lag 100 overnattingar i året, og mest alle skjer om sommaren og hausten.

Kvanndalen har vore eit viktig område for storvilt- og småviltjakt. Det blir jakta på elg og hjort kvart år i dei lågareliggande skogsområda, og i 2013 vart det gjeve 15 fellingsløyve for villrein. Det er også ein del småviltjakt i Kvanndalen.

Dyraheio landskapsvernområde

Dyraheio landskapsvernområde ligg i Suldal kommune og vart verna i 1997. Storleiken på det verna området er 304 km².

Verneføremål: Ta vare på eit særmerkt fjellområde med urørt natur, rikt planteliv med m.a. bergjunker, verdifulle stølsområde og beitelandskap, eldre og nyare kulturminne etter støling, heibeiting, jakt, fiske og fangst. Føremålet er også å ta vare på viktige leveområde for viltet, spesielt å sikre eit samanhengande fjellområde og delar av livsgrunnlaget for den sørlegaste villreinstamma i Europa.

Sårbare naturverdiar og trugsmål

Dei rike botaniske lokalitetane i områda mellom Øvre Moen og Kvelven, er ein av dei aller fremste verneverdi-ane i Dyraheio. Dette er veksestaden for ein livskraftig bestand av bergjunker, som har status som nær truga (NT) i nasjonal raudliste for artar 2010, og veks berre nokre få stadar i landet, utanom lokalitetane i Dyraheio og Vormedalsheia. Den rike fjellfloraen i Stranddalen, gjer denne lett tilgjengelege lokaliteten godt eigna og verdifull i undervisningssamanheng. Liknande verdifulle botaniske lokalitetar finn ein også i Hongsnuten, i Raudnuten og i Meiadalen. Utover bergjunkereren er det registrert fem andre plantar med status som nærtruga (NT) i nasjonal raudliste for artar 2010. Dette er jøkelstarr, gransildre, kvitkurle, ullbak-kestjerne og jemtlandsrapp. I tillegg er snøgras med status sårbar (VU) registrert.



Bergjunker og raudsildre i Dyraheio. Foto: Rune Roalkvam.

Det er store verneverdiar knytte til landskapet i Dyraheio. Variasjonen og kontrastane i landskapet er svært stor, frå grøne og frodige oasar i fjelldalane, til høge fjelltoppar med glattsкура knausar og store snøfenner. Dyraheio inneheld fleire velhaldne og vakre stølsområde. Gode døme er gryta ved Nystølen og Bleskestadmoen, dalføret frå Gaukstøl til Krokevasstølen, og gryta frå Jonstøl opp mot Sandvatnet og Kyrkjesteindalen. Dyraheio har store verneverdiar knytte til jakt og anna verksemd i høgheia. Både i Steinkilen og i Breiavad er det eit unikt bygningsmiljø, med tre generasjonar av jakthytter, bygde i eit tidsrom på vel 100 år. Frå ei jordhytta med steinveggar, som delvis er graven inn i bakken, til moderne jakthytter. I tillegg finst det ei lang rekke hellerar, som har blitt nytta i samband med jakt, beitebruk og ferdsel, og ei handfull dyregraver og jordhytter. I tillegg går det fleire oppvarde ferdselsveggar mellom Suldal og Bykle gjennom Dyraheio.

Dyraheio har store verneverdiar knytte til funksjonen som leveområde for villreinstamma i Setesdal Vesthei-Ryfylke-heiane. Særleg verdifulle er dei austlegaste delane av Dyraheio, som er eit mykje brukt vinterbeite, for den delen av stamma som held til i dei nordlege områda av Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane. Dei lågareliggande delane i vest blir også nytta som vårbeite, og fjellbjørkeskogen i

vest vil ha ein svært viktig funksjon som nødbeite i år med mykje snø, eller med sterk nedising av beita lenger aust. Til saman fem fugleartar, oppført som nær truga (NT) i nasjonal raudliste for artar 2010, er registrerte i Dyraheio. Det er strandsnipe, bergirisk, storlom, svartand og fiskemåke.

I dag er det ikkje mogleg å identifisere store trugsmål mot dei botaniske verneverdiane i Dyraheio. Lokaltetane ligg ofte i bratte område, slik at slitasje frå ferdsel eller beite av sau, ikkje utgjør noko stort problem. Attgroing er heller ikkje noko stort trugsmål så langt over tregrensa.

Det er ikkje mogleg å peike på tilhøve som utgjør alvorlege trugsmål mot funksjonen Dyraheio har som leveområde for villreinstamma. I vinterbeiteområda er både motorferdsel og annan ferdsel avgrensa. Det kan førekome lokale forstyrringar i samband med turisthytter og andre populære turmål om våren.

Friluftsliv og oppleving

Stavanger turistforening har eit relativt omfattande verksemd i Dyraheio. Dei har eit godt utbygt rutenett, og sjølvbetjeningshytter ved Krossvatn og på Bleskestadmoen. I tillegg er det reist ei heilt ny sjølvbetjeningshytte på Jonstøl i 2014. I Stranddalen er det bygt opp eit moderne turistanlegg, og den betente turisthytta er eit svært populært turmål. Suldal fjellstyre har to relativt nye hytter i Dyraheio; ei på Grjotdalsneset og ei i Steinkilen. Desse hyttene står opne, og blir særleg bruka i samband med jakt og fiske.

Området har svært mange gode fiskevatn, og kvar haust blir det jakta både rype og villrein. Kor mange som brukar Dyraheio i samband med friluftsliv, har ein ikkje sikre tal på, men i 2010 vart det registrert 3100 overnattingar på turisthyttene, og 300 overnattingar på fjellstyrehyttene. I tillegg kjem mange som nyttar Dyraheio til dagsturar. Toppar som Såta og Snønuten er godt besøkte både sommar og vinter, og om lag 2000 tek turen inn til Stranddalen, for å sjå på det rike plantelivet, eller for å få seg ein komlemiddag. Bruken av Dyraheio er klart størst om sommaren. Dersom ein skal tru på overnattingsstatistikken, skjer så mykje som 85% av bruken i sommarhalvåret.

Dyraheio har alltid vore eit viktig område for storvilt- og småviltjakt. Det blir jakta på elg og hjort kvart år i dei lågareliggande skogsområda, og i 2013 blei det gjeve om lag 100 fellingsløyve for villrein. Det er også ein del småviltjakt i Dyraheio.

Frafjordheiane landskapsvernområde

Frafjordheiane landskapsvernområde ligg i kommunane Forsand, Gjesdal og Sirdal. Verneområdet vart oppretta i 2003 og har ein storleik på 419 km².

Verneføremål: 1) Ta vare på eit representativt, særprega og vakkert landskap, med bratte fjord- og dalsider via lågheiar opp til glattskurt høgfjell. 2) Ta vare på vatn og vassdrag, viktige leveområde for eit særmerkt plante- og dyreliv, geologiske landskapsformer, samt beite- og stølslandskap med automatisk freda og nyare tids kulturminne. 3) Ta vare på ein særmerkt alm-/lindeskog med stor variasjon, storfrytledominert bjørkeskog, frisk fattigeng, nordvendte berg og urar, og elvar og flaumelvefar med oseaniske mosesamfunn i Røssdalen.

Allmenta skal ha høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv med lita grad av teknisk tilrettelegging.

Sårbare naturverdiar og trugsmål

Eit karakteristisk preg ved landskapet i Frafjordheiane, er dei markerte dalføra. Dette gjeld til dømes Røssdalen, med dramatiske former som Fossajuvet og Nordre Dunsen. Også Lysefjorden, med

verdskjende element som Preikestolen og Kjeragveggen, og Fidjadalen, med mellom anna Månafossen, den høgaste fossen i Rogaland, er karakterskapande område. Sjølv om Frafjordheiane er prega av fleire kraftutbyggingar, er grensene for verneområdet trekt slik at det er få slike inngrep inne i Frafjordheiane landskapsvernområde.



Indredalen mot Røssdalen. Foto: Rune Roalkvam.

Frafjordheiane inneheld ei rekke svært verneverdige lokalitetar, og fleire av desse har nasjonal verdi. Verneverdiane i Frafjordheiane er i første rekke knytte til landskapsmessige og kvartærgeologiske verdiar, men verneverdiane knytte til botanikk og fugleliv er også store. Dei viktigaste verneverdiane er lista opp i det følgjande:

- Røssdalen (landskap, kvartærgeologi, vegetasjonstypar)
- Fidjadalen frå Månafossen til Blåfjellenden (landskap, kvartærgeologi, kulturlandskap og kulturmark)
- Espedalsstølen og områda kring Frafjordhatten (kystnedbørsmyr og boreal hei)
- Nord for Hunnevatn (naturtype fosseberg og fosseeng)
- Verna vassdrag med mange ulike biotopar, interessant kvartærgeologi samt store kulturhistoriske interesser)
- Hekkelokalitetar av jaktfalk, hubro, kongeørn, tårnfalk og dvergfalk
- Raudlista karplanter - jøkelstarr, hengepiggfrø og alm (alle status nær truga, NT). I tillegg plommenype (status sårbar, VU)

Dei siste 20 åra har bruken til villreinen i Frafjordheiane vore svært avgrensa, men det utelukkar på ingen måte at Frafjordheiane på nytt kan bli tekne i bruk. Større villreinstamme, og sykliske endringar i arealbruken, kan føre til at villreinen på nytt finn vegen inn i dette området. Tradisjonelt vart dei austre delane bruka til vinterbeite av både simler og bukkar, mens bukkane også brukte området til sommarbeite.

Attgroing er eit trugsmål både mot kulturlandskapet og enkelte botaniske verdiar. Nokre stader kan ein og sjå at høgt beitetrykk frå sau verkar inn. For rovfugllokalitetane utgjer forstyrring frå ferdsel eit visst trugsmål.

Det er fleire trugsmål mot Frafjordheiane som leveområde for villreinstamma. Fleire av dei registrerte trekkvegane, er sterkt påverka av ferdsel langs merkte turløyper til turisthytter, og dette kan få negative konsekvensar for høvet villreinen har til å utnytte beiteressursane i Frafjordheiane. Trekka aust og vest for Børsteinvatnet, kjem i konflikt med biltrafikken på fylkesvegen mellom Lysebotn og Sirdal om sommaren, og ferdsel til og frå turisthytter ved Børsteinen, kan vere problematisk både sommar og vinter. Trekket mellom Rundavatnet og Langavatnet ligg nær turisthytta ved Langavatn, og kjem dessutan i konflikt med den kvista vinterløypa mellom Sandvatn og Langavatn. Trekket aust for Sandvatn går rett forbi turisthytta, og vil kunne bli sterkt påverka av ferdsel i området, både sommar og vinter.

Friluftsliv og oppleving

Frafjordheiane nyttast mykje i samband friluftsliv og oppleving. Dette skuldast nok ein kombinasjon av dei natur- og landskapskvalitetar, nærleiken til store befolkningsentra samt relativ enkel tilgang frå fleire innfallsportar.

Stavanger turistforening har tre turisthytter i Frafjordheiane. Både dei ubetente hyttene Blåfjellenden og Sandvatn, og den sjølvbetente ved Langavatn, ligg i dei sentrale og austlege delane av området. I tillegg eig STF Flørlistølen, som er låst, men som blir leigd ut. I tillegg går det fleire merkte turistløyper gjennom Frafjordheiane. Dei siste åra har dei tre opne turisthyttene i snitt hatt om lag 4000 overnattingar til saman. Desse er fordelte på 600 i vintersesongen og 3400 i sommarsesongen. I tillegg har Jæren Friluftsråd bygd opp ein turiststasjon i det gamle våningshuset på fjellgarden Mån. Her har det dei siste åra blitt registrert om lag 1000 overnattingar. Dei ubetente turisthyttene Flørli og Børsteinen ligg rett på utsida av verneområdet, men besøkande på hyttene bruker i stor grad løypenettet inne i verneområdet.

Stavanger turistforening har om lag 31 km kvista vinterløyper i området, fordelte på strekningane Høgaleite – Sandvatn – Langavatn, og Lortebu – Sandvatn – Blåfjellenden. Løypene blir kvista kvart år i tidsrommet frå om lag 15. februar til ut april.

Fleire område i Frafjordheiane blir nytta mykje til dagsturar. Hyttefelt i Øvstebøstøl og Futasetet genererer ein god del dagstrafikk innover i verneområdet. Inn Røssdalen i Forsand er det kvar sesong mellom 1500 og 2000 besøkande. For Kjerag og Månafossen sjå særskild omtale nedanfor.

Frafjordheiane har tradisjonelt vore eit viktig område for storvilt- og småviltjakt. Dette gjeld særleg villreinjakt i dei austre delane av verneområdet. Dei siste åra har talet på fellingsløyve for villrein vore lågt. Samstundes har det blitt gjeve om lag 10 fellingsløyve på elg og hjort i året. Det er framleis ein del småviltjakt i området.

Månafossen og garden Mån

Kunnskapsgrunnlaget for desse lokalitetane er i stor grad henta frå rapporten Besøksstrategi for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane. Kjerag, Mån og Månafossen, Håhelleren og Ritlandskrateret (NINA Rapport 1221, Gunderse. V. Vistad. O.I 2016)



Månafossen er den høgaste i Rogaland. Foto: Rune Roalkvam.

Månafossen er det høgste fossen i Rogaland og er ein av dei mest vitja attraksjonane i fylket. Årleg går om lag 110 000 inn til fossen, om lag 35 000 av desse går vidare til fjellgarden Mån. På den fråflytta garden Mån er det lagt til rette for overnatting. I 2017 var det 1500 overnattingar her, i første rekke av skuleklassar, bedrifter og vennelag. Delar av bygget står ope der folk kan raste/kvile før dei går vidare inn Fidjadalen, evt. returnerer til parkeringa på Eikeskog. Ein del vel og å ligge i telt på grasvollen kring bygningane på Mån. I den delen av bygget som står ope er det fotoutstilling som mellom anna syner bilete frå den tida garden var i aktiv drift.

Både Månafossen og Mån ligg innanfor vernegrensa, mens parkeringa ved Eikeskog ligg rett på utsida. På parkeringa finn ein og eit toalettanlegg. Kapasiteten på dette er for lite og det er planar for oppføring av nytt anlegg i 2018. Det er Jæren friluftsråd som drifter dei nemnde anlegga. Månafossen og garden Mån ligg langs turistløypa frå Eikeskog og inn til Blåfjellenden turisthytte (Stavanger turistforening). Dette er ein tur på om lag 6 timars gange.

Det skal og vera mogleg å gå frå parkeringsplassen og inn der Månafossen treff dalbotnen. Dette kan vera ein attraksjon for mange kan gi tryggleiksproblem i høve til steinsprang og fall i elva. Av den grunn er det ikkje lagt særskilt til rette for dette.

Generelt er det tilråda å vitje Månafossen og garden Mån i sommarhalvåret. Gjennom vinteren er stein gjerne glatt og sleip pga. vatn og is.

I nedre del av Fidjadalen er det i første rekke landskap, kulturlandskap og kulturprega vegetasjon (slått-/beitemark) som har verneverdi. Berggrunnen er fattig og raudlisteartar er så godt som fråverande. Solblom skal likevel vera observert nedanfor Månafossen og aust for garden Mån. Kring garden Mån ser ein teikn på attgroing. Dei siste åra har ein difor intensivert beiteaktivitet og slått i området.

Slitasje og erosjon er eit problem på stien inn til Mån. Det er difor nytta mykje ressursar dei siste åra for steinsetting. For å betre tryggleiken er det og bygd nokre trappar i stein, samt sett opp kjetting og boltar på særleg bratte parti. Det er ikkje særskilte sikringstiltak ved stup og utkikkspunkt mot juvet og fossen, men det er nytta enkelte stengsel for å prøve å hindre at folk går fram mot visse stup.

Det vert driven eit aktivt landbruk med beitedyr (sau) i område. Dette er vesentleg for å oppretthalda verneverdiane knytt til kulturlandskapet. Eit ope kulturlandskap er og ein viktig attraksjonsverdi for folk som ferdast i området. Så lang er det ikkje registrert særleg konflikt mellom landbruksdrift og ferdsla. Jæren friluftsråd har som sentral aktør i området lagt vekt på dialog og involvering av grunneigar i drift og tilsyn av anlegga i området. Det er viktig å kunne halde fram samarbeidet i åra framover der talet på besøkande truleg vil auke.

På dei største utfartsdagane er det eit problem at parkeringsplassen vert fylt opp og der bilar vert parkert langs innfartsvegen. Det er difor planar om utviding av parkeringsplassen.

På parkeringsplassen ved Eikeskog er det fleire informasjonstavler om staden og verneområdet. Informasjonen framstår som lite samordna og til dels uryddig. Det er lite merking langs stien vidare innover da ruta i stor grad er gjeven.

Kjerag

Kunnskapsgrunnlaget for denne lokaliteten er i stor grad henta frå Brukerundersøkelse ved Kjerag sommar/haust 2017. NINA Rapport 1411 (Selvaag. K 2017) og rapporten Besøksstrategi for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane. Kjerag, Mån og Månafossen, Håhelleren og Ritlandskrateret (NINA Rapport 1221, Gundersen. V. Vistad. O.I 2016)

Kjeragplatået med Kjeragbolten er eit sær s mykje nytta turmål i landsdelen. Om lag 70 000 (???) personar tar årleg turen inn til plataet, dei fleste med utgangspunkt i parkeringa ved Øygardstøl. Nokre tar seg og inn frå sør, dvs på turistløypa frå Langavatn turisthytte (Stavanger turistforening). I tillegg til å vera eit turmål vert Kjeragplatået og mykje nytta i samband med ekstremportaktivitetar som basehopping mv.

Tilkomst til Øygardstøl kjem i all hovudsak via fv 500 gjennom Sirdal (vinterstengd). Det er og mogleg å ta ferje inn Lysefjorden til Lysebotn. Med utvidinga av parkeringa ved Øygardstøl i 2017 er det monaleg parkeringskapasitet for besøkande. Ved parkeringa ligg og ein kafe/restaurant som er open i sommarhalvåret.

Fotturen frå Øygardstøl til Kjerag er relativt krevjande, det er stadvis bratt med blankskurte fjell som ofte vert glatte etter regnvær og frost. Turen er 4,8 km kvar veg og tek om lag 3,5 timar. Høgdeforskjellen på ruta er 570 meter. Det er gjort mykje tilrettelegging på stien med steinlegging og klopplegging. Det er bygd enkle trappetrinn i naturstein i særleg bratte parti. Om lag ein km. før plataet vart det i 2017 ført opp ei sikringsbu. Det er Stavanger Turistforening som har stått for det aller meste av tilrettelegginga utover mot plataet. Ved parkeringa på Øygardstøl er det sett opp fleire informasjonstavler. I høgsesongen er det tilsett parkeringsvakt som og bidreg med informasjon til dei besøkande. Det er også mogleg å kome til fots til Kjeragplatået frå Fløyri nede ved Lysefjorden eller til forts eller ski frå Langavatn turisthytte.

I 2017 vart det gjennomført ei brukarundersøking for Kjerag (NINA rapport 1411 2017. Selvaag K. 2017). Føremålet med undersøkinga var å få meir kunnskap om dei besøkande, kva kvalitetar i området dei er opptekne av, og kva dei etterspør av informasjon og tilrettelegging. Metoden som vart nytta var oppsetting av ei kasse med sjølvregistreringsskjema i startpunktet for turen ut til Kjerag.

Kassa sto plassert ut i perioden 19. august – 17. oktober. Til saman var det 347 brukarar som svarte på undersøkinga.

Nokre hovudfunn er lista opp i det følgjande:

- Høgare del yngre brukarar (18-30 år) enn det som er tilfelle i ein del andre større verneområde.
- Tal utanlandske turistar er høgt. Totalt var 39 ulike nasjonalitetar representert i undersøkinga. Av utanlandske besøkande var tyskarar i klart fleirtal. Det er særleg få norske lokale brukarar
- Mange brukarar har inga/liten røynsle med lange/krevjande fotturar
- Generelt synast nordmenn å vera meir positive til tilrettelegging en utanlandske besøkande.
- Brukarane synast verka i stor grad å vera nøgde med tilrettelegginga som er gjort.
- Brukarane er mest positive til tiltak som sikring med tau/kjetting på særleg bratte parti, klopplegging/steinlegging på våte parti, trinn i naturstein på bratte parti samt gapahuk/nødbu langs ruta.
- Oppføring av turisthytte (26%), søppeldunkar langs stien, meir tilrettelagt parkeringsplass og sikring på sjølv Kjeragbolten er dei tiltaka dei fleste stiller seg negative til.
- Internett er den viktigaste informasjonskanalen om turen til Kjerag. Informasjon via vener/familie samt reisehandbøker kjem som dei nest viktigaste informasjonskanalane. Bare ein prosent har ført opp informasjonstavler og ulike applikasjonar som dei viktigaste. Samanhaldt med tidlegare undersøkingar synast sosiale media i å ha verte viktigare som informasjonskanal.

- Punktet ovanfor må sjåast i samanheng med kor brukarane *ønskjer* å hente informasjon om turen. Her er turistinformatjonen, reisehandbøker og informasjonstavler det viktigaste.
- Av type informasjon som brukarane *ønskjer* er det turforslag det viktigaste. Kart, landskapet (terreng og framkommeligheit), spesielle attraksjonar scorer også høgt. Informasjon om verneføremålet kjem eit godt stykke ned på lista.
- 37% svarte at de hadde hatt negative opplevingar på turen til Kjerag. Sjøppel lang stien samt ulike sider ved persontryggleik (mange med dårleg utstyr og der ein del går ut på farlege plassar) vart oftast nemnd.

Kjerag er ein attraksjon der sjølv mange besøkande gir få konflikthar med verneverdiane. I NINA rapport 1221 (Gundersen V. Vistad 2016) vert difor Kjerag hald fram som ein lokalitet som kan utsettast for full eksponering i ein besøksstrategi. Aktuelle problemstillingar er i større grad knytt til trengsel, tryggleik for brukarane og mogleg interessekonflikt mellom ulike brukargrupper. Døme på det siste kan vera motorferdsel i samband med utøving av ekstremспорт og at dette verkar forstyrrende for ordinære fotturistar. I NINA-rapport 1221 vert det og halden fram at det er mange lokale/regionale aktørar som har sterke interesser knytt til Kjerag og Lysefjorden, og at dette kan vera ei utfordring i høve til samhandling.

Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane landskapsvernområde (SVR)

SVR er det største av verneområda med eit areal på 2345 km². Verneområdet ligg i kommunane Bykle, Valle, Bygland, Forsand, Sirdal, Åseral, Hægebostad og Kvinesdal. Området vart verna i år 2000.

Verneføremål: 1) *Å ta vare på eit samanhengande, særmerkt og vakker naturområde med urørte fjell, hei og fjellskogområde med eit sermerkt plante- og dyreliv, stølsområde, beitelandskap og kulturminne.* 2) *Å ta vare på eit samanhengande fjellområde som leveområde for den sørlegaste villreinstamma i Europa.*

Sårbare naturverdiar og trugsmål

Villrein

Verneområdet SVR omfattar kjerneområdet for villreinen i villreinområdet Setesdal Ryfylke (SR). Her finn ein viktige funksjonsområde som kalvingsområde, sommarbeite, vinterbeite og trekkvegar mellom dei. SVR er i hovudsak eit kupert heielandskap med mykje reinskura grunnfjell. Store delar av arealet er utan større beiteverdi, og lavbeite utgjer ein liten del samanlikna med andre villreinområde. I hovudsak er tilgjengeleg lavbeite konsentrert til dei nordaustlege delane av villreinområdet. SVR er sterkt kystpåverka. Dette gir vekslende temperatur og nedbørsmengde, med fare for store snømengder og beiter som iser ned. I slike periodar er villreinen avhengig av å kunne nytte alternative beiter i randområda

Viktige kalvingsområde ligg i områda Storenos, Vatnedalsheii, Ratevassknuten og Svarvaren. Fleire stader ligg og viktige trekksoner som er viktige for å sikre at dyra kan flytte mellom dei ulike funksjonsområda gjennom året. I områda Breidvatn, Svarteløkfjellet, Vardsvatn-Kvislevassknuten, Andersvatnet-Børsteinvatn og Steinsbuskardet er det innført særskilte ferdselsrestriksjonar delar av året.

Villreinens leveområde i SR er sterkt prega av vasskraftutbygging der reguleringsmagasin har skapt barrierar for trekk mellom dei ulike funksjonsområda. I tillegg fører anleggsvegar, kraftverksinstallasjonar og kraftliner til barriereverknad i seg sjølv, og ikkje minst som følge av

menneskeleg aktivitet på og ved desse anlegga. Verknaden av dette er at område heilt eller delvis faller ut av bruk, og at tilgangen på beiteareal og kalvingsområde vert redusert.

Vegar og turistløyper med mykje ferdsel vil verke inn på områdebruken til villreinen. Om trafikken er omfattande kan viktige funksjonsområde gå ut av bruk. Ofte vil barriereeffektar av inngrep og forstyrning vera kumulativ slik at det er summen av inngrep og påverknad som avgjer verknaden.

Endring av klimaet vil på sikt kunne gi vanskelegare livsvilkår for villreinen i SVR. Truleg vil periodar der beitene isar ned om vinteren kome hyppigare. Tidvis vil sær store snømengder og gjere beitetilhøve dårlegare. I slike periodar vil lågareliggande område i skogbeltet, ofte lokalisert i ytterkanten av verneområdet, vera særskilt viktige for tilgang på føde.

Rovfugl

I Setesdal Vesthei- Ryfylkeheiane landskapsvernområde finn ein hekkeområde for mange sjeldne og raudlista rovfuglar. Dette gjeld særleg for hubro, som er oppført som sterkt truga (EN) på norsk raudliste for artar 2010, og jaktfalk som er oppført som nær truga (NT) på same lista. I tillegg finn ein hekkelokalitetar for artar som jordugle, hornugle, haukugle, kongeørn, vandrefalk, tårnfalk, dvergfalk og fjellvåk. Alle desse har status *livskraftig* (LC) på raudlista. Tidvis vert det og gjort observasjonar av myrhauk (status *sterkt trua* EN). Sisteåra er det ofte sett havørn (status *livskraftig* LC), men utan at det er påvist hekking.

Trugsmål for rovfugl er i første rekke knytt til forstyrning av hekkelokalitetar som følgje om ulike formar for menneskeleg aktivitet. For hubro er kollisjon med kraftliner eit særskilt trugsmål.

Botaniske verdjar

Dei botaniske verneverdiane i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane, er først og fremst knytte til dei kalkrike lokalitetane i Bykle, og kulturlandskapet i Ljosådalen i Valle. På desse lokalitetane finn ein fleire artar som er oppførde på Norsk raudliste for artar 2010. Dette dreiar seg mellom anna om kvitkurle (NT-nær truga), handmarinøkkel (NT-nær tru- ga), solblom (VU-sårbar) og søstermarihand (VU-sårbar). Fleire av artane er avhengig av skjøtsel gjennom beiting og slått. Endring av driftsformer i landbruket er difor eit trugsmål for desse artane. Generell attgroing og endring av artssamansetning som følgje av dette vil og vera negativt for fleire av raudlisteartane.

Friluftsliv og oppleving

Stavanger turistforening har åtte sjølvbetjente turisthytter i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde (Vassdalstjønn, Hovatn, Storsteinen, Litle Aurådal, Kringle- vatn, Storevatn, Taumevatn og Grauthidler). DNT-Sør har sju sjølvbetjente turisthytter (Sloaros, Bossbu, Svartenut, Øyuvsbu, Gaukhei, Josephsbu, Lakkenstova), og tre ubetjente turisthytter (Stavskar, Håhidlerhytta, Stakkedalen) i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde.

Dei siste åra har desse 18 turisthyttene hatt til saman om lag 9700 overnattingar i året. Desse er fordelt på 1900 i vintersesongen og 7800 i sommarsesongen. I tillegg har Statskog til saman 28 hytter og buer i verneområdet. Til saman 15 av desse blir leigde ut i samband med jakt og fiske, mens nokre mindre buer står opne. I 2014 var det til saman om lag 5000 overnattingar på hyttene til Statskog.

Bruken av turisthyttene i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde, ser ut til å ha vore relativt stabil dei siste 20 åra, men det er registrert ein nedgang i talet på overnattingar på hyttene rundt Blåsjø på om lag 40%.

Hovedløypenettet til Stavanger turistforening, frå Vassdals- tjønn ned til Grauthidler og Storevatn, blir kvista frå helga før påske til helga etter påske. Herfrå og ned til Ådneram blir det kvista frå 1. februar og ut april. I tillegg blir løypa Holmevasshytta-Sloaros og Taumevatn-Håhidler kvista frå 8. februar til 1. april. Lenger aust og i sør blir løypenettet til DNT-Sør kvista i perioden 18. februar til 1. april.

Fleire område i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde, blir svært mykje brukt til dagsturar både sommar og vinter. Ein av dei mest brukte lokalitetane er områda på begge sider av Brokke-Suleskardvegen (Fylkes- veg 337). Registreringar gjort i 2013 syner at så mange som 84.000 køyretøy passerer over heia i tidsrommet 30. mai til 16. oktober. Personteljarar plasserte ved fleire av dei mest brukte stiane ut frå vegen, tyder på at desse vart bruka av 2000-3000 turgåarar i løpet av barmarkssesongen. Ein annan liknande lokalitet er områda ved Lysebotnvegen (Fylkesveg 986), som også går tvers gjennom verneområdet. Her passerer det om lag 40.000 køyretøy kvart år, mellom mai og oktober. Det er ikkje blitt gjennomført teljingar av turgåarar ut frå vegen, men tala liknar truleg på dei frå Brokke-Suleskardvegen. Turisthytta ved Børsteinen ligg også lagleg til for dagsturar frå fylkesvegen om sommaren, og frå hytteområda i Sirdal om vinteren

Eit anna godt undersøkt lokalitet er området rundt turisthytta Storsteinen mellom Blåsjø og Svartevassmagasinet. Ferdselsteljarar på dei fire stiane inn til hytta viser om lag 250 passeringar i året. Noko som til saman gir om lag 1000 passeringar i samband med ferdseilen til Storsteinen. Kvart år blir det og registrert om lag 300 passeringar på anleggsvegen fram til Storevassdammen.

Andre område i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde med mange dagsbesøkande, er skiløypene Storenos og Hovden-Sloaros i Bykle, og anleggsvegen til Urevatn i Bykle. Andre dagsturområde som er mykje brukte, er Berg-Stavskar og Evardalen i Valle, Pytten i Bygland, Lordehytta i Åseral, Knaberøysa i Kvinesdal, og skiløypene i Grydalen og til Dægevasshytta i Sirdal.

Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde har alltid vore eit viktig område for storvilt- og småviltjakt. Talet på fellingsløyve for villrein varierer med storleiken på stamma, men i 2013 vart det gjeve om lag 1000 løyve i sjølve verneområdet, og om lag 1600 for heile villreinområdet på Vestheia. Dette gjeld særleg villreinjakt i dei austre delane av verneområdet. Dei siste åra har talet på fellingsløyve for villrein vore lågt, samanlikna med tidlegare. Det har blitt gjeve nokre fellingsløyve på elg og hjort i verneområdet. Småviltjakta er særleg god i dei sørlege delane av verneområdet, og særleg rypejakta har lange tradisjonar.

Hovden landskapsvernområde

Hovden landskapsvernområde ligg i Bykle kommune og her eit total areal på 59km². Riksveg 9 delar landskapsvernområde i to, den største delen ligg på austheia. Området vert verna etter naturvernlova 5. september 1986.

Verneformål: Føremålet med landskapsvernområdet er å ta vare på eit vakkert naturlandskap som er eineståande i sitt slag i fylket. I verneområdet finn ein store, samanhengjande myrområde, som til saman inneheld eit vidt spekter av myrtypar, og ein finn særmerkte spor frå siste istid som t.d. terrassar, daudisgroper og morenar. Både myrene og lausavsetningane er av stort verd for undervisning og forskning.

Sårbare naturverdiar og trugsmål

I Hovden landskapsvernområde finn ein eit av dei få områda i Aust-Agder med karakteristisk viddepreg. Her er det eit typisk innlandsklima med kalde vintrar og varme somrar. Vegetasjonen varierer frå rike bjørkeskogar og myrar til rabbar og heier ettersom høgda aukar. Søterot, Bykle sin kommuneblome, finn ein mykje av i dette område. Hovden er ein spanande stad for dei som er interessert i fuglar. Til tider kan det samla seg store flokkar på fleire hundre villrein.



Hovden landskapsvernområde. Foto: SVR.

Friluftsliv og oppleving

Om vinteren ligg snøen ofte djup og innbyr til vinteraktivitetar til langt ut på våren. Sommaren og hausten lokkar med fjellturar, jakt, fiske og bærplukking. I dei seinare åra har fleire og fleire menneskefunne vegen hit til alle årstider. Bykle kommune har og lagt til rette for auka turisme. Fjellområda er sårbare med låg toleevne for slitasje. Det er kaldt store delar av året slik at stoffomsetjinga går seint. Det er derfor viktig at folk som vitjar verneområda på Hovden viser omsyn og fer varsamt fram.

Steinsbuskardet – Hisdal biotopvernområde

Biotopvernområdet vart verna i år 2000 og dekker eit areal på 34 km². Området ligg i sin heilskap i Bykle kommune.

Verneføremål: *Steinsbuskardet - Hisdal biotopvernområde har til føremål å sikre eit sær viktig heilårs leveområde med trekkveggar og kalvingsområde for villrein i Setesdal Vesthei.*

Sårbare naturverdiar og trugsmål

Steinsbuskardet – Hisdal biotopverneområde har to soner med ferdselsrestriksjonar. I sone A, Steinsbuskardet, er det sær viktige trekkruiter for villreinen. Her er det ferdselsfodbod heile året, med unnatak for vegar og merkte turis- tløyper. I sone B, Hisdal, er det ferdselsforbod i kalvingsperioden 25.04-31.05. Miljødirektoratet kan ved forskrift oppheve ferdselsreguleringane, eller endre grensene for sonene.

Verneverdiane i Steinsbuskardet-Hisdal biotopverneområde, er særleg knytte til funksjonen området har som leveområde, trekkveg og kalvingsområde for villreinstamma. Villreinen oppheld seg i området store delar av året, og områda aust mot Hisdal blir nytta til kalving. Sommar og haust er Steinsbuskardet og Gyvassfjellet den einaste tilgjengelege trekkvegen for utveksling av dyr mellom sørområda og nordområda. Resultat frå GPS-merkeprosjektet, syner at denne trekkvegen har vore svært lite brukt dei siste åra. Det eksisterer klare trugsmål mot Steinsbuskardet-Hisdal biotopverneområdet, og den funksjonen det har som leveområde og trekkorridor for villreinstamma. Inngrepa i samband med kraftutbygginga, gjer at områda der villreinen kan trekke, er svært avgrensa, og gjer den attverande korridoren svært sårbar for forstyrringar av ulike slag. Ferdsla i området er ikkje særleg omfattande, men summen av verksemda Statkraft og Statnett har, saman med ferdsel etter turistløypene, kan likevel vere nok til at villreinen ikkje trekker gjennom Steinsbuskardet, i tida rundt påske, og i perioden juli-september, når ferdsla er størst. Når det gjeld funksjon som kalvingsområde er det ingen store trugsmål.

Friluftsliv og oppleving

Det ligg ikkje turisthytter i verneområdet, men Stavanger turistforening har ei sjølvbetjent hytte, Storsteinen, som ligg 2 km vest for vernegrensa. Storsteinen har dei siste åra hatt om lag 400 overnattingar i året, fordelt med 100 overnattingar i vintersesongen, og 300 overnattingar i sommarsesongen. Overnattingstala har vore relativt stabile dei siste åra, men har gått ned med om lag 30% sidan 1990-talet. Den merkte sommarløypa mellom Storsteinen og Hovatn går gjennom dei vestre delane av verneområdet, mens løypa mellom Viki og Kringlevatn går gjennom dei austre delane. I tidsrommet juli-oktober er det litt ferdsel til fots og på sykkel etter anleggsvegen frå Beinlei. Det blir gjennomført ei kartlegging av ferdsla i området i samband med det pågåande GPS-merkeprosjektet. Hytta Statskog har ved Vestre Gyvatn, har tidlegare blitt brukt som turisthytte, og vore utleigd i samband med jakt. Etter opprettinga av verneområdet, har hytta blitt svært lite brukt. Det same gjeld bygningar Statskog eig på fjellgarden Bratteli, og hytta på Stakkeslåtta, der det heller ikkje har vore verksemd dei siste åra.

Holmavassåno biotopvernområde

Holmavassåno biotopvernområde dekker eit areal på 23 km² og ligg i Suldal kommune.

Verneområdet vart oppretta i 1997

Verneføremål: *å sikre viktige trekkveggar for villreinen i fjellområdet mellom Kvanndalen landskapsvernområde og Dyraheio landskapsvernområde.*

Sårbare naturverdiar og trugsmål

Verneverdiane i Holmavassåno er knytte til funksjonen området har som beite og trekkorridor for villreinstamma i Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane.

Om sommaren utgjer biotopverneområdet eit viktig bindeledd mellom områda i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane og Dyraheio landskapsvernområde, og områda i Kvanndalen og Telemark. Både terrengformasjonar og forstyrningar frå menneskeleg aktivitet lengre vest, gjer Holmavassåno til ein naturleg trekkveg. Om vinteren nyttar villreinen isen på Holmavatnet.

Sjølv om trekkvegane i biotopverneområdet framleis blir nytta, er området hardt belasta av tekniske inngrep og menneskeleg aktivitet. Både turistløype, anleggsveg og kraftliner vil kunne ha ein barriereeffekt. Dette kan vere ei av årsakene til at fostringsflokkane nesten ikkje har nytta desse områda om somrane dei siste 20 åra. Eit kraftutbyggingsprosjekt i Tverråa, har blitt fremja, men er blitt avvist på grunn av konflikt med Samla Plan for vassdrag.

Hyttebygging i Vinje og Bykle, på nord- og austsida av Holmavatnet, fører til auka ferdsel gjennom Holmavassåno biotopvernområde.

Friluftsliv og oppleving

Hytta til Stavanger turistforening, Holmevasshytta, ligg på Fitjaflatene om lag 1 km aust for vernegrensa. Frå Holmevasshytta går turistruta gjennom verneområdet til Sandvatnet. Ei umerka løype sørover til Sloaros, går også tvers gjennom verneområdet. Om vinteren går kvista ruta mellom Sloaros og Holmavasshytta, og den mellom Holmevasshytta og Bleskestadmoen, over isen på Holmavatnet. Den sistnemnde løypa går vidare gjennom verne-området langs kraftlinetrasèen, og over isen på Sandvatnet til Sandvassdammen. Holmevasshytta har om lag 800 overnattingar i året, fordelt på 500 om sommaren og 300 om vinteren. På Sloaros er det om lag 700 overnattingar i året. Når det gjeld turistferdsel gjennom Holmavassåno biotopverneområde, gjekk det i 2013 om lag 150-200 personar langs den umerka turiststien om sommaren, og om lag like mange følgde den kvista løypa om vinteren.

Det blir jakta på villrein og småvilt i området og fiska både med stang og garn i Sandvatnet og Holmavatnet.

Vidmyr og Lislevatn naturreservat

Vidmyr og Lislevatn er begge naturreservater verna etter naturvernlova og ligg i Bykle kommune. Dei har eit samla areal på 10,8 km², begge ligg på vestsida av riksveg 9. Lislevatn ble verna 7.mai 1982 og Vidmyr 5.september 1986.

Verneformål Lislevatn: *Formålet med fredningen er å bevare et viktig våtmarksområde med tilhørende plantesamfunn, fugleliv og annet dyreliv som naturlig er knyttet til området.*

Verneformål Vidmyr: *Føremålet med fredninga er å ta vare på eit stort, representativt myrområde med godt utvikla bakke- og strengmyrer som har ein rik flora med eit stort innslag av arter som er plantegeografisk interessante.*

Sårbare naturverdiar og trugsmål

Lislevatn

Områda rundt Lislevatn er flate og viddeprega og høyrer til ei gamal utjamna viddeoverflate som har sitt opphav i tertiærtida – før istidene. Lislevatn ligg på 852 moh. Lislevatn naturreservat skil seg merkbar ut oger eit unikt fugleområde for Agder. Her kan ein mellom anna få sjå enkeltbekkasin, raudstilk, heiplerke, gulerle, blåstrupe, lauvsongar og sivsporv. Storlommen opptre årleg i

Lislevatn. Myrsnipe og symjesnipe er b e f atallige hekkefuglar. Svartand, sm aspove, gluttsnipe og gr nstilk vert stadig observert, s erleg itrekktida, medan sjeldsynte fuglar som myrhauk, trane, fjellmyrl opar, brushane, sotsnipe og viersporv er observert ein sjeldan gong.  r om anna hekkar t rnfalk, dvergfalk og jordugle i reservatet. Stundom er det og mogleg   sj  fjellv k og konge rn jakte i verneomr da.

Vidmyr

Vidmyr og myromr da nordaustover er av dei st rste samanhengande areala med myr i regionen. Dei velutvikla myrkompleksa har strengmyrer, l ge vollar av torv som demmer opp myra og bakkemyrer med rik mose og grasvegetasjon. P  Vidmyr dominerer fattigmyrvegetasjonen med bj nnskjepp og bl topp som dei vanlegaste artane. Det er og eit rikt innslag av kalkkrevjande l glandsartar som breiull og planteartar som er karakteristiske for eit stort mangfald av myrtypar. Av omsyn til dei ur rde og rike til ekstremrike myrene, har Vidmyr internasjonal verneverdi. Delar av myra har vorte nytta til myrsl tt som var med   gi ein s rmerkt vegetasjon.

Friluftsliv og oppleving

Om vinteren ligg sn en ofte djup og innbyr til vinteraktivitetar til langt ut p  v ren. Sommaren og hausten lokkar med fjellturar, jakt, fiske og b rplukking. I dei seinare  ra har fleire og fleire menneskefunne vegen hit til alle  rstider. Bykle kommune har og lagt til rette for auka turisme. Fjellomr da er s rbare med l g toleevne for slitasje. Det er kaldt store delar av  ret slik at stoffomsetjinga g r seint. Det er derfor viktig at folk som vitjar verneomr da p  Hovden viser omsyn og fer varsamt fram.



Vidmyr naturreservat. Foto: SVR.

Hisdal naturreservat

Hisdal naturreservat ligg i Bykle kommune og utgjer eit areal på 16.1 km². Hisdal blei verna ved kongeleg resolusjon 19.12.2008.

Verneformål: Føremålet med naturreservatet er både å sikre eit særskilt viktig kalvingsområde for villrein i Setesdal Vesthei og å ta vare på eit stort skog- og heiområde som er representativt for indre delar av Aust-Agder. Ein høg konsentrasjon av gamle grove furutre i området representerer restar av «kjempe-furuskogar» frå fortida, som er særskilt viktige for å ta i vare artsmangfaldet knytt til gamle furuskogar.

Sårbare naturverdiar og trugsmål

Hisdal naturreservat består i hovudsak av ein villmarksprega aust-vestgåande fjelldal. Området er stort og variert, med mykje fjellbjørkeskog og innslag av særskilt mange spesielle kjempefuruer. Det er rikt på vilt. Dei to fjellgardane som ligg i austre del, set sitt preg på området, med intakte tun med to hovudbygningar, ein driftsbygning i gamal stil og fleire mindre bygg. Gardane er omgjevne av frodige, opne beitemarker som inneheld fleire lokalitetar for solblom, men attgroinga av fjellbjørkeskog har prega området. Ei kraftline med ryddegate går gjennom dalen, og nokre små stiar finst i området. Med unntak av kraftlina, gardane og kulturmarka, står reservatet i dag fram som svært lite påverka av menneske. Forvaltingsmåla for Hisdal naturreservat er å ta vare på eit skog- og heiområde med kjempefuruskog som er karakteristisk for indre delar av Aust-Agder. Naudsynte kvalitetar for villreinkalving skal bli tatt vare på i området. Kulturmarka rundt gardane i Hisdal skal ikkje gro att, og kulturengfloraen skal bli tatt vare på og fremja. Ut frå forvaltingsmåla er det laga tre ulike bevaringsmål, knytt til både kulturlandskapet, kalvingsområdet og kjempefuruskogen. Det er planlagt fem ulike forvaltningstiltak, irekna mykje rydding av kulturlandskapet.

Friluftsliv og oppleving

Området blir mest bruka til friluftsliv, jakt og fiske av grunneigarar og lokale som er særleg interessert som kjenner til området. Elles er området rimeleg isolert frå menneskeleg aktivitet. Området har fine stiar, og ei hengjebro gjer det enkelt å krysse elva vest for Hisdalstjønni. Det er ikkje grunn til å tru at friluftsliv bidrar til nemneverdig slitasje i området. Det er lagt restriksjonar på ferdsel innanfor naturreservatet. Føresegner og unntak kjem fram i verneforskrifta. Generelt er det venta at folk nyttar seg av stiar slik at ferdsel blir kanalisert.

Ljosådalen naturreservat

Ljosådalen naturreservat ligg i Valle kommune og har eit total areal på 37.9 km² og grensar til Hisdal naturreservat. Området vert verna i 11. desember i 2005.

Verneformål: Føremålet med naturreservatet er å ta vare på eit stort og vel avgrensa skog- og heiområde som lokalt inneheld høg tettheit av gammal furu og å sikre eit særskilt viktig kalvingsområde for villrein i Setesdal Vesthei. Naturreservatet inneheld nesten alle skogtypar som representerer indre delar av Aust-Agder og gammal ospeskog og gamle, grove furutrer som er særskilt viktige for å ta vare på artsmangfaldet knytt til naturreservatet. Det er ei målsetting å behalde verneverdiane i best mogleg tilstand, og eventuelt utvikle dei vidare.

Sårbare naturverdiar og trugsmål

Ljosådalen inneheld trua, sjeldan og sårbar natur. Ljosådalen naturreservat utgjer eit stort og ganske velarrondert dalføre med stor naturvariasjon. Sjølv om området ligg forholdsvis høgt, så er ganske stor andel av arealet produktiv gammelskog. Nesten alle skogstyper som finnes på dette høydelaget i

regionen opptrer i dalføret. Store areal innover dalføret består av glissen og lagproduktiv bjørk-furuskog som er oppstykket av myr mens i bratte dalsider og i ur står lauvskog. Gammelskogen har høy tetthet av virkelig gamal furu (250-500 år) og arts mangfaldet er rimeleg høgt innan gruppene karplanter, lav og velboande sopp. Både innslag av truande og nært truande artar er registrert og nokre er regionalt sjeldne. Ljosådalen naturreservat er også kalvingsområdet for villrein, i kalvingstida er ferdsle forbode i tidsrommet f.o.m. 25.april t.o.m. 31.mai.

Friluftsliv og oppleving

Området brukast til jakt, fiske og anna friluftsliv. Det går ei turistløype gjennom området som går til Bossbu. Elles er området rimeleg isolert frå menneskeleg aktivitet. Vegen inn til kjerneområde av Ljosådalen er bomma ved riksveg 9, det er mogleg å få tak i nøkkel via grunneigar elles må ein sykla inn. Området blir stort sett bruka av grunneigarane sjølv til jakt og rekreasjon. Det er nokre få støljar og hytter i reservatet. Ljosådalen er nok det verneområde i regionen som er minst påverka av menneskeleg aktivitet og teknisk tilrettelegging.

Nordstølhei naturreservat

Nordstølhei naturreservat ligg i Hjelmeland kommune. Naturreservatet har eit total areal på 4.1 km² og grensar til Vormedalsheia landskapsvernområde i aust. Området vert verna 17.12.1999

Verneformål: Formålet med fredinga er å sikre eit skogområde med alt naturleg plante- og dyreliv. Reservatet inneheld eit lite påverka furuskogsområde som er typisk for nordvendte fjordsider i Ryfylke.

Sårbare naturverdiar og trugsmål

Verneverdiane er særleg knytt til eit lite påverka furuskogsområde med eit naturleg plante og dyreliv. Det er ikkje registrert større trugsmål mot verneverdiane.

Friluftsliv og oppleving

Området brukast i avgrensa grad til jakt, fiske og anna friluftsliv. Det går nokre få umerka stiar gjennom området

2.13 Øyastøl naturreservat

Øyastøl naturreservat ligg i Hjelmeland kommune. Naturreservatet har eit total areal på 0.3 km² og grensar til Vormedalsheia landskapsvernområde i aust. Området vert verna 12.12.1986.

Verneformål: Formålet med fredningen er å bevare et svært interessant og variert myrområde, med innslag av både fattigmyr- og rikmyrvegetasjon.

Sårbare naturverdiar og trugsmål

Verneverdiane på Øyastøl er særleg knytt til den varierte myrvegetasjonen. Desse verneverdiane er truga av både attgroing og manglane hausting av slåttemyra. Det er sett i verk skjøtselstiltak for og motverke dette. Terrengslitasje i samband med stien over myra utgjer og eit trugsmål.

Friluftsliv og oppleving

Øyastøl er eit fint turområde med store opplevingskvalitetar knytt til både landskapet ved myra og fossilførekomsten oppe i fjellsida. Det går ein umerka sti rundt myrområdet, og den merka turistløypa mellom Kleivaland og turisthytta Melands-Grønahei går gjennom området.

Ørestø og Migaren naturreservat

Ørestø og Migaren naturreservat ligg i Frafjord i Gjesdal kommune. Naturreservata har eit samla areal på 1.2 km² og vart oppretta 19.12.2003.

Verneformål Ørestø naturreservat: Føremålet med fredinga er å ta vare på eit spesielt naturområde, der gradienten frå sjøen og opp til lågheia går gjennom edellauvskog, naturleg furuskog, bjørkeskog og vidare opp til skogsnaue, fuktige lyngheiar. Området har stor naturrikdom i form av naturtypar, økosystem, artar og naturlege økologiske prosessar, og har stor verdi som vitskapeleg referanseområde. Den eigenarta edellauvkogen med lind, eik og ask og mange styvingstre er leveområde for ein svært interessant lav- og moseflora. Området har eit rikt fugleliv, og er eit viktig hekkeområde for spurvefugl og hakkespettar.

Verneformål Migaren naturreservat: Føremålet med fredinga er å ta vare på eit spesielt naturområde med ein særprega naturrikdom i form av naturtypar, artar og naturlege økologiske prosessar. Området har rik edellauvskog med alm, ask og lind, og med innslag av styvingstre, som også er leveområde for m.a fleire sjeldne mose- og lavartar og insektsamfunn. Området har stor verdi som vitskapeleg referanseområde.

Sårbare naturverdiar og trugsmål

Verneverdiane er særleg knytt til ein rik og eigenarta edellauvskog. Styvingstrea i områda er eit viktig leveområde for sjeldne mose- og lavartar og insektsamfunn.

Det er ikkje registrert alvorlege trugsmål mot verneverdiane i Ørestø og Migaren.

Friluftsliv og oppleving

Det er få stiar i området og ingen av dei er merka. Bruken av området til friluftslivsformål er svært avgrensa.

5.2 Kulturminne i verneområda

Verneområda i SVR har vore i bruk sidan steinalderen og er difor sær s rik på kulturminne. Spor frå steinalderen er knytt til villreinjakt. Dette er gjerne restar etter sesongleirplassar som var plassert nær viktige villreintrekk og særleg gode jaktområde. Slike sesongbuplassar funne spor etter ved Sandvatn, Urevatn, Øvre Storvatn, Vestre Gyvatn, Botnsvatn, Elsvatn og Store Flørlivatn. Områda vart utnytta på liknaden vis i jernalderen. Fleire stader er det registrert tufter, hellerar, dyregraver og bogestelle frå denne perioden. Godt kjent er Storhedder i Bykle med runeinnskrift datert til om lag år 1100.

I løpet av jernalderen vert heiområda tekne i bruk til også andre verksemdar. Kring områda på Hovden er det til dømes spor etter omfattande jernproduksjon frå perioden 400 – 1400, med ein topp kring år 1200. Spora ein finn frå produksjonen er i første rekke restar etter kolgroper og jernvinner.

Gjennom mellomalderen vart verksemda i heiområda meir omfattande med til dømes jernutvinning, støling og fangst av villrein. I denne perioden var det og stor ferdsel mellom bygdene på aust- og vestsida fjellområda. Mest kjend er Skinnvegen for setesdølane mellom Valle og Lysebotn.

Etter Svartedauden, med sterk nedgang i folketalet, var det truleg ein lang periode med låg verksemd i heiområda. Frå om lag år 1600 tok bruken seg kraftig opp, og det er frå denne perioden ein har best kjennskap til korleis heia vart utnytta. Mange spor er knytt til utnytting av heia i samband med jakt, fangst og fiske. Til dømes oppmura livdemurar ved hellerar samt jordhytter. Særleg i fjellbygdene var vilt- og fiskeressursane frå heia ein viktig del av livsgrunnlaget.

Stølinga hadde sin største utbreiing i perioden 1700 – 1945. I tillegg til beiting og produksjon av smør og ost, var stølane også utgangspunkt for omfattande heieslått. Vanlege kulturminne frå denne tida er stølshus og utløer. Sjølv om mange av desse har rotne og falle ned finn ein framleis mange stader stølsbygningar med stor verneverdi, som til dømes på Øvre Espedalsstøl i Frafjordheiane landskapsvernområde.

Nokre stader i verneområda har det vore fast busetnad på fjellgardar og husmannsplassar. Dette gjeld mellom anna i Ljosådalen, Pytten, Bustøl, Håheller, Mån og Blåfjellenden.

I tillegg til beitinga i samband med stølsdrifta var det og ei omfattande beiting knytt til drifteferdsel med storfe i perioden 1750 – 1900. Vanlege kulturminne får denne perioden såkalla drifteleger.

I områda nord og vest for Bykle vart det drive tamreindrift i perioden 1886 – 1978. Spor frå denne verksemda er gjerne framleis å finne i Vidmyr naturreservat, samt i SVR og Hovden landskapsvernområder.

Det er spor etter gruver og skjerp fleire stader i verneområda, til dømes ved Knaben i Kvinesdal og Langevatn i Bykle. Gruvedrifta var gjerne knytt til uttak av kopar og molybden.

I Heiberg-tida vart det sett opp eit omfattande nett av hytter. Desse vart leigd ut eksklusivt til jakt på villrein og rype. Fleire av hyttene står ennå og er god tekne vare på.

I Åseral finn ein Lordehytta. Eit særmerkt og verneverdig bygning som vart ført opp i 1912 av ein norsk-ætta skotsk lord som jakta rype i området.

5.3 Reiselivet kring verneområda

5.3.1 Innleiing

Ein har ikkje ei heilt nøyaktig oversikt over kor mange som besøker verneområda i SVR i løpet av eit år, men ut frå tilgjengelege data vil det truleg dreie seg om om lag 600-700.000 besøkande. Ein del av desse kjører bil gjennom verneområda (Lysebotnvegen og Brokke-Suleskardvegen) og har kanskje berre ein kort stopp i vegkanten. Likevel er det så mange som om lag 400.000 som er på korte eller lengre turar innover i heia kvart år. Det finns heller inga samla oversikt over kven dei besøkande er, kvifor dei kjem og kva dei gjer i heiane våre, men om ein samanstillar den kunnskapen ein har, er det mogleg og teikne eit relativt klart bilete.

Dei som besøker verneområda er likevel berre ein liten del av alle dei tilreisande til aktuelle regionar som Indre Agder, Setesdalen, Lysefjorden og Ryfylke. Denne store tilstrøyminga av turistar gjev grunnlag for eit stort mangfald av reiselivsbedrifter innanfor både overnatting, servering og aktivitetar. For dei som ønskjer og besøke verneområda er det derfor eg godt utbygd overnattingstilbod i nærliggande område. Det er til ein viss grad eit tilbod om tilrettelagte eller organiserte aktivitetar i verneområda. Natur og aktivitetar i natur i brukst i nesten all marknadsføring av området.

Inovasjon Norge Reiseliv er den nasjonale overbygninga for reiselivsnæringa i landet. Selskapa Fjord Norge og Fjell Norge står for den internasjonale marknadsføringa. Regionalt er reiselivet organisert gjennom destinasjonsselskapa Visit Setesdalen, Visit Sørlandet, Destinasjon Stavanger og Reisemål Ryfylke. Under dette finnes ei rekke kommunale og interkommunale selskap som står i direkte kontakt med den enkelte reiselivsbedrift. Døme på slike selskap er Visit Valle, Hjelmeland Vekst og Lysefjorden Utvikling.

I det følgjande skal vi gje ei kort oversikt over reiselivsverksemdar i og rett utafor verneområda. Det vil og bli ei omtale av fordeling og omfang av fritidshytter i området. Til slutt kjem ei samanstilling av kva for kunnskap vi har om brukarane av verneområde og kva for opplevingar og aktivitetar dei søker i våre områder.

5.3.2 Reiselivsverksemdar

I oversikta over reiselivsverksemdar tek ein med verksemdar som ligg inne i verneområda slik som turisthytter og statskoghytter, samt verksemdar som er lokalisert slik at dei er eit naturleg utgangspunkt for dagsturar til verneområda i SVR. Aktuelle områder vil dermed være heile Setesdalen frå Bjåen til Evje, Åseral, samt øvre delar av Hægebostad og Kvinesdal, Øvre Sirdal, Lysefjordområdet, samt indre deler av Ryfylke frå Forsand til Suldal. I tillegg vil besøkande i Lysefjordområdet i stor grad nytte overnattingstilbod i Stavanger/Sandnes området.

Overnattingstilbod

Hotell, leilegheiter, pensjonat, campingplassar

Det er lokalisert til saman 10 ordinære hotell med heilårsdrift rundt verneområda. Dette dreier seg om Hovden, Bykle, Byglandsfjord, Ljosland, Fidjeland, Byrkjedal, Jørpeland, Hjelmeland, Sand og Nesflaten. Til saman har desse om lag 500 senger.

Ein finn og ei lang rekke pensjonat og verksemdar med utleige leilegheiter/hytter. Ei registrering frå 2018 viser 25 verksemdar med til saman 700 senger. Om lag 80% av desse har heilårsdrift. Det er og

registrert til saman 15 campingplassar rundt verneområdet med om lag 300 campinghytter av ulik standard.

Turistforeningshytter og andre fjellhytter

Stavanger turistforening bygde den første turishytta, og merkte dei første løypene, så tidleg som i 1893. Etter dette har turistforeningane vore ein heilt sentral aktør i friluftslivet og reiselivet i verneområda, og har etter kvart opparbeid eit omfattande nettverk av turishytter og merkte løyper. Stavanger turistforening (STF) og Den Norske Turistforening (DNT Sør), har til saman 29 turishytter innanfor, og 11 hytter rett utanfor verneområda. Desse hyttene hadde i 2016 nær 40.000 overnattingar. Det er også eit omfattande løypenett knytte til desse hyttene, både sommar og vinter. I tillegg har Statskog og Fjellstyra i Hjelmeland, Suldal og Bykle til saman 25 hytter i verneområda. Dette dreier seg om både opne hytter og utleiehytter som i hovudsak blir nytta i samband med jakt og fiske. I 2013 hadde desse hyttene om lag 6000 overnattingar. I tillegg kjem Friluftsgarden på Mån, som tilhøyrar Jæren friluftsråd. Her var det til saman 1500 overnattingar i 2017.

I tillegg er det ei relativt omfattande privat utleie av hytter og stølar i og rett utanfor verneområda. Dette har størst omfang i samband med småviltjakt og villreinjakt på hausten.

Aktivitetstilbod

Outdoorlife Norway har si hovudverksemd i Lysefjordenområdet, og nyttar mellom anna Kjerag og andre stader i Frafjordheiane landskapsvernområde. Dei tilbyr guida turar heile året både i form av dagsturar og overnattingsturar. Outdoorlife Norway har og vore i kontakt med SVR om bruk av tilknytingslogoar for verneområda.

Sirdal Huskyfarm er lokalisert i Øvre Sirdal, og nyttar fleire stader i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde. Dette gjeld særleg områda sør for Brokke-Suleskardvegen ned mot Heiberghytta Sigurdsheller som ligg ved Øyarvatnet. Dei tilbyr guida turar og aktivitetar heile året som til dømes hundekjøring, skiturar, fotturar og kanoturar.

Ein del andre verksemder nyttar og til ein viss grad verneområda til ulike aktivitetar. Dette dreier seg mellom anna om; Bjåen turishytte, eit jaktguidefirma på Hovden og Eventus A/S som driv jaktguiding i Dyraheio.

Stavanger turistforening og DNT Sør tilbyr i 2018 til saman 85 fellesturar, kurs, dugnadar og andre aktivitetar i verneområda i SVR. Svært mange av desse opplegga inneberer ei eller fleire overnattingar slik at desse arrangementa utgjer til saman 225 dagar med aktivitet i verneområda. Om ein reknar eit gjennomsnitt på 10 deltakarar på kvart arrangement, deltek til saman 850 personar på aktivitetar i regi av turistforeningane.

5.3.3 Fritidshytter

Det er bygd svært mange fritidshytter i regionen, men i den følgjande registreringa vil ein berre ta med dei som ligg slik til at det er naturleg med ein dagstur til eit eller fleire av verneområda.

Det ligg til saman 85 fritidshytter inne i verneområda. Om lag 40 av desse er samla i Grytdalen hyttefelt i Sirdal, men resten ligg spreidd utover dei ulike verneområda. Fleire etablerte hyttefelt ligg og svært nær verneområda. Til dømes ligg Fjellbu i Bykle, Østebødalen i Gjesdal, Fundingsland i Hjelmeland og Mostøl i Suldal under 1 km frå vernegrensa.

Det ligg om lag 10.000 hytter i rimeleg dagstur avstand frå verneområda i SVR. Det er stor variasjon i høve til storleik, standart og bruksfrekvens, men ein kan gå ut i frå at brukarane av desse hyttene besøker minst eit av verneområda minst ein gong i løpet av eit år. Om ein går ut frå at kvar hytte i gjennomsnitt har 3 brukarar, og at desse i gjennomsnitt besøker verneområda 2 gonger i året, så vil denne brukargruppa stå for om lag 60.000 besøk i året.

Tabell 7. Oversikt over hyttefelt og hytter i og ved verneområda i SVR.

Hyttefelt	Kommune	Tal på hytter
Hovden	Bykle	2000
Brokke	Valle	350
Bortelid	Åseral	1300
Ljosland	Åseral	450
Knaben	Kvinesdal	400
Nesjen	Kvinesdal	25
Ådneram	Sirdal	1500
Grytdalen	Sirdal	40
Øvre Sirdal elles	Sirdal	1500
Østebødalen	Gjesdal	350
Fundingsland	Hjelmeland	15
Gullingen	Suldal	700
Mostøl	Suldal	15
Sum		8645

2.3.4 Dei besøkande

Den følgjande beskrivinga av dei besøkande i verneområda i SVR skjer på bakgrunn av eit breidd kunnskapsgrunnlag. Dette inneheld mellom anna aktuell forskning frå reiselivsfeltet i regi av særleg NINA og Østlandsforskning. I tillegg kjem brukarundersøkinga på Kjerag, egne kartleggingar lokalt, brukarundersøkingar frå andre verneområde, DNT si medlemsundersøking, samt ulike brukarundersøkingar frå regionale og lokale reiselivsaktørar. Hovudmålet med denne samanstillinga er å sikre at besøksstrategien sine informasjons- og tilretteleggingstiltak blir så målretta og treffsikre som råd.

Brukargrupper i SVR

Eit viktig grep for å sikre gode og målretta tiltak er og identifisere dei viktigaste brukargruppene i verneområda. Ulike grupper vil ha svært forskjellige føremål med sine besøk, delta i ulike aktivitetar og ha ein svært forskjellig arealbruk. Ulike grupper vil dermed ha ulike ynskjer og behov for informasjon og ulike tilretteleggingstiltak. Dei følgjande brukargruppene er konstruert både på bakgrunn av aktuell forskingslitteratur, brukarundersøkingar frå andre verneområde, brukarundersøkinga på Kjerag (NINA 2017), DNT si medlemsundersøking (Opinion 2017), Turistundersøkelsen 2016 (Invasjon Norge) og forvaltningsstyresmakta sin kjennskap til brukarane av området.

Dei konkrete forslaga til informasjons- og tilretteleggingstiltak knytt til dei ulike brukargruppene vil gje klare føringar for kva tiltak som er aktuelle ved dei ulike innfallsportane. Tilretteleggingstiltak og innhaldet i informasjonen som blir gitt vill såleis være forskjellig på innfallsportar som i hovudsak betener punktutistar og bilturistar, og innfallsportar som blir mest brukt av fastbuande og langturistar.

Dei fastbuande

Det bur om lag 40.000 menneskje i kommunane med areal i verneområda, og om lag 10.000 av desse bur i bygdene nærast opp til dei verna areala. Om ein reknar med at kvar av desse tek fem turar i året, så står dei fastbuande for om lag 50.000 besøk i verneområdet kvart år. Denne gruppa brukar området heile året, men om lag 75% av besøka i verneområdet skjer i barmarkssesongen.

Dei fastbuande skil seg frå andre brukargrupper ved at dei kjenner området svært godt gjennom mange tidlegare besøk. Denne lokalkunnskapen gjer at bruken blir fleksibel og tilpassa faktorar som tidsbruk, vær og føre, føremål med turen og andre brukarar.

Denne brukargruppa kan oppsøke stader langt inne i verneområda i samband med aktivitetar som turgåing, jakt og fiske, men hovudtyngda av bruken vil likevel være i randområda. Dei fastbuande vil kunne bli fortrent frå områder med mange turistar, men vil da finne andre områder og bruke i turistsesongen.

Dei fastbuande har mindre behov for og ønskjer om tilretteleggingstiltak enn andre brukargrupper. Samstundes vil dei være positive til tilrettelegging som skåner mykje brukte områder mot slitasje. Dei vil og være positive til kanaliseringstiltak som samlar turistane på nokre få områder.

Denne brukargruppa er interessert i informasjon, men dette må være informasjon som har eit detaljert innhald. Særleg informasjon om kulturminne og særskilte naturførekonstar i verneområda vil være av interesse.

Aktuelle tilretteleggingstiltak som er etterspurd av denne brukargruppa:

- Ingen

Aktuelle informasjonstiltak som er etterspurd av denne brukargruppa:

- Foredrag om natur, kulturhistorie og aktuelle forvaltningstiltak
- Fellesturar med lokalkjente guidar
- Undervisningsopplegg og fellesturar for barn og ungdom

Hyttefolket

Dei om lag 30.000 som brukar dei snautt 10.000 hyttene nær verneområda, står for om lag 60.000 besøk kvart år. Denne gruppa brukar området heile året, men om lag 75% av besøka i verneområdet skjer i barmarkssesongen.

Hyttefolket er i hovudsak busett i dei sentrale og mest fjølkerike delane av regionen. I vårt tilfelle vil dette bety Nord Jæren og Kristiansandsområdet. Denne brukargruppa er og ofte relativt godt kjent og har besøkt verneområda fleire gongar tidlegare, og har såleis ein del fellestrekk med dei fastbuande. Samstundes oppheld dei seg helst i området i samband med helger og ferier, og har derfor mindre tid og er ikkje like fleksible i sin områdebruk som dei lokale.

På grunn av den meir avgrensa tilgangen på tid i området, vil denne gruppa ha ei sterkare etterspurnad etter tilretteleggingstiltak som gjer tidsbruken meir effektiv. Eit døme på dette vil være ønsket om preparerte skiløyper. Elles vil denne gruppa og være positive til godt merka og tilrettelagte turstiar og dei vil og til ein viss grad etterspørje eit tilbod om ulike aktivitetar i verneområda.

Når det gjeld informasjon vil hyttefolket etterspørje informasjon om sitt nærområdet. Både turforslag, og informasjon om natur, kulturminne og opplevingsverdiar vil truleg være av interesse. Denne gruppa vil kunne oppsøke nettbasert informasjon, men vil og ha nytte av informasjon ved aktuelle startpunkt inn i verneområdet. Hyttefolket vil og kunne nytte seg av eit tilbod om foredrag og turar med guide dersom dei blir lagt feriane.

Aktuelle tilretteleggingstiltak som er etterspurd av denne brukargruppa:

- Preparerte skiløyper
- Tilrettelagte turstiar
- Parkeringsplassar ved mykje brukte startpunkt

Aktuelle informasjonstiltak som er etterspurd av denne brukargruppa:

- Omfattande og detaljert informasjon om verneområda, verneverdiar og konkrete opplevingar på svr.no
- Tilsvarande informasjon som plakatar og hefter på DNT, Statskog og Fjellstyrehytter
- Kart og generell informasjon på skilt ved aktuelle startpunkt
- Foredrag om natur, kulturhistorie og aktuelle forvaltningstiltak
- Fellesturar med lokalkjente guidar

Langturturisten

Langturturistane bidreg med om lag 40.000 besøk i verneområda i løpet av eit år, og er såleis den minste brukargruppa. Dette er samstundes den brukargruppa som beveger seg inn i dei sentrale delane av verneområda og som i hovudsak er på fleiredagarsturar. Hovuddelen av denne brukargruppa er besøkande som går fotturar/skiturar og brukar DNT sitt hytte- og løypenett. Ein mindre del av denne gruppa er jegerar og fiskarar som nyttar seg av Statskog/Fjellstyre hytter eller leiger private stølar og jakthytter. I gruppa finn ein og dei som dreg på overnattingsturar med telt.

Langturturisten er i hovudsak busett i regionen, og har eit visst kjennskap til verneområda gjennom tidelegare besøk. Samstundes omfattar denne gruppa og besøkande frå andre delar av landet og ein del utlendingar (hovudsakleg danskar, tyskarar og nederlendarar). Desse er i langt større grad førstegangsbesøkande.

Denne brukargruppa er meir skeptisk til omfattande tilrettelegging enn dei andre gruppene. Turisthytter, merka og klopplagde stiar er tilretteleggingstiltak som aksepterast, men dei ønskjer ikkje tilrettelegging utover «DNT nivået». Særleg jegerar er skeptisk til tiltak som kan føre til meir folk i sentrale områder.

Gruppa er stort sett sjølvhjelpne i høve til aktivitetar, og vil ei liten grad etterspørje eit slik tilbod. Når det gjeld informasjon eksisterer det allereie gode informasjonskanalar som ut.no og inatur.no som dekkjer mykje av behovet før turen. Gruppa vil i tillegg være interessert i til dels omfattande informasjon på overnattingsstaden. Her vil det mellom anna være mogleg og nå ut med informasjon om verneområda, åtfersdsregler i høve til villrein, kulturminne i området m.v.

Aktuelle informasjonstiltak som er etterspurd av denne brukargruppa:

- Omfattande og detaljert informasjon om verneområda, verneverdiar og konkrete opplevingar på www.svr.no
- Tilsvarande informasjon som plakatar og hefter på DNT, Statskog og Fjellstyrehytter
- Kart og generell informasjon på informasjonsplakatar ved aktuelle startpunkt

Aktuelle tilretteleggingstiltak som er etterspurd av denne brukargruppa:

- Bruer og klopplegging av DNT løyper og andre mykje brukte stiar
- Parkeringsplassar ved mykje brukte startpunkt

Bilturisten

Trafikkteljingar viser at om lag 130.000 bilar eller 400.000 personar køyrar gjennom verneområda kvart år. Av desse reknar ein med at om lag 150.000 går ut av bilen innanfor verneområda.

Bilturistane er dermed den talmessig største brukargruppa i verneområda, men samstundes og den gruppa som beveger seg kortast ut i terrenget. I hovudsak vil denne gruppa berre ta kortare turar ut frå eit utgangspunkt som ligg ved bilveg. Det er nokre få stadar i og ved verneområda, som peikar seg ut som velegna og mykje brukte startpunkt for slike turar. Denne brukargruppa sine besøk i verneområdet skjer i all hovudsak i barmarkssesongen og særleg i tidsrommet 15. juni – 15. august.

Dei aller fleste bilturistane er nordmenn som er busett utanfor regionen, men gruppa inneheld og mange utlendingar. Bilturistane bur som regel på hotell, pensjonat og campingplassar nede i dalen. For denne gruppa kan det og være aktuelt kjøpe aktivitetstilbod når dei er i regionen.

Dette er brukargruppa som sett størst pris på tilretteleggingstiltak. Dei ønskjer lett tilgjengeleg parkering ut frå hovudvegane og godt tilrettelagte og merka turstiar. På startpunktta vil gruppa ha behov for informasjon om kva ein kan oppleve i nærområdet. Det er viktig at parkering og andre attraksjonar er skilta frå hovudvegane. Dette er og den brukargruppa som vil ha størst nytte av informasjon som blir gitt på ulike informasjonspunkt, og som vil utgjere fleirtalet av dei som besøker slike stader.

Aktuelle tilretteleggingstiltak som er etterspurd av denne brukargruppa:

- Opparbeidd tursti (carwalk) til utkikkspunkt ved Håhellervatn og på Hovden.
- Utviding av parkeringsplass ved Håhellervatn

Aktuelle informasjonstiltak som er etterspurd av denne brukargruppa:

- Informasjon knytt til turstiane ved Håhellervatn og Hovden. Her vil det være snakk om fleire skilt med spesifikk informasjon langs begge turstiane.
- Generell informasjon om verneområda og verneverdiane på informasjonspunkta ved Kvinlog, Kvæven, Håhellervatn, Hovden og Nesflaten.
- Få på plass skilting til informasjonspunkt og attraksjonar ved hovudvegane

Punktturisten

Denne brukargruppa består av dei som besøker Kjerag eller Månafossen i Frafjordheiane landskapsvernområde. Til saman har desse to naturattraksjonane om lag 160.000 besøk i året, nesten berre i barmarkssesongen.

Punktturisten er helst utlending, men det er sjølvsagt ein del nordmenn som besøker desse stadene. Sommaren 2017 fordelte dei besøkande på Kjerag seg slik etter nasjonalitet: Tyskland 33%, Norge 16%, Vest Europa elles 17%, Aust Europa 15%, Nord Amerika 10%, Asia 8%.

Punktturisten ønskjer godt tilrettelegging som gjer det lett og trygt og ta seg fram. I praksis vil dette særleg dreie seg om steintrapper, klopplegging og rekkverk. God merking vil og være etterspurd.

Denne brukargruppa vil ha eit stort behov for informasjon, og helst på eget språk. Dei etterspør særleg praktisk informasjon i høve til gjennomføringa av turen, men og informasjon om opplevingskvalitetar vil være av interesse. Punktturistane vil i stor grad søke nettbasert informasjon før turen til Noreg, men i tillegg vil oppdatert informasjon ved turstart vil og være etterspurd. Denne informasjonen vil i hovudsak bli ivaretatt av andre aktørar.

Aktuelle tilretteleggingstiltak som er etterspurd av denne brukargruppa:

- Trapper, klopplegging og rekkverk på stien
- Svært god merking

Aktuelle informasjonstiltak som er etterspurd av denne brukargruppa:

- Informasjon om vernestatus, vernereglar og åtferdsreglar på fleire språk på svr.no
- Informasjonsskilt om vernestatus, vernereglar og åtferdsreglar på fleire språk ved startpunkt

5.4 Nærare omtale av innfallsportane

Nesflaten (1)

Lokalisering

Nesflaten er ein liten tettstad som ligg ved Rv 13 gjennom Suldal kommune. Nesflaten er den sentrale innfallsporten for Kvanndalen landskapsvernområde og dei nordlege delane av Dyraheio landskapsvernområde. Frå Nesflaten er det om lag 20-30 min kjøring fram til startpunkta nær grensa for landskapsvernområda. Innfallsporten vil i hovudsak betene fastbuande hyttefolk og langtutturistar. Informasjonspunktet med tilhøyrande utstilling vil og bli brukt av bilturistar.

Opplevingsverdiar

I både Kvanndalen og Dyraheio er det store opplevingsverdiar knytt til landskapet. Dette gjeld særleg landskapet knytt til dei mange stølsområda i området. Det er og ei rekke lokalitetar med særleg rik flora i begge landskapsvernområda. Områda inneheld og mange gode fiskevatn, og gode jaktområde for villrein og småvilt.

Infrastruktur

På Nesflaten er det hotell, butikk og ein sommaropen kafé. I bygget med butikk og kafé har SVR sidan 2016 hatt ei utstilling om verneområda. Her er det og toalett og ein stor asfaltert parkeringsplass med plass til om lag 30 bilar.

Frå Nesflaten går det fleire kommunale vegar og opne anleggsvegar fram til ulike startpunkt for Stavanger turistforening sitt løypenett.

Nesflaten - Kvanndalsdammen 15km. Startpunkt for den 5km lange turen til Kvanndalen turisthytte

Nesflaten - Sandvatnet 18km. Startpunkt for turar til turisthyttene Holmavatnet (12km) og Bleskestadmoen (5km)

Nesflaten - Bleskestad 8km. Startpunkt for den 7km lange turen til turisthytta på Bleskestadmoen

Nesflaten – Mostøl 19km. Startpunkt for turar til turisthyttene Jonstøl (1km) og Bleskestadmoen (11km).

Nåverande bruk

I følgje overnattingsstatistikken til STF hadde hyttene i området desse besøkstala i 2016.

Hytte	Vinter	Sommar	Sum
Kvanndalen	5	74	79
Holmavasshytta	335	332	667
Bleskestadmoen	213	240	453
Jonstøl	450	1004	1454
Sum	1003	1650	2653

I området rundt Mostøl står det til saman 15 fritidshytter og stølshus.

I tillegg brukar både lokalbefolkning og tilreisande området til dagsturar til fots og turar i samband med jakt og fiske.

Verneverdiar og trugsmål

Verneverdiane knytt til landskapet og dei rike botaniske lokalitetane, er i liten grad truga av ferdsel, mens attgroing med bjørk, einer og vier er eit langt større trugsmål. Dei siste åra har det derfor blitt gjennomført skjøtseltiltak som rydding og myrslått ved lokalitetar i både Kvanndalen og Dyraheio.

Villrein er ein del av verneføremålet landskapsvernområda Kvanndalen og Dyraheio, samt i Holmavassåno biotopvernområde. Desse områda utgjer viktige sommarbeiteområde for villreinstamma, og i vintrar med vanskelege beitetilhøve blir skogsområda i vest brukt til vinterbeite. Dei nordaustlege delane blir og nytta som vinterbeite i normale vintrar.

I hovudsak er forstyrringa av villreinen i området på eit moderat nivå. Unnataket er trekkorridoren i Holmavassåno kor ferdselen på anleggsvegen og turstiane i område utgjer ei systematisk forstyrring i august og september. Grunneigar har derfor nekta merking av turistløypa Holmavasshytta-Sloaros.

Utfordringar

Dårleg tilrettelagte stiar i våte områder gjev stor slitasje og dårleg framkommelegheit. Dette gjeld særleg delar av stien mellom Bleskestad og Bleskestadmoen og større strekkingar på stien mellom Bleskestadmoen og Sandvatnet.

Den gamle kabelbrua over Kvanndalsåno nord for Svultanuten datt ned i 2015, og vart i 2018 erstatta av ei ny bru ved Takli.

Hovden (2)

Lokalisering

Hovden i Bykle er av dei største reiselivsdestinasjonane i landsdelen. Hovden ligg øvst i Setesdal 210 km. frå Kristiansand og 228 km frå Arendal. Frå Stavanger er reisestrekninga sommarstid 258 km. Frå kommunesenteret i Bykle er det om lag 30 km. Hovden som innfallsport ligg tett på fleire av verneområda i SVR som Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane Ivo, Hovden Ivo samt Vidmyr og Lislevatn nr.

Infrastruktur og aktivitetstilbod

Heilårig gjennomfartsveg (rv. 9) går gjennom Hovden sentrum. Det er eit rimeleg godt busstilbod på strekninga Kristiansand – Evje – Hovden – Haukeligrend.

Hovden med midtregionen er ein monaleg hytteområde med om lag 2000 einingar. Dei fleste av desse er høgstandardhytter og er lokalisert kring Hovden sentrum. Der finn ein og fleire butikkar, spisestader, bensinstasjon, turistinformasjonen mv. Det er og ein god del bustader og omlag halvparten av innbyggjarane i Bykle er busett på Hovden (480 personar). Det er eget skuletilbod på Hovden for klassetrinna 1 – 7 klasse. Her ligg også Hovden skigymnas som er ein del av skuletilbodet ved Setesdal vidaregåande skule. På skigymnaset vert det gjeven toppidrettstilbod innan ulike skigreinier inkludert studieførebuande. Hovden alpinanlegg, som er det største anlegget i landsdelen er eit viktig grunnlag for den vidaregåande skulen, og sjølv sagt for turistdestinasjonen som sådan.

Destinasjon Hovden har ansvaret for marknadsføring av reiselivsnæringa og ivaretek vertskapsfunksjonen for Bykle kommune. Dei har mellom anna ansvaret for turistinformasjonen og er lokalisert i Hovdetun midt i sentrum.

Både sommar og vinter er det eit godt utbygd løypenett internt på Hovden samt ut i heimråda på aust og vestsida av Otra/rv. 9. Gjennom et eget kommunalt løypeselskap vert det preparert om lag 180 km. med skiløyper. Med utgangspunkt i Hovden Langrennsarena mellom Hovden sentrum og Hartevatn, er det bygd ut om lag 10 km. med ljosløype. Det er tilkomst til denne mange stader langs trassen. Det er også merka sommar og vinterløyper inn til Sloaros th. på vestheia, og Tjønnrotbu og Berdalsbu th. på austheia. Tal besøkande på desse hyttene går fram av oversikten nedanfor:

Hytte	Overnatting	Dagsturbesøk*
Sloaros	630 i 2016 og 556 i 2017	35 i 2017
Tjønnrotbu	844 i 2016	133 i 2016
Berdalsbu	763 i 2016	45 i 2016

* Verkeleg tal besøkande er truleg høgare da mange ikkje registrerer seg ved dagsbesøk.

Av andre aktivitetstilbod kan nemnast Hovden badeland og eigen skøytebane sentralt på Hovden

Sommarstid er Hartevasnuten, Storenos og Hovdenutene mykje nytta turmål og det går merka løype opp på desse toppane. Det er flott utsikt frå alle desse, på dei to først nemnde er det plassert siktskiver som syner namnet på fjelltoppane i kringliggjande heiområde.

Det er aukande interesse for sykling og der er lagt til rette for fleire trasear av ulik lengde og vanskelighetsgrad. Det er tilbod for downhill-sykling, der ein nyttar stolheisen for transport opp.

Hovden jernvinnemuseum er ein del av Setesdalsmuseet. Museet er bygd opp kring rekonstruert blestertuft og syner korleis produksjon av jern og kol gjekk føre seg for om lag 1000 år sidan.

Av større årlege arrangement kan nemnast Hovden-tour, Rekordfestivalen og sykkelrittet Color Line tour. Arrangementa samlar kvart år fleire tusen deltakarar.

Gjeven det store tal besøkande på Hovden er det lagt lite til rette med informasjon om verneområdet og verneverdiar. Det er sett opp nokre få informasjonstavler ved Vidmyr og Lislevatn naturreservat. I tillegg står dei ei litt større informasjonssøyle i Hovden sentrum. Desse er alt ein god del år gamle og ber preg av det.

Opplevingsverdi og nåverande bruk

Hovden ligg tett på storslått høg fjellsnatur med ein rekke merka løyper til utkikkspunkt og til dei nemnde turisthyttene inne i heia. Naturreservata Lislevatn og Vidmyr har ein særeigen botanikk og eit rikt fugleliv. I Hovden landskapsvernområde finn ein store samanhengande myrområde med eit vidt spekter av myrtypar. Hartevatn rett sør for Hovden er ein del av Otra-vassdraget og vert mykje nytta til bading, fiske, kanopadling mv. -

Hovudtyngda av brukarar i dag er folk som har hytte i området. I tillegg er det mange som leiger seg inn på ulike overnattingstilbod for ein kortare periode. Ein monaleg del av desse er danskar, nederlendarar og tyskarar. Med Rv. 9 som gjennomfartsveg er det også mange tilreisande som stoppar ein kortare tid, 1-2 dagar, for å nytte aktivitetstilbodet på Hovden. På dei største utfartsdagane kan det vera så mange som 15 000 – 20 000 besøkande på Hovden.

Bjåen gard ligg ved. Rv. 9 tett ved fylkesgrensa til Telemark. Av gardar med mjølkeproduksjon i landet er Bjåen av dei som ligg høgast over havet.

Dei første spora etter menneskje på Hovden er frå yngre steinalder og er spor etter jegerar og fangstmenn. I heiområda er det funne ulike fangsinnretningar som dyregraver og bogestiller. Ved Storhedder nord-vest for Hovden er det rissa inn runer som kan vera frå år 1050. I Breiveområdet vest for Hovden er det spor etter jordbruk frå så tidleg som 2800 f. Kr. Garden Breive er av dei eldste i Bykle (Kommunedelplan for Hovden, Bykle kommune 27.2.2014)

Gjennom arkeologiske registreringar er det avdekka omfattande aktivitetar etter jernproduksjon. Grunnlaget for dette har vore rikeleg tilgang på myrmalm samt trevirke som vart brent til kol. I tillegg nærleiken til vatn. Til saman er det gjort fleire tusen funn på Hovden av kolgroper, blæstertuftar og jernvinneanlegg. Jernproduksjonen gjekk føre seg frå om lag år 600 e. Kr. og fram til 1400-talet.

Brukbar køyreveg til Bykle til Hovden kom først i 1924. Det var og ei føresetnad for at turismen kunne vekse. Det første høg fjellshotellet vart bygd i 1937 men dette brann ned allereie ni år seinare. Etter kvart vart det bygd opp fleire gjesteheimar. Frå 1967 skaut utviklinga på Hovden fast med bygging av nytt høg fjellshotell og alpinbakke. Utbygging av fritidshytter skaut først fart frå slutten av 1970-åra (Kommunedelplan for Hovden, Bykle kommune 27.2.2014)

Det har tidlegare vore tamreindrift på Hovden. Frå 1886 var det meir eller mindre samanhengande drift fram til avviklinga i 1979.

Verneverdiar og trugsmål

I vurderinga er det teken utgangspunkt i areala innanfor vernegrensa.

Verneverdiane for *Hovden landskapsvernområde* er knytt til eit unikt høgfjellslandskap samt store viktige myrområde. Pr. i dag er det inga store trugsmål mot verneverdiane. Auka ferdsel i området kan ha ein forstyrrande effekt på dyrelivet i området, til dømes villrein som har viktige vinterbeite i området samt at utvekslingsområde/trekkområde mellom aust og vesthai delvis går gjennom Hovden landskapsvernområde. Det er registrert ein rekke automatisk freda kulturminne i området, i første rekke kolgroper og jern- og kolutvinningsanlegg. Mogleg trugsmål mot desse kan vera nydyrking og landbruksvegar.

Omfattande nydyrking kan og vera eit trugsmål for dei store myrområda. Pr. i dag er det likevel ikkje omfattande planar for dette (Forvaltningsplan for Hovden Ivo, Vidmyr NR og Lislevatn NR, SVR 2017)

Verneverdiane for *Vidmyr naturreservat* er knytt til særleg rik flora med fleire indikatorartar. Vidmyr har opp igjennom historie vore nytta til slått, men frå 1950-talet talet forsvann denne driftsforma i stor grad. Attgroing av slåttemyr og mangel på tradisjonell hevd fører såleis til redusert artsmangfald og endring av naturtypen. Framleis vert eit mindre areal sør i område slått i eit forsøk på å halde på den særeigne floraen. Slåttemyr er ein av seks utvalde naturtypar ref. NML § 52 (Forvaltningsplan for Hovden Ivo, Vidmyr NR og Lislevatn NR, SVR 2017).

Som for Hovden Ivo. er det automatisk freda kulturminne i området knytt til jern og kolproduksjon.

Verneverdiane i *Lislevatn naturreservat* er knytt til ein rik flora, samt fugle- og anna dyreliv som er bunden til våtmarksområde. Ferdsel og forstyrring kan vera eit trugsmål mot verneverdiane, men pr. i dag er ikkje dette av eit problematisk omfang. Generelt har ulike formar for drenering vore eit trugsmål mot våtmarksområda, men faren for slike inngrep ved Lislevatn vurderer ein som liten (Forvaltningsplan for Hovden Ivo, Vidmyr NR og Lislevatn NR, SVR 2017) .

Spesielt for Hovden som innfallsport er monaleg mengde besøkande tett opp til viktige vinterbeiteområde for villrein både på aust – og vestheia. Preparerte og merka vinterløyper går delvis inn i disse områda. Mykje ferdsel inn i desse områda kan føre til at vinterbeitene går ut av bruk. Nord for Hovden, dvs. ved Lundane og Lislefjodd ligg det viktige trekkorridorar mellom aust og vestheia. Kor ofte det kryssar dyr her er usikkert men det er tross alt dei to attverande trekkvegane der det frå tid om anna kryssar dyr.

Bykle kommune har i mange år jobba mykje med styring og kanalisering av ferdsel gjennom ein eigen kommunedelplan for tur- og skiløyper. Særleg mykje diskusjon har vore knytt til preparering av skiløypa inn til Sloaros turisthytte på vestheia, samt løype rundt Galten på austheia. Status i dag er at det for 2018 vart gjeven løyve til prepareringa av traseen inn til Sloaros i ein avgrensa periode mellom vinterferien og påskeferien. Løypa kring Galten vart lagt ned ved førre revidering av kommunedelplan for stiar og løyper i 2008, men vert tillate preparert i samband med skirennet Hovden-tour.


I 2017 sette Bykle kommune i gong eit prosjekt kalla «Adaptiv løypeforvaltning».

Gjennom analysearbeid, mellom anna basert på data frå GPS-merkeprosjektet, ønskjer ein å sjå om det stader kan vera eit handlingsrom for å preparere nye skiløyper gjennom heile eller delar av sesongen. Særleg aktuelt synast delar av austheia der villreinen, i første rekke simlene, i slutten av mars månad trekker sørover til kalvingsområda sør for Bjørnevatn i Valle. Som ein del av

prøveordninga skal det vera ei form for overvaking av kva område dyra oppheld seg, inkludert prosedyrar for når trasear kan opnast/stengast. Det vert og lagt opp til informasjon ut til brukarane. Prosjektet Adaptiv løyeforvaltning er i si heilskap teken inn i verdiskapingsprosjektet i regi av SVR, arbeidsgruppe 4.

Utfordringar

- Hovden er ein monaleg reiselivsdestinasjon i landsdelen og med eit vidt spekter av tilbod for dei besøkande. Informasjon om verneverdiar og verneområda må finne ei form og plassering som gjer at det ikkje druknar i mengda. Samstundes gir det store talet besøkande eit monaleg potensiale for å nå mange på eit relativt avgrensa område.
- I periodar er det opp til 15000 - 20 000 besøkande i områda kring Hovden og talet vil auke i åra framover som følgje av vidare hytteutbygging. Særleg vinterstid vert det ei utfordring å styre og kanalisere ferdsla på ein slik måte at det ikkje går ut over verneverdiane, ikkje minst villrein. Styring og kanalisering av ferdsel må skje parallelt med informasjon om verneverdiar og omsynsfull ferdsel i villrein fjellet.
- Kommunen sin utbyggingsstrategi og arealplanar etter Plan- og bygningslova vil vera meir førande for bruken av verneområda kring Hovden enn det verneområdeforvaltninga kan få til gjennom ein besøksstrategi.



Frå Hovden. Foto: SVR.

Hjelmeland (3)

Startpunkt Kleivaland

Lokalisering

Kleivaland ligg i Vormedalen i Hjelmeland kommune, om lag 19 km eller 20 min køyring frå Hjelmeland sentrum. Kleivaland er den sentrale innfallsporten for Ritlandskrateret, Øyastøl naturreservat og Vormedalsheia landskapsvernområde, og betener i hovudsak fastbuande og langturturistar.

Opplevingsverdiar

Området har svært store opplevingskvalitatar innanfor eit relativt avgrensa areal. Desse er særleg knytt til det 500-600 millionar år gamle meteorittnedslaget i Ritlandskrateret, som er eit av to registrerte meteorittkratera i fastlands Noreg. I ura aust for Øyastølsmyra er det og ein sær eigen førekomst av om lag 550 millionar år gamle fossil. Øyastølsmyra er ei rikmyr som tidlegare hadde funksjon som slåttemyr. Både sjølve slåttemyra og kulturlandskapet rundt denne har blitt restaurert dei siste åra. Dei nærliggande delane av Vormedalsheia landskapsvernområde har store opplevingskvalitetar knytt til både rike botaniske lokalitetar, store terrengdekkande myrområder, stølslandskap og landskapsformer.

Infrastruktur

På Kleivaland er det ein asfaltert parkeringsplass med plass til om lag 30 bilar. Frå parkeringsplassen går det ein merka sti til gapahuken ved eit utkikkspunkt over Ritlandskrateret (ca 1t), merka sti til Melands-Grønahei sjølvbetent STF hytte (ca 5t). Desse stiane er knytt saman til ein rundtur (ca 2t). Det går og ein skogsbilveg opp til Øyastølsmyra (ca 30 min) og ein merka sti til den private turisthytta Trodla-Tysdal.

På parkeringsplassen har Hjelmeland kommune sett opp ei informasjonstavle om Ritlandskrateret. SVR si gamle informasjonssøyle er og plassert her.

I 2012 vart det bygd ein gapahuk ved utkikkspunktet over Ritlandskrateret. På turiststien til Melands-Grønahei er det ei eldre trebru over Ottestølsåna frå Vassbotnvatnet. Denne blir av STF vurdert til og være i dårleg stand. Rett nord for Øyastølsmyra går det ei eldre metallbru frå skogsbilvegen og over til turiststien. Denne brua manglar gangdekke og er i så dårleg stand at den ikkje bør brukast.

Nåverande bruk

Ut frå protokollen som er lagt ut, kan en rekne med at så mange som om lag 1000 personar besøker gapahuken over Ritlandskrateret kvart år. Turisthytta Melands-Grønahei har om lag 400 overnattingar på årsbasis.

Området er mest brukt i barmarkssesongen, med høgast besøk i tidsrommet juni-september. Talet på besøkande er aukande. Området er mest brukt av lokalbefolkninga, men det er ein del tilreisande frå både inn- og utland som besøker Ritlandskrateret.

Verneverdiar og trugsmål

Ritlandskrateret. Sjølve krateret ikkje truga i seg sjølv, men stadig fleire besøkande medfører slitasje på stiane i området.

Fossillokalitet. Ikkje truga i dag, men kan bli utsett ved større ferdsel. Det vil være fare for at besøkande tek med seg fossilar heim.

Øyastølsmyra. Har lenge vore truga av attgroing av einer og lauvskog, samt spreing av gran. Omfattande rydding av vegetasjon sidan 2010 har no gjeve resultat. Det blir og gjennomført myrslått kvart 3. år i samsvar med forvaltingsplan.

Skredmjeltlokalitet. Skredmjelt som er sterkt truga, veks på ein lokalitet i området. Det vil bli lagt stor vekt på og ikkje kanalisere ferdsel og anna verksemd nær denne lokaliteten.

Utfordringar

Avtalen om disponering av areal til parkeringsplass går ut i 2024, og må fornyast dersom det skal være aktuelt og utvikle innfallsporten vidare.

Parkeringsplassen er for liten og må utvidast dersom området skal få fleire besøkande.

Turløypa i naturreservatet over Øyastølsmyra har fleire våte parti og terrengslitasjen er omfattande.

Dårleg tilrettelagte stiar i våte områder gjev stor slitasje og dårleg framkommelegheit. Dette gjeld særleg ved gapahuken, i nordre del av Øyastølsmyra og i stigninga frå myra opp mot Bjødabu. Dersom talet på besøkande skal auke dei kommande åra må turstiane i området leggjast om eller til retteleggjast betre for å unngå slitasje.

Ei bru som er ein viktig del av infrastrukturen i området er i svært dårleg forfatning. Denne må settast i stand eller plasserast ein annan stad, før ein opnar for auka bruk av området.

Berg (4)

Lokalisering

Berg ligg 5 km vest for avkøyringa frå Rv 9 mellom Valle og Rysstad i Valle kommune. Det er om lag 2.5 times køyring frå befolkningscenterane i Arendal og Kristiansand.

Berg er ein viktig innfallsport til SVR og DNT-Sør sine hytter Stavskar og Bossbu, samt stølsområda ved Bossvatn. Berg er i hovudsak eit utgangspunkt for turar langs DNT Sør sitt rutenett.

Opplevingsverdiar

Det er svært store opplevingsverdiar knytt til landskapet i området. Dette gjeld i særleg grad stølsområda ved Bossvatn. Området er og kjent for gode moglegheiter for jakt og fiske.

Den karakteristiske toppen Svarvarnuten (1378 moh) er og eit viktig turmål i området.

Infrastruktur

På Berg er det ein parkeringsplass med plass til om lag 20 bilar. Frå Berg går den merka løypa til DNT Sør først 7 km på grusveg og sti til den sjølvbetente hytta Stavskar som har 9 sengeplassar. Vidare er

det 7 km på sti til Bossbu. Bossbu er og sjølvbetent og har 27 overnattingsplassar. På Bossbu sto det ei ny hytte ferdig i 2016.

Om vinteren er det kvista løype til Stavskar og Bossbu frå vinterferien til etter påske.

Nåverande bruk

I 2017 hadde Stavskar 362 overnattingar, mens Bossbu hadde 1380 overnattingar. Hyttene blir i hovudsak brukt av tilreisande fotturistar, samt ein del jegerar om hausten. Området blir og mykje brukt av lokalbefolkninga og det er fleire stølar i området ved Bossvatn.

Utfordringar

Området mellom Stavskar og Bossbu har tidlegare vore brukt som kalvingsområde for villreinstamma i Setesdal-Ryfylke villreinområde. Ferdsløype i kalvingsområdet Svarvaren er derfor forbode utanom den kvista løype i tidsrommet 25.04-31.05. Dei åra påska kjem seint vil påsketrafikken strekke seg inn i starten av kalvingsperioden.

Røssdalen (5)

Lokalisering

Røssdalen ligg innover frå Øvre Espedal i Forsand kommune, om lag 19 km eller 20 min køyring frå Forsand sentrum. Røssdalen er i hovudsak eit område for dagsturar og korte overnattingsturar, men fungerer og som ein innfallspurt til Frafjordheiane landskapsvernområde. Innfallsporten betener såleis både fastbuande og langturistar som i hovudsak er busett på Nord Jæren.

Opplevingsverdiar

Røssdalen har svært store opplevingskvalitar innanfor eit relativt avgrensa areal. Dei ytre delane av dalen inneheld ein edellauvskog i mosaikk med opne grassletter, mens Indredalen har eit dramatisk landskap med bratte dalsider og særigne landskapsformar som Fossajuvet. Dalføret inneheld og ei lang rekke kulturminne.

Infrastruktur

Forsand kommune og til dels Ryfylke friluftsråd, står for fleire tilretteleggingstiltak i område. I munningen av Røssdalen er etablert ein parkeringsplass med plass til om lag 20 bilar, på P-plassen er det og eit toalettbygg, to søppelkonteinarar og informasjonsskilt. Den om lag 2.5 km lange turen til den mest bruka overnattingsplassen er godt merka og skilta. Første halvdel av turen, inn til vestre enden av Røssvatnet, går på ei opparbeidd grussti med ei breidde på om lag 2m, mens andre halvdel, inn til teltplassen i austre ende av Røssvatnet, går på ein god sti. Inne på teltplassen står det eit toalettbygg med snurredass og det er mura opp fire store bålplassar og fire benkar med bord. Vidare innover dalen går det ein om lag 18km umerka sti til Stavanger turistforening si hytte Blåfjellenden.

Nåverande bruk

Røssdalen har vore relativt godt besøkt i lang tid. I 2000 registrerte Fylkesmannen i Rogaland om lag 1500 besøkande i hovudsesongen (juni-oktober). Dette inneberer om lag 2000 besøkande i sesongen under eit (mars-november). Dei siste 2-3 åra har talet på besøkande auka merkbart, og teljingar av

Forsand kommune tydar på at Røssdalen hadde 5000-6000 besøkande i 2016. Inne på teltplassen vart det fleire helger registrert meir enn 50 personar som overnatta. Området blir i all hovudsak brukt i barmarkssesongen, med høgast besøk i tidsrommet juni-september. Talet på besøkande er aukande. Området er mest brukt av lokalbefolkninga og tilreisande frå Stavanger/Sandnes regionen.

Verneverdiar og trugsmål

Nær leirplassen i Røssdalen er edellauvskogen og andre verneverdige vegetasjonstypar utsett for ein del slitasje og skader frå hogst av ved til bålplassane. Verneverdiane knytt til vegetasjonen i Røssdalen kan likevel ikkje seiast og være truga.

Verneverdiane knytt til landskap og kulturminne i dalføret er ikkje truga.

Utfordringar

I våte periodar blir det ein del slitasje på grasslettene på og rundt leirplassen.

Kvart år blir det bygd 10-15 nye bålplassar på leirplassen. Desse blir rydda bort kvar haust.

Det blir kvart år lagt igjen ein del søppel på leirplassen som til dømes presenningar og telt.

Parkeringsplassen er for liten i store utfartshelger. Da hindrar parkerte bilar trafikken på tilkomstvegen, og bilar blir stengt inne på parkeringsplassen.

Det går beitedyr i området og fotturistane gløymer av og til og lukke grunder. Sjølvlukande grunder må derfor på plass.

Øygardsstøl – Kjerag (6)

Lokalisering

Øygardsstøl ligg 640 moh på vegen mellom Sirdal og Lysebotn i Forsand kommune. Ein kan komme til Øygardsstøl etter fylkesveg 500 frå Fidjeland i Sirdal, eller opp frå Lysebotn etter og ha kome hit med ferje. Det er og satt opp busstransport frå Stavanger i høgsesongen. Kjerag ligg ute på stupkanten 1000 m over Lysefjorden og 4 km vest for Øygardsstøl. Øygardsstøl er den sentrale innfallsporten for Kjerag og dei nordaustre delane av Fråfjordheiane landskapsvernområde og betener i hovudsak punktturistar.

Opplevingsverdiar

Det er svært store opplevingskvaltitar knytt til Kjerag. Sjølve Kjeragplatået og utkikkspunktet Nesatind ligg på toppen av eit 1000m høgt stup over Lysefjorden. I tillegg er Kjeragbolten ein verdskjent attraksjon.

Infrastruktur

På Øygardsstøl er det to asfalterte parkeringsplassar med plass til om lag 600 bilar. På Øygardsstøl er det og ei kafeteria og eit servicebygg med toalett. Det står og ei rekke informasjonsskilt ved parkeringsplassen. Lysefjorden utvikling har og tilsett parkeringsvakter, som bidreg med verdifull informasjon til dei besøkande. Frå parkeringsplassen går det ein svært godt merka sti 3.6 km ut til Kjeragplatået. Stien er tilrettelagt med ei rekke steintrapper, klopplegging i våte områder og rekkverk der det er brattast. I 2017 vart det og bygd ei nødbu i stein langs stien om lag 1.5 km frå Øygardsstøl.

Nåverande bruk

Fotturisme

Ferdselsregistreringar som vart gjennomført ved hjelp av automatisk ferdselsteljar viste at om lag 55.000 fotturistar besøkte Kjerag i tidsrommet juni-oktober 2017. Dette var ein del mindre enn Lysefjorden si registrering på 70.000 besøkande i 2016 sesongen som bygger på teljing av parkerte bilar.

Sjølv om dei aller fleste tek turen på eigenhand, tilbyr Outdorlife Norway guida turar til Kjerag nesten heile året.

Ekstremsportaktivitetar

Kjerag blir brukt til ei rekke ekstremsportaktivitetar. Fire dagar i slutten av juni kvart år arrangerast Heliboogie. Her blir BASE hopparar blir frakta opp til Kjeragplatået med helikopter. I tillegg blir det gjennomført BASE hopp frå Kjerag heile barmarkssesongen. Kvart år har og Kjerag hatt besøk av 1-2 større utanlandske grupper som brukar området til highlines, BASE hopping eller ein kombinasjon av desse aktivitetane. Det går og fleire klatreruter opp Kjeragveggen.



Frå Øygaardstøl. Foto: Rune Roalkvam.

Verneverdiar og trugsmål

Den fremste verneverdien på Kjerag er det storslagne landskapet, noko som og går tydeleg fram av verneføremålet for Frafjordheiane landskapsvernområde. Hovudtrekka i landskapet er ikkje truga av dei eksisterande aktivitetane i området, men kan stadvis medføre skjemmande inngrep. Turstien inn

til Kjerag har tidlegare medført sterk slitasje og erosjon i våte parti. Omfattande tilretteleggings- og restaureringstiltak dei siste fem har redusert desse skadane. Desse tiltaka har og medført at slitasje frå fotturismen ikkje vil bli noko stort trugsmål dei kommande åra. Merking og rekkverk langs stien på bratte stader utgjer og mindre inngrep i landskapet. I samband med ekstremsportaktivitetane blir det brukt boreboltar ved stupkanten og nokre samanhengar blir det utplassert mellombelse installasjonar.

I og med at landskapet er den viktigaste opplevingskvaliteten på Kjerag, og at naturoppleving gjennom eit enkelt friluftsliv er ein del av verneføremålet, vil ulike formar for forstyrning måtte oppfattast som eit trugsmål. Helikoptertransportane under Helieboogie vil heilt klart kunne redusere opplevinga for dei som er på Kjerag desse dagane. På same måte vil og installasjonar og aktivitet i samband med highlines kunne være forstyrrende for mange fotturistar. I tillegg vil faktorar som droner, synleg søppel og mange menneskje på stien opplevast negativt.

Stavanger turistforening søkte i 2017 om dispensasjon til og bygge ei betent turisthytte ved Kjeragplatået. Den omsøkte hytta var på 800m² og var plassert mellom turstien og stupkanten. Om turisthytta ikkje blir bygd har STF planar om å søke om å få sette opp ei ny nødbu ved Kjeragplatået. Bygningar i det opne landskapet ved platået eller nær stupkanten vil ha ein negativ innverknad på verneverdiane knytt til landskapet på staden.

Utfordringar

Det kan være vanskeleg og finne den rette balansen mellom verneverdiar og naturoppleving på den eine sida og tryggleiken til dei besøkande på den andre sida. Til dømes kan dagens merking på Kjeragplatået med tradisjonelle vardar, følast uttrykt for nokon av dei besøkande. Samstundes vil tett merking med refleksstolpar i metall medføre ein reduksjon av verneverdiane og opplevingskvalitetane på Kjerag. Ei ny nødbu eller ei betent turisthytte ved Kjeragplatået vil i kritiske situasjonar kunne bidra til betre tryggleik, men samstundes vil bygningar på Kjerag være eit trugsmål mot landskapsrelaterte verneverdiar og opplevingar.

Ekstremsportaktivitetane medfører mindre naturinngrep, og både sjølve aktiviteten og tilhøyrande helikoptertransport opplevast som forstyrrende for ein del av fotturistane.

Ein fortsett auke i talet på besøkande til Kjerag vil kunne føre til at ennå fleire av dei besøkande vil oppleve trengsel som eit forstyrrende element. Allereie i dag kan det være lange køar for og komme ut på Kjeragbolten, og i brukarundersøkinga frå 2017 vart mykje folk trekt fram som ein negativ faktor for opplevinga.

Bruken av droner på Kjerag har auka dei siste to åra. Bruk av droner er forbode, men det er ein del ulovleg bruk. Slik bruk ar forstyrrende for fotturistane og kan skape farlege situasjonar når folk er ute på stupkanten.

Svært få av dei besøkande er klar over at Kjerag ligg i eit verna område. Det er derfor stor behov for å få ut informasjon om at området er verna, kva for verneverdiar som skal takast vare på, og enkle åtferdsråd i samband med vernet.

Eikeskog (7)

Lokalisering

Eikeskog ligg lengst oppe i Frafjorddalen i Gjesdal kommune, om lag 12 km eller 20 min køyring frå Gilja ved Rv 45. Eikeskog er i hovudsak ein innfallspørt for punktturnistane sine korte dagsturar inn til Månafossen eller Mån, men fungerer og som ein innfallspørt til områda i Fidjadalen lengre inn i Frafjordheiane landskapsvernområde. Innfallspørten betener såleis og langturturistar og fastbuande.

Opplevingsverdiar

Opplevingsverdiene i området er særleg knytt til den 93m høge Månafossen som er Rogalands høgaste foss, kulturlandskapet ved Fjellgarden Mån og det storslagne landskapet innover i Måndalen.

Infrastruktur

Det er skilta til Månafossen frå Rv 45 ved Gilja.

Jæren Friluftsråd drifter ein parkeringsplass i enden av vegen med plass til om lag 100 bilar. Her har dei og eit toalettbygg. På parkeringsplassen står og SVR sine informasjonstavler om Frafjordheiane landskapsvernområde.

Frå parkeringsplassen og opp til utkikkspunktet til Månafossen går det ein godt tilrettelagt sti. Jæren Friluftsråd har gjennom fleire år arbeidd med steinsetting og drenering av stien. Det er og bygd tretrapper og sett opp rekkverk på dei brattaste delane av stien. Oppe ved utkikkspunktet er større område steinsett og det er laga til sittebenker i stein.

Jæren Friluftsråd står og for drifta av Friluftsgården Mån som ligg 1 km eller 30 min gange frå parkeringsplassen. Mån var opphavleg eit gardsbruk som vart fråflytta i 1914. Husa er sett i stand og har i dag 30 overnattingsplassar som leigast ut til skuleklasser og andre grupper. Mån med tilhøyrande innmark og utmark på til saman xkm² er eigd av Miljødirektoratet. Kjellaren på Mån står open for alle. Her er det sitteplass for om lag 20 personar. På veggane er det informasjonsplakatar om kulturhistoria i område og informasjon om Frafjordheiane landskapsvernområde.

Stien mellom Månafossen og Mån er og steinsett og det er sett opp rekkverk på bratte stader.

Frå Mån går det ein merka sti gjennom Fidjadalen til Stavanger turistforening si hytte Blåfjellenden. Frå Eikeskog er det 16 km eller ein 7 timars gåtur inn til Blåfjellenden.

Grunneigaren på Eikeskog har etablert ein Viaferata nær parkeringsplassen. Dette tilbodet vil opne for publikum i 2018.

Nåverande bruk

Jæren Friluftsråd har hatt utplassert ein automatisk ferdselsteljar mellom parkeringsplassen og Månafossen sidan 2015. Desse registreringane viser ein stabil bruk på om lag 100.000 besøkande i året.

På Friluftsgården Mån var det registrert 1500 overnattingar i 2017, og Jæren Friluftsråd reknar med at det er om lag 20.000 dagsbesøkande på Mån kvart år.

I følge Jæren Friluftsråd er mange av dei som besøker Månafossen og Mån utlendingar, med tyskar som den største gruppa.

Av dei som overnattar på Mån er norske skuleklassar den største gruppa.

Stavanger turistforening si hytte Blåfjellenden har om lag 1300 overnattingar i året, og om lag 300 av desse kjem til hytta frå Eikeskog.

Verneverdiar og trugsmål

Verneverdiane knytt til landskap og kulturminne i området er ikkje truga.

Samstundes kan slitasje frå den omfattande ferdselen medføre skjemmande terrengskader på særleg utsette stader. Beitelandskapet innanfor Mån er truga av attgroing med bjørk og einer, men det vil bli gjennomført brenning i 2018 dersom det er gode tilhøve.

Den 25 da store slåttemarka rundt Mån har sidan 2014 blitt slått etter retningslinjene i skjøtselsplanen for området. I tråd med planen vil kulturlandskapet gradvis bli restaurert.

Utfordringar

I våte periodar blir det ein del slitasje langs stien til Mån. Stien er nå så godt tilrettelagt at ny slitasje vil bli svært avgrensa og eksisterande slitasjeskader vil gro til.

Kulturlandskapet i området må ryddast og brennast kontinuerleg for å unngå attgroing.

Parkeringskapasiteten er for liten i høgsesongen. Eksisterande parkeringsplass kan ikkje utvidast så Jæren Friluftsråd planlegg ny parkeringsplass saman med grunneigar.

Eksisterande toalettbygg er utdatert og underdimensjonert, og medfører vond lukt på parkeringsplassen. Nytt toalettbygg er under planlegging.

Høgaleite (8)

Lokalisering

Høgaleite ligg etter Rv 45 i Østebødalen / Hunnedalen mellom Gjesdal og Øvre Sirdal. Det er om lag 1-1.5 times køyring frå befolkningscenterane i Sandnes og Stavanger. Høgaleite er ein viktig innfallspurt til Frafjordheiane landskapsvernområde og Stavanger turistforening sitt rutenett. Høgaleite fungerer og som innfallspurt for Bjerkereimsheiane på sørsida av dalføret.

Opplevingsverdiar

Det er svært store opplevingsverdiar knytt til det varierte landskapet i Frafjordheiane. Det er og ei lang rekke kulturminne i området.

Infrastruktur

På Høgaleitet drifter Jæren friluftsråd ein stor parkeringsplass og eit mindre toalettanlegg. Det er og om lag 350 private hytter i området, og Stavanger turistforening planlegg og bytte ei hytte for Barnas turlag. Frå Høgaleite går det merka løyper til turisthyttene Blåfjell enden (8 km) og Sandvatn (12 km). Blåfjellenden er ubetent og har 38 sengeplassar, men Sandvatn er ubetent med 46 sengeplassar.

Om vinteren er det kvista løyper frå Høgaleite til turisthyttene i området frå vinterferien til etter påske. Hunnedalen Velforening står i tillegg for oppkøyring av skiløyper inn til Øyarvatn gjennom heile vinteren.

Nåverande bruk

I 2017 hadde Blåfjellenden 1195 overnattingar, mens Sandvatn hadde 1141 overnattingar. Hyttene blir i hovudsak brukt av tilreisande fotturistar både sommar og vinter. Det er og mykje ferdsel ut frå hyttefeltet heile året.

Om det blir bygd ei ny turisthytte på staden vil truleg bruken av nærområdet auke kraftig.

Utfordringar

Toalettbygget på parkeringsplassen er gammalt og må oppgraderast. Det er heller ikkje informasjonsskilt i området som fortel at Frafjordheiane er eit verna område. Auka ferdsel vil truleg medføre erosjon på stiane og behov for mindre tilretteleggingstiltak.

Brokke-Suleskardvegen - Ådneram (9)

Lokalisering

Ådneram ligg heilt nord i Sirdal, om lag 1.30 time frå Stavanger. Området er mykje besøkt både sommar og vinter. Det ligg fleire hyttefelt omkring Ådneram som gjer at mange ferdast ut i naturen og inn i SVR områda. Forvaltninga i SVR, saman med saksbehandlar i Sirdal kommune hadde hausten 2017 ein synfaring i Ådneram angående arbeid med besøksstrategi. Vi var innom Ådneram og studera nærare kva type tilretteleggingstiltak som kan være aktuell for området og som kan passe inn i besøksstrategien for SVR.

Opplevingsverdiar

Utøving av friluftsliv er ein faktor til at mange av dei besøkande/brukarane reiser til Ådneram. Det er det landskapsmessige og dei flotte naturområda som gjer at Ådneram blir mykje bruka til tur og rekreasjon heile året. Det er mange turmoglegheiter i området samt anna aktivitet som til dømes alpinanlegg. DNT sitt løypenett startar inn Flatstøldalen som førar turgåarar inn i dei verna områda. Det går ei maskinpreppa skiløype inn Flatstøl til vernegrensa fir SVR, vidare fortsette STF si merka løype nordover i SVR. Sira-Kvina kraftselskap har merka løype frå Suleskard til kraftstasjon ved Øyarvatn som fører til ferdsel inn i SVR. Statskog har fem utleige hytter med utfart frå dette området. Turistar ved campingplassen ved Suleskard held seg for det meste i og rundt campingplassen. Brukara av alpinanlegget har ikkje påverking av ferdsle i SVR.

Infrastruktur

Ein naturleg stoppestad i Ådneram er ved Fjellbutikken, ca. 300 meter etter avkøyrsla til Brokke-Suleskard vegen. Her kan du få diverse informasjon om turmuligheter samt kjøpe kaffi eller anna mat. De er toalettfasilitetar på andre sia av vegen i forbindelse med Suleskard Camping. For dei som skal ferdast på tur nordover frå Ådneram er det knotete med parkering. Dei fleste sett bilen før bommen ved Flatstøl etter vegen. Det er berre gode parkeringsmoglegheiter for dei med fritidshytte.

Nåverande bruk

Det er om lag 600 fritidshytter omkringliggende Ådneram/Suleskard i dag. Hyttene er svært mykje i bruk, særleg vinterstid. Det er fleire populære skiturar som startar i Ådneram og Suleskard med utfart inn mot verneområde.

Kva aktivitet finnes i området i dag:

- Fritidshytter, planer om fler.
- Campingplass med hytter og campingvogner
- Ubetjent turisthytte, Stavanger Turistforeining
- Statskog utleige hytter
- Alpinanlegg
- Matbutikk
- Sira- Kvina kraftselskap sine anlegg
- Dagsturisme
- Landbruk- sauedrift

Verdiar og trugsmål

Landskapets art og karakter er sjølvstykke prega av fritidshytter og ferdsel dette førar til. Ådneram ligg i ikkje i noko hensynssoner eller leveområde for villrein, men ferdsla nord og østover kan komme i konflikt med villrein.

Utfordringar

For dagsturistar som ynskjer seg vidare nordover og inn i løypenettet til STF er det dårleg med moglegheit for parkering. Dette gjeld særleg vinterstid når det er mykje turisme på Ådneram. Det blir da parkert bilar langs anleggsvegen inn til Duge før bommen. I barmarkssesongen har forvaltningen inntrykk av at det er mange som har tilgang til den låste bommen og køyrer bil inn veggen for så å parkera.

Brokke–Suleskardvegen - Håhellervatn (9)

Lokalisering

Vegen mellom Brokke i Valle og Suleskard i Sirdal vart opna i 1990. Vegstrekninga er om lag 40 km, der høgste punktet på strekninga er på 1050 m.o.h. Veggen kryssar rett sør for Roskreppfjorden som er ein del av Sira-Kvina reguleringa. Langs veggen, og rett sør for Roskreppfjorden ligg Håheller rasteplass og informasjonspunkt.

Infrastruktur og aktivitetstilbod

Vegen er vinterstengd i perioden 1. november til 20. mai. På strekninga Suleskard – Roskrepp kraftverk vert veggen nytta av kraftselskapet fram til snøen kjem. Etter dagens krav er standarden på veggen låg, og med ein rekke møteplassar der trafikk kan passera. Ved Roskreppfjorden er det mogleg og ta ein avstikker opp til Fossbu sør i reguleringsmagasinet. Her er det og ei rampe til å sette ut båt på fjorden. Rampa stengd med bom men med tilgang for rettshavarar, leietakarar på Statskog sine hytter i området samt kraftselskapet.

Rasteplassen og informasjonspunktet ved Håhellervatn vart etablert av verneområdeforvaltninga i 2006. Den vert drifta av verneområdeforvaltninga i samarbeid med Statens Vegvesen og Sira Kvina

kraftselskap. På rasteplassen er det om lag 30 parkeringsplassar, desse er forbeholden nytta til dagparkering. I anlegget inngår også eit toalettbygg. På informasjonspunktet er det hengt opp kart og informasjonstavler for verneområdet. Det er og ei interaktiv tavle der ein kan velje mellom ein rekke fagtema. Det var tidlegare Wi-Fi dekning i området slik at ein på den interaktive tavla kunne lenke opp eksterne sider. Dette er mellombels ute av funksjon.

Vegen gir tilgang til turistforeninga sitt løypenett nordover og sørover i heia. Øyuvsbu og Håheller turisthytte ligg relativt nærme vegen, og særleg Øyuvsbu turisthytta vert særst mykje nytta av dagsbesøkande, da gjerne med utgangspunkt i opparbeida parkeringsplass ved vegen. Frå parkeringa og ned til Øyuvsbu er det om lag 1 km. Frå vegen og ned til Håheller turisthytte er det om lag 2 km.

Med unntak av parkeringa ved Øyuvsbu og rasteplassen ved Håhellervatn er det ikkje lagt til rette for parkering for ålmenta langs vegen.

Ved Monsfjell går det veg ned til Roskrepp kraftverk. Frå parkering her er det ein del båttrafikk sørover i magasinet. Det er i all hovudsak rettshavarar som nyttar denne moglegheita.



Informasjonspunktet ved Håhellervatn. Foto: SVR.

Opplevingsverdi og nåverande bruk

Vegen Brokke – Suleskard kryssar verneområdet aust-vest. Vegen går for ein stor del i høgjellsterreng, noko som gir ein stor opplevingsverdi for mange. Mange vel å ta eit kortare stopp med avstikkar ned til Håheller turisthytte og Øyuvsbu turisthytte, samt opp til dammen ved Roskreppfjorden.

Vegen er ein viktig innfallsåre for tilgang til jakt og fiskeressursar i området. Bruk av båt på Roskreppfjorden gir og tilgang til store areal kring fjorden.

Det er mykje sau på beite i områda langs vegen og vidare nordover og sørover. Sau på og langs vegen kan til tider vera ein utfordring for bilistane, men er samstundes ei oppleving for mange av dei vegfarande. I september månad går det ei stor sauedrift frå området ved Håhellervatn og ned til Kvæven i Sirdal. Dette samlar mange tilskodarar og er eit viktig innslag i Sirdalsdagane. Både vegen og Roskreppfjorden er særst viktige ferdselsårer i samband med tilsyn og sanking av sau i områda.

Skirennet Sesilåmi vert årleg arrangert i fyste halvdel av mars månad. Rennet har ei lang historie og vart fyste gong arrangert i 1976. Rennet går frå Brokke i Valle til Sinnes i Sirdal, og følgjer Brokke – Suleskardvegen fram til toppen av Kvislaskaret, vidare går den i meir sør-vesteleg retning til mål på Sinnes. Tal deltakarar varierer men har dei siste åra ligge kring 1000 deltakarar. Tre veker før rennet vert det tillate å byrje førebuande prepareringsarbeid av traseen. Løyve til arrangementet og preparering vert gjeven med vilkår om mellom anna kontakt med SNO i høve til om det er villrein i området, søppelhandtering mv.

I samband med GPS-merkeprosjektet i Setesdal-Ryfylke har ein samla mykje ferdselstal/besøktstal for vegen, turisthyttene og løypenettet. Eit oversyn over dette er samla i tabellen under (Kjelde : Ferdsel i tre fokusområder i Setesdal Vesthei, NINA mini-rapport 2015 førebels utgåve, Referat frå styringsgruppemøte GPS-merkeprosjektet 5.12.2017 Norsk Villreinsenter Sør, Presentasjon V. Gundersen i arbeidsgruppe GPS-merkeprosjektet 2017).

Strekning	Årstal	Passeringar	Merknad
Biltrafikk Brokke – Suleskardvegen. Teljepunkt ved Flåvatn. Passering i døgnet (ÅDT)	2013 2014 2017	729 824 673	3-4 passeringar pr. time om natta. +/- 60 pr. time på dagtid. Mest trafikk fredag og sundag.
Gåande på strekninga parkering Øyuvsbu – Øyuvsbu i perioden 18.6 – 3.10	2016	6579	+/- 60 passeringar pr. time. Relativt jamn fordeling gjennom veka.
Bossbu th. – Svartenut th. 18.6 – 28.10	2016	1771	
Ramsdalen, stien mot Taumevatn. 15.6 – 28.10	2013	858	Maks 60 pr. dag. Middelverdi 6 pr. dag.
Håheller th. – sørover til Busteinsvatn. 15.6. – 28.10	2013	1519	Maks 120 pr. dag. Middelverdi 11 pr. dag.
Øyuvsbu th. – austover mot Gunnarsvatn. 15.6. – 28.10	2013	2024	Maks. 95 pr. dag. Middelverdi 15 pr. dag
Øyuvsbu – sørover mot Sandvatn. 15.6. – 28.10	2013	2269	Maks. 120 pr. dag. Middelverdi 17 pr. dag

Kulturminne

Heirområda langs vegen var naturleg nok mykje nytta også tidlegare tider. Det ligg fleire gamle støylsområde langs vegen, særleg i området mellom Brokke og opp til Kvisleskardet. Sjølv om støysdrifta er lagt ned står gjerne ein del av husvera att og vert nytta i samband med sauehald, jakt, fiske mv. Det er også ei rekke eldre leger i heirområda kring vegen.

Frå gammalt har det vore mykje ferdsel mellom dei to dalføra Setesdal og Sirdal på den såkalla Skinnvegen. Den gjekk frå Evardalen på Valle-sida og vidare mot Øyuvsbu og via Håheller. På Håheller var det på 1800-talet eigen skysstasjon der dei vegfarande kunne ta inn, samt bli ferja over Håhellervatn. Eksisterande hytte på Håheller vart sett opp i 1950. I 1987 vart det gjeven som jubileumsgåve til DNT-sør.

I nærleiken av veggen finn ein fleire større Heddere som har vore nytta frå svært gamal tid og fram til byrjinga på 1900-talet. Mange av dei vart mellom anna nytta i samband med leigegjeting på slutten av 1800-talet og fram til tidleg 1900-tal. Den største og mest kjende av desse er Håhedder som og har gjeven namn til vatnet og hytta omtala ovanfor.

Av nyare kulturminne bør husvere etter Heiberg-tida nemnast. Nokre av desse ligg i rimeleg avstand frå Brokke-Suleskardvegen som Sigurdsheller og Bossfjellhytta.

Verneverdiar og trugsmål

Det er fleire hekkelokalitetar for rovfugl i nærområda til veggen, særleg på Sirdal si side av veggen. At veggen er steng fram til 20. mai er positivt i så måte mtp. på forstyrring.

Brokke – Suleskardvegen går igjennom sentrale område for villreinstammen i sør-områda i Setesdal - Ryfylke villreinområde. Område nord for veggen, og på begge sider av Roskreppfjorden vert nytta av villreinen gjennom store delar av året. Austsida av Roskreppfjorden vert nytta av alle kategoriar dyr heile året, mens på vestsida synast det å vera ei ein hovudvekt av bukk.

Brokke - Suleskardegen og tilgrensande areal har vore peika ut som eit fokusområde i samband med avslutta og pågåande GPS-merkeprosjekt for Setesdal Ryfylke (NINA-rapport 694). Dette med bakgrunn i barrieren veggen med tilgrensande aktivitet utgjør for villreinens trekkmoglegheit over veggen. Gjennom GPS-merkeprosjektet har ein dokumentert viktigheita av områda på både sider av veggen som vinterbeite for villrein. Vidare at villreinen kryssar veggen kort tid (14 dagar – 3 veker) etter at veggen vert vinterstengd. Ein har og GPS-data og røynsle som syner at villreinen ved fleire høve nærmar seg veggen frå nord i oktober månad men der kryssing av veggen vert avbroten som følgje av aktivitet på eller nær veggen. Det er grunn til å tru at barrieren for kryssing av veggen i første rekke skuldast aktivitet og ferdsel knytt til veggen og nærområda. På enkelte plassar utgjør og veggen ein fysisk barriere i seg sjølv, der autovern og vegfylling/skråning gjer kryssing.

Villreinens trekkmoglegheit nord-sør i dette heiområdet er avgrensa som følgjer av reguleringa av Roskreppfjorden og Øyarvatn. I dag kryssar dyra veggen på attverande trekkkorridor aust og vest for Roskreppfjorden, men med ein klar hovudvekt på trekk-korridoren i Øyuvsbu-området. Det er gjort ferdselsteljing som syner at strekninga frå parkeringa ved veggen og ned til Øyuvsbu er blant det mest trafikkerte stisstrekingane i landet, med 6579 passeringar i perioden 18. juni – 3. oktober. Dette gir i snitt 60 passeringar pr. dag, noko som er det dobbelte av kva som skal til før ferdsla i praksis fungerer som ein barriere.

I NINA Rapport 1221 (Besøksstrategi for Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane og Frafjordheiane V. Gundersen, O.I. Vistad 2016) er det gjort vurderingar og tilråding i høve til å balansere bruk-vern langs vegsambandet. Her går det fram at i høve til fotturisme er utfordringa i første rekke knytt til lokaliseringa av Øyuvsbu turisthytte. I rapporten vert det foreslått å flytte turisthytta til området ved Håhellervatn lenger vest. Dette området ligg i «skuggen» av andre større inngrep (reguleringsmagasin og rasteplass) og ein står såleis noko «friare» til å utvikle eit tilbod der. Flytting av hytta er eit omfattande og kostbart tiltak som vil måtte involvere mange omsyn og interesser, ikkje minst som følgje av at delar av løypenettet må flyttast tilpassa ny plassering.

Gjeven dagens ferdselsregime på vegen kan det stillast spørsmål om flytting av Øyuvsbu isolert sett vil ha ønska effekt i høve til villreinen moglegheit til å krysse vegen. Ein skal og vera medviten på kva ein faktisk bygger opp kring ei ny turisthytte ved Håhellervatn, om dette er alternativet ein vel. Vil ein til dømes kunne få såpass omfattande aktivitet i dette området at det framleis vil verka negativt inn på trekkorridoren ein flytta hytta i frå? I så fall har ein bare flytt problemet.

Det er ei målsetting at villreinen gjennom større delar av året skal kunne nytta nærområda til vegen samt krysse denne for tilgang til beiteområde i sør. Skal ein lukkast i dette er det truleg fleire tiltak som må på plass, inkludert tiltak som sikrar dyra faktisk kjem fram til vegen og kryssing vert aktualisert.

Utfordringar

- Ferdsel på vegen Brokke – Suleskardvegen og tilgrensande areal, inkludert ferdsel og aktivitet på Øyuvsbu turisthytte, er i perioden vegen er open eit hinder for at villreinen kan nytte beiteområda på kvar side av vegen og kryssing over denne.
- Som ein mykje nytta turistveg, og som utgangspunkt for ferdsel nordover og sørover i heia, er det trong tilrettelegging av parkeringsareal langs vegen. Tilrettelegging av parkering må gjerast utanom trekkområda for villrein.
- Tiltak i området råkar mange interesser og omsyn. Det vil vera særskilt krevjande å få til semje kring tiltak.

Brokke-Suleskardvegen - Brokke (9)

Lokalisering

Brokke ligg ved Brokke – Suleskardvegen (fv 337) i Valle kommune midt i Setesdal. Avstanden frå byar som Kristiansand og Arendal er 148 km og 165 km. Frå Stavanger er det 296 km. Frå Brokke og inn til vernegrensa er det om lag 7 km. Frå Brokke og over til Ådneram i Sirdal er det om lag 35 km. Vegen er vinterstengd i perioden 1. november – 20. mai.

Når det gjeld Brokke – Suleskardvegen syner ein også til eget kapittel om denne (*Brokke - Suleskardvegen med informasjonspunkt ved Håhellervatn*)

Infrastruktur og aktivitetstilbod

Brokke er det største hytteområdet i Valle med om lag 350 einingar, dei fleste av desse er høgstandardhytter. På sikt er det planar om dubling av tal einingar i området. Brokke alpinsenter ligg sentralt i området og er eit viktig aktivitetstilbod i vintersesongen.

Ved Furestøyl er det ein liten parkeringsplass og offentleg tilgjengeleg toalettanlegg. Her er det og sett opp ei større informasjonstavle om Brokke – Suleskardvegen. Det er tilgong på Wi-Fi på denne plassen. Her ligg og Brokkestøylen kafe og camping.

Det er om lag 35 km med maskinpreparerte vinterløyper i området inkludert Ijosløype på 5 km. Alle løypene kan nåast frå parkeringsplass ved alpinsenteret. Dei fleste vinterløypene går vestover og sørover på kvar side av fylkesvegen. Frå Brokke vert det kvista vinterløype inn til Øyulvsbu turisthytte (DNT-sør). Frå Myklevatn følgjer den kvista vinterløypa Brokke – Suleskardvegen

På barmark er det eit variert tilbod av turløyper i nærområda. Det er stiar til fleire av fjelltoppane i nærleiken som Løefjell, Vardefjell og Uvdalsfjell. Det er også lagt til rette med klatreruter og Via Ferrata i Løefjell.

I Evardalen vest for Brokke ligg det og eit større hytteområde med om lag 150 einingar. Bilvegen til Evardalen tar av frå fv 337 rett nord for Gaukåsen. Dette er ein sommarveg. Vinterstid parkerer dei fleste hyttefolka ved Jarnsverk og nyttar ski eller snøscooter inn til hyttene. Frå vest i Evardalen er det merka turistløype som etter kvart koplar seg på turistløypa mellom Øyuvsbu og Svartenut. Det er og bygd kring 70 hytter i områda inn mot Myklevatn.

Kvart år i mars månad vert det arrangert turrenn (Sesilåmi) frå Brokke i Valle til Sinnes i Sirdal. Traseen følgjer for ein stor del traseen for fv 337. Ta deltakarar har dei siste åra ligge på om lag 1000

Det er inga informasjon om verneområdet og verneverdiar i området Brokke. Der fv. 337 kryssar vernegrensa er det sett opp eit skilt med SVR-logo som fortel at du kjem inn i eit landskapsvernområde.

Opplevingsverdi og nåverande bruk

Hovudtyngda av brukarar er hyttefolk. Vinterstid er det også ein god del fastbuande som nyttar skiløyper og alpinanlegg. I sommarhalvåret da Brokke – Suleskardvegen er open er det mykje gjennomgangstrafikk. For trafikk frå aust er Brokke ein naturleg stopp før det køyrer vidare over til Ådneram i Sirdal.

Opplevingsverdien er i første rekke knytt til landskapsoppleving og det å kunne ta turen opp til fjelltoppar med godt utsyn. Det er gode bade- og fiskemoglegheiter i området. Det er og ein del kulturminne i området men desse er i liten grad merka og tilrettelagt for oppleving.

Verneverdiar og trugsmål

I vurderinga er det teken utgangspunkt i areala innanfor vernegrensa.

Som innfallsport til verneområdet er Brokke viktig i første rekke for trafikkantar langs Brokke – Suleskardvegen. Området ligg såpass langt utanfor verneområdet at aktiviteten i sjølve Brokke i liten grad beveg seg inn i verneområdet.

Frå lokalt hald har det vore fremma ønskje om å maskinpreparere skiløyper langs Brokke – Suleskardvegen i retning Øyuvsbu. I dag går det kvista vinterløype på vegtraseen. Vegtraseen gir fast grunn for preparering og kan preparerast på lite sno. Den vil og vera eit godt supplement til eksisterande løypenett. Frå botnen av Kvisleskardet kjem ein inn i særskilde trekkzone for villrein (sone 7 Vardsvatn – Kvislevassknuten), der det er ferdselsforbod i perioden 15. april – 20. mai. Erfaringa frå GPS-merkeprosjektet syner at villreinen raskt tar i bruk areala langs vegen og også kryssar vegen etter stenging 1. november. Verneområdestyret må ta stilling til maskinpreparering av delar av vegtraseen om det evt. vert fremma ein søknad om dette. Det er naturleg at dette i så fall skjer gjennom ein heilskapleg sti- og løypeplan for området.

Frå hyttefeltet i Evardalen og langs merka turistløype vestover er det om lag 2 km. inn til særskild trekkzone 6 Svarteløkfjellet med ferdselsforbod i perioden 15. april – 20. mai.

Utfordringar

- På sikt auka vinterferdsel inn mot viktige funksjonsområde for villrein (trekkzone og vinterbeite)
- Nå ut med informasjon til trafikkantar som skal vestover mot Sirdal. I dag er det inga informasjon om verneområde og verneverdiar

Solheimsdalen (10)

Lokalisering

Solheimsdalen ligger ca. midt i Sirdal kommune eit par kilometer øst for Tjørhom. Og er 1 ½ times køyring frå Stavanger. Området ligg utanfor SVR sine verna områder. Solheimsdalen blir tatt med inn i besøksstrategi på grunn av dei 400-500 fritidshytter på staden som medføra ein god del ferdsle heile året i merka løype til Kvinen turisthytte.

Opplevingsverdiar

Det er det landskapsmessige og dei flotte naturområda som gjer at Solheimsdalen blir mykje bruka til tur og rekreasjon heile året.

Infrastruktur

Vegen inn sjølve Solheimsdalen er asfaltert inn til Flæsebekk, mens det går ein grusveg vidare inn til Donsen. Derifrå går det sommarstid merka sti vidare inn mot Kvinen. Vinterstid blir det ikkje brøyta lengre enn Fiskebudalen og det bli her lagt til rette for ein parkeringsplass for dagsbesøkande som vil bruka den merka skiløypa til Kvinen. Vinterstid blir denne løypa maskinpreparert og med dei nærmare 500 fritidshyttene omkring er dette ei svært populær tur. Kvinen Turiststasjon som er ei naturleg turmål er nyrenovert i 2018, og ein reknar med auka besøk etter dette.. Det går ei merka løype frå Kvinen Turiststasjon vidare mot DNT hyttene Josepsbu og Gaukhei inn i SVR. Det ligg også ein campingplass og eit ferisenter lengre vest mot Tjørhom.

Nåverande bruk

Området blir bruka til tur og rekreasjon heile året stort sett av «hyttefolket» og dagsturistar som hovudsakleg kjem frå Rogaland.

Verdiar og trugssmål

Området blir brukt som beiteområde for bukk

Utfordringar

Auka ferdsel ut frå Kvinen. Med nyoppussa DNT hytte og løypenett som går vidare austover, ser vi for oss ei relativt sterk auke i bruken av området.

Det er utfordringar knytt til parkeringstilbodet for ålmenta i Solheimsdalen. Per i dag er det ca. 6-8 plassar for ålmenta på sumarparkeringa inst i Donsen og ca. 30 plassar for dagsparkering på heilårsparkeringa ved Flesebekk. Det er her behov for fleire parkeringsplassar for ålmenta og skilting av eksisterande plassar. For dei som vil gå frå hytte til hytte vinterstid, vil det nok ikkje være tilstrekkelig med dagsparkering ved Flesebekk. Det bør vera lov til å stå fleire dagar i strekk. Dette vert truleg enda meir aktuelt no, etter opning av den nye turisthytta på Kvinen.

Ljosland (11)

Lokalisering

Ljosland ligg ved Monnvassdraget nord i Åseral kommune. Frå kommunesenteret Kyrkjebygd er det om lag 22 km. eller 20 min. køyring til Ljosland. Avstanden frå større befolkningssentra som Kristiansand og Mandal er 106 og 100 km. For mange innbyggjarar langs kyststripa strekningen Lyngdal – Arendal er Ljosland saman med Bortelid ein av dei nærmaste innfallsportane til Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde. Frå hyttebebyggelsen på Ljosland og inn til vernegrensa er det om lag 3 km.

Infrastruktur og aktivitetstilbod

Det er om lag 30 fast busette på Ljosland. Området er eitt av tre større hytteområde i kommunen, med om lag 450 einingar. Dei fleste av desse er høgstandardhytter. Ljosland alpinsenter ligg i området og i tilknytning til dette ligg det og ein offentleg tilgjengeleg parkeringsplass med kapasitet på 150 bilar. Ljosland Fjellstove tilbyr overnatting og matserving. I tillegg driv dei ein mindre matbutikk i tilknytning til fjellstova.

Frå Ljosland går det merka sommarløype (DNT sør) mot nord-vest til Lakkenstova turisthytte og vidare til Kvinen turisthytte i Sirdal (23 km). Sommarløypa går etter om lag 1,5 km. forbi ei enkel grillhytte som står open for ålmenta.

Mot sør-vest går det ei merka sommarløype til Knaben i Kvinesdal kommune. Første del av denne er dei siste åra blitt utbetra med kloppar. Stien vart merka for ein god del år sidan og mange av merka er slitt vekk.

Mot nord går det merka sommarløype (DNT sør) mot Pytten gard og Gaukhei turisthytte (DNT sør). Ved Pytten kan ein og vele merka sommarløype mot Josefsbu turisthytte (DNT sør). Mange vel å nytt båttransport over Langevatn for tilkomst mot Pytten og Gaukhei. Ljosland er elles ein naturleg stoppestad for dei som går Noreg på langs.

Vinterstid vert det kvista løype nordover (DNT sør) mot Pytten og Gaukhei. Mot vest vert det maskinpreparert løyper som delvis går i verneområdet (Lakkenstova – Skore – Stigeboshei).

Ved fjellstova og på parkeringa ved alpinsenteret er det sett opp to søyler med informasjon om verneområdet. Desse vart sett opp på 2000-talet og både utforming, plassering og tilstand tilseier at desse bør fjernast/erstattast.

Ljosland er stadvis prega av vasskraftutbygging med dei store magasina Langevatn og Kvernevatn. Desse vert ført over i Skjerkavassdraget slik at vassføringa i elva Monn er monaleg redusert.

Opplevingsverdi og nåverande bruk

Hovudtyngda av brukarane er hyttefolk samt dei som nyttar Ljosland som start/stopp for løypenettet vidare inn i heia. Det er relativt få dagsbesøkande, da i hovudsak fastbuande frå andre delar av kommunen. Området må seiast å vera populært både sommar og vinter, men for hyttefolk er bruksfrekvensen klart størst vinterstid.

Fleire av gardane i Ljoslandsgrenda er i aktiv drift med mjølkekyr og sauehald. Drifta er viktig for ivaretaking av eit flott kulturlandskap med fleire verna og verneverdige gamle bygningar. På Ljosland finn ein og Ljosland fjellhage med ei stor samling av fjellplanter frå fjellområda kring. Fjellhagen vert drifta som ei stifting og der Botanisk Hage i Kristiansand har eit fagleg ansvar.

Vatn og vassdrag er viktige element i opplevingsverdien på Ljosland, dette til tross for at vasskraftutbygginga pregar området. Fleire stader er det gode bade- og fiskemoglegheiter. Geologisk og botanisk er det ikkje særskilte kvalitetar utover nemnde Ljosland fjellhage.

Fjelltoppen Skoræ (1041 moh.) ligg i verneområdet og om lag fire km. inn frå hyttefeltet på Ljosland Vest. Dette er den høgaste fjelltoppen Åseral. Skoræ er eit mykje nytt turmål både for hyttefolk og ein del fastbuande. Overslag frå 2016 og 2017 tyder på at tal besøkande stigande med 1100 i 2016 og 1300 i 2017. Hovudtyngda av ferdsel synast å vera august/september men er elles fordelt gjennom sommar og vinter.

Ljosland er innfallsporten til Pytten Fjellgard i Bygland kommune. Pytten er ein av særskilte attverande gardar i verneområdet med eit særskilt kulturlandskap og bygningsmasse. Garden vart opphavleg rydda kring 1775 og med fast busetnad fram til 1952. Merka turistløype til Gaukhei evt. Josephsbu går innom Pytten gard.

I 2016 var tal overnattingar på Gaukhei 975 og for Josephsbu 436. Tala synast å vera rimeleg stabile dei siste 5 åra. Tilsvarende tal for Lakkenstova er 1430 og her har talet vore stigande dei siste åra, mellom anna nyttar mange skuleklassar Lakkenstova til overnatting. Lakkenstova ligg bare 5 km frå Ljosland og ei populær dagsturhytte

I Ljoslandsområdet vert det for tida gjennomført ei større opprusting og utviding av eksisterande vasskraftanlegg (Åseral nord i regi av Agder Energi vannkraft). Utbygginga vil gi ny infrastruktur for ferdsel inn i heia med nye parkeringsareal i Gloppedalen ved Langevatn og med ny drifteveg inn langs Langevatn.

Verneverdiar og trugsmål

I vurderinga er det teke utgangspunkt i areala innanfor vernegrensa.

Generelt er det eit aukande problem med attgroing av kulturlandskapet kring øygardar. På garden Pytten vert det lagt ned mykje arbeid i å halde einar og bjørkeskog unna den gamle slåtte- og beitemarka.

Som omtala ovanfor er det eit godt utbygd sommar og vinterløypenett ut frå Ljosland og mykje av ferdsla er samla i desse. På seinvinteren når snøen bærer godt, oftast frå midten av mars til ut april, ser ein likevel at ein god del beveger seg utanfor preparerte og stikka vinterløyper. Omfanget av dette er vanskeleg å talfeste, men med lokalisering tett opp til store hytteområde (Ljosland og Bortelid) er potensialet stort. For ein stor del ser ein få problem med «villgåing» men det er trong for å følgje med på utviklinga i områda Viddæ – Holmevassknuten i nord-vest. Om lag kvart år er det små villreinflokkar i desse områda og seinvinteren er ein periode dei ikkje bør uroast for mykje.

Både utanfor og innanfor vernegrensa er det i Ljoslandsområdet fleire hekkelokaliteter for rovfugl som kan vera sårbare for forstyrring i hekketida.

Utfordringar

- Ein ser ein del slitasje må stiar, særleg på dei første 2-3 km ut frå hytteområda der ferdsla er størst. Opp Farstøldalen er det gjort ein god del arbeid med klopplegging over våte område.
- Vanskeleg å finne fram til startpunkt på merka sommerløype til Lakkenstova. Svært avgrensa parkeringskapasitet ved startpunkt Grønli tjønn
- Sikre at hovudtyngda av ferdsla skjer i opparbeida stiar og løyper.
- Lite/inga informasjon om verneområde og verneverdiar

Bortelid (12)

Lokalisering

Bortelid ligg ved Lognavassdraget nord i Åseral kommune. Frå kommunesenteret Kyrkjebygd er det om lag 27 km. eller 25 min. kjøring til Bortelid. Avstanden frå større befolkningssentra som Kristiansand og Mandal er 100 og 105 km. For mange innbyggjarar langs kyststripa strekningen Lyngdal – Arendal er Bortelid saman med Ljosland ein av dei nærmaste innfallsportane til Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde. Frå hyttebebyggelsen på Bortelid og inn til vernegrensa er det om lag 4 km.

Frå fylkesvegen på Bortelid går vegen vidare inn til fjellgarden Ånebjør i Bygland. Vegen er stengd med bom frå Beinsvatn.

Infrastruktur og aktivitetstilbod

Bortelid er det største hytteområdet i kommunen med om lag 1300 einingar, om lag halvparten er høgstandardhytter. Bortelid alpinsenter ligg i området og i tilknytning til dette ligg det og ein offentleg tilgjengeleg parkeringsplass med kapasitet på 150 bilar. Det er inga varme senger i området men det er eit godt tilbod for leige av private hytter. Det finnast ein matbutikk på staden og der hyttefolka står for det meste av omsetnaden. Andre tilbod i området er utleige av skiutstyr og kanoar.

Frå alpinsenteret på Bortelid går det merka sommarløype (17 km) og vinterløype (11 km.) nordover mot Gaukhei th. Det vert og maskinpreparert ein god del skiløyper både sørover, mot nord og nord-vest. I påska vert det maskinpreparert ei skiløype som går nord-vest til Pytten gard i Bygland. Sentralt på Bortelid ligg og eit skiskyttaranelegg med tilhøyrande ljosløype og konkurranseløyper. Anlegget kan og nyttast på barmark med rulleski.

I nærområda til hyttebebyggelsen er det tilrettelagt med ein del stiar. I regi av lokalt grunneigarlag er det og sett opp både grillhytter og gapahukar i tilknytning til løypenettet. Det er også godt lagt til rette for stisykling og terrengsykling fleire stader sentralt på Bortelid.

Ved butikken på Bortelid er det sett opp ei søyle med informasjon om verneområdet. Denne vart sett opp på 2000-talet og både utforming, plassering og tilstand tilseier at desse bør fjernast/erstattast.

Opplevingsverdi og nåverande bruk

Hovudtyngda av brukarar er hyttefolk. Det er og ein god del fastbuande og dagsbesøkande.

Hovudtyngda av bruk er knytt til vinterhalvåret. Det er inga gardar i aktiv drift men det går nokre beitedyr ved Bortelid gard sentralt i området.

Lognavassdraget strekninga Juvatn – Beinsvatn – Ånebjør er eit viktig landskapselement og der delar av strekninga vert mykje nytta til bading, fising og padling. Mange nytter og sykkel på vegen inn mot Ånebjør. Sjølve garden Ånebjør ligg i Bygland kommune men med naturleg tilkomst frå Bortelid. Garden er omtala i skriftlege kjelder heilt tilbake til 1647. Det er ikkje busetnad på bruket i dag men nokre av jorda kring garden vert framleis slått.

Fjelltoppen Skrivaknuten eller Skrivaren (985 m.o.h), ligg på vernegrensa og om lag 6 km. inn frå parkeringa ved alpinsenteret. Skrivaren er eit mykje nytta turmål sommar og vinter både for hyttefolk og ein del fastbuande. Om lag 1000 personar tar kvart år turen opp på Skrivaren.

Verneverdiar og trugsmål

I vurderinga er det teken utgangspunkt i areala innanfor vernegrensa.

Det er eit godt utvikla sommar og vinterløypenett på Bortelid og mykje av ferdsla er samla i desse. På seinvinteren når snøen bærer godt, oftast frå midten av mars til ut april, ser ein likevel at ein god del beveger seg utanfor preparerte og stikka vinterløyper. Omfanget av dette er likevel vanskeleg å talfeste, men med lokalisering tett opp til store hytteområde (Ljosland og Bortelid) er potensialet stort. For ein stor del ser ein få problem med «villgåing» men det er trong for å følgje med på utviklinga mot områda nordover mot Glymsknuten og Langsvatna. Om lag kvart år er det små villreinflokkar i desse områda og seinvinteren er ein periode dei ikkje bør uroast for mykje.

Både utanfor og innanfor vernegrensa er det i Bortelidområdet fleire hekkelokaliteter for rovfugl som kan vera sårbare for forstyrning i hekketida.

Utfordringar

- Ein god del slitasje på dei mest nytta stiane. Marka er ofte myrlendt noko som gjer traseane ekstra utsett. Særleg langs første del av turistløypa til Gaukhei er det trong for klopplegging og/eller omlegging. Noko av dette vert utført i 2018.
- Sikre at hovudtyngda av ferdsel skjer i opparbeida stiar og løyper
- Behov for fleire attraktive og tilrettelagte turmål i nærområda, særleg sommarstid.
- Vanskeleg å finne fram til startpunkt for merka sommarløype til Gaukhei
- Lite/inga informasjon om verneområde og verneverdiar

Knaben (13)

Lokalisering

Knaben er ein liten tettstad øvst i Kvinesdal kommune, om lag 25 km eller 30 min køyring frå Rv 44 ved Kvinlog. Knaben er den sentrale innfallsporten til dei sørlege delane av verneområda, og betener særleg fastbuande og hyttefolk.

Opplevingsverdiar

Opplevingsverdiane i området er særleg knytt til landskapet og dei mange kulturminna knytt til gruvedrift og krigshistoria.

Infrastruktur

På Knaben er det ein stor gruslagt parkeringsplass med plass til om lag 300 bilar. Det er og mindre parkeringsplassar i samband med dei ulike hyttefeltene.

På Knaben er det ein butikk, ein leirskule med heilårsdrift og eit skitrekk. Det er og eit museum med utstilling om gruvedrifta og krigshistoria i området.

Frå Knaben går det merke turstiar sørover mot Hægebostad, austover til Knaberøysa, Lordehytta og Åseral, og nordaustover til Ljosland.

Det går og merke turløyper nordover frå Knaben fram til gapahukane ved og gruva

På vinteren går det ei maskinpreparert skiløype frå Knaben til Knaberøysa.

Kvinesdal kommune satser tungt og utvikle Knaben som eit turistområde, og vil være ein viktig samarbeidspartnar i gjennomføring av tiltak i området

Nåverande bruk

Knaben er eit populært turmål for mange. Forutan brukarane av dei 500 fritidshyttene i området kjem det mange dagsbesøkande frå regionen. Hytteområda på Knaben ligg om lag 1,5 km frå vernegrensa.

Knaben er ein mykje brukt innfallspport både sommar og vinter, og skitrekket og skiløypene gjer og område attraktivt på vinterstid.

Verdiar og trugsmål

Verneverdiane knytt til landskapet vil i liten grad være truga av aktivitetane ut frå Knaben.

Områda aust for Knaben inngår i villreinstamma sitt vinterbeiteområde sjølv om dei har vore relativt lite brukt dei siste åra. Ein sterk auke i ferdsle vinterstid vil være negativt for villreinen.

Utfordringar

Flekkefjord turistforening har planar om ei ny turisthytte rett nord for Knaben Denne skal liggje utanfor verneområdet, men den vil kunne skape meir ferdsle inn i verneområdet austover mot Åseral. Det er i denne samanhengen mogleg at DNT Sør vil ønskje og utvide løypenettet sitt slik at det blir samband frå Knaben til Gaukhei, Lordehytta og Ljosland.

FLIR (fullt namn) har uttrykt ønskje om å merke stien mellom Knaberøysa og Lordehytta.

Auka ferdsel vil kunne medføre problem med erosjon og slitasje der stiane i området går over våte parti.

Langeid (14)

Lokalisering

Langeid ligg rett ved Rv 9 i Bygland kommune. Det er om lag 2 timers køyring frå befolkningscenterane i Arendal og Kristiansand.

Langeid er ein viktig innfallspport til SVR og DNT Sør sine hytter Tjønndalen og Gaukhei. Langeid er i hovudsak eit utgangspunkt for turar langs DNT Sør sitt rutenett.

Opplevingsverdiar

Det er svært store opplevingsverdiar knytt til landskapet i området. Området er og kjent for gode moglegheiter for småviltjakt og fiske.

Infrastruktur

På Langeid er det ein parkeringsplass med plass til om lag 10 bilar. Frå Langeid går den den merka løypa til DNT Sør først 7 km på grusveg og kjerreveg til den ubetente hytta Tjønndalen som har 8 sengeplassar. Vidare er det 13 km på sti til Gaukhei. Bossbu er og sjølvbetent og har 41 overnattingsplassar.

Om vinteren er det kvista løype til Tjønndalen og Gaukhei frå vinterferien til etter påske.

Nåverande bruk

I 2017 hadde Tjønndalen 216 overnattingar, men Gaukhei hadde 976 overnattingar. Hyttene blir i hovudsak brukt av tilreisande fotturistar, samt ein del jegerar om hausten.



Frå ferdselsvegen mellom Hovden og Suldal. Foto: Rune Roalkvam.

